

HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Avgrensa høyring 15. februar – 29. mars 2017 – med utvida frist til 12. mai 2017

# Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Samledokument med alle høyringsinnspel





# Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

## HØYRINGSINNSPEL

### INNSPEL FRÅ KOMMUNANE

AUSTEVOLL KOMMUNE .....	2-3
BØMLO KOMMUNE.....	4-13
ETNE KOMMUNE .....	14-23
FITJAR KOMMUNE .....	24
FUSA KOMMUNE .....	25-28
KVAM KOMMUNE .....	29-44
KVINNHHERAD KOMMUNE .....	45-49
SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND.....	50-52
SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, VEDLEGG: VURDERING AV ADVOKATFIRMA HAMMERVOLD PIND DA	
STORD KOMMUNE .....	53-58
SVEIO KOMMUNE.....	59-66
TYSNES KOMMUNE .....	67-70

### INNSPEL FRÅ STATLEGE ORGAN

FISKERIDIREKTORATET .....	72-75
FORSVARSBYGG .....	76-77
FYLKESMANNEN I HORDALAND.....	78-83
KYSTVERKET .....	84-87

### INNSPEL FRÅ NÆRINGSAKTØRAR

ALSAKER FJORDBRUK .....	89-93
FISKARLAGET VEST .....	96-100
LERØY SJØTROLL.....	101-103
SALMON GROUP .....	104-105
SJØMAT NORGE.....	106-107

### ANDRE INNSPEL

FAGRÅDET FOR ETNEVASSDRAGET.....	94-95
----------------------------------	-------

# Innspel frå kommunar





## Austevoll kommune

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

<b>Vår ref.</b>	<b>Arkivkode</b>	<b>Dykkar ref.</b>	<b>Dato</b>
17/253-17/5839JpID/MST	17/253	2014/11042	12.05.2017

### Høyringsuttale regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Austevoll formannskap handsama sak om regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger i møte 18.04.17. Det vart vedteken slik uttale i saka:

«Austevoll formannskap vil sterkt rå frå at regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (heretter omtala som planframlegget) vert vedteken slik den ligg føre, med følgjande grunngeving:

- Det er grunnleggjande motstrid mellom planframlegget og den gjeldande kommuneplanen og godkjente reguleringsplanar. I kommuneplanen er det blant anna avsett fleire område til bustad, hytte, naust og næringsverksemd som ligg under «arealsone landskapstype». I tillegg er det fleire godkjente reguleringsplanar som ligg under «arealsone landskapstype».
- I samsvar med pbl. § 8-3 skal regionale planar med retningslinjer og rammer for framtidig utbygging innehalde særskilt vurdering og skildring av planens verknader for miljø og samfunn. Gitt planframleggets openbare konsekvensar for samfunn, både knytt til busetnad og næringsverksemd, krev Austevoll kommune at det vert gjennomført konsekvensutgreiing av desse forholda, med heimel i pbl. Hordaland fylkesting kan ikkje vedta ein plan, slik den ligg føre, der konsekvensar av planframlegget, som er peika på av berørte kommunar og næringsinteresser, ikkje er gjort greie for gjennom konsekvensutgreiing.
- Austevoll formannskap ber om at planframlegget vert vurdert opp mot regionale og nasjonale planar og målsettingar for vekst og auka verdiskaping innan havbruksnæringa. Planframlegget legg ikkje opp til at det er mogleg med vekst og utvikling innan havbruksnæringa i planområdet. Ein viser samstundes til at område som er avsett til akvakultur, vest om Stolmen, er ueigna til dette føremålet.
- Austevoll kommune meiner at Hordaland fylkeskommune ikkje har oppfylt pbl. krav til «samarbeid», og understrekar at kommunen oppfattar at vedtak av ein regional plan langt på veg krev tilslutnad frå berørte kommunar.
- Planframlegget kjem i konflikt med interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland som er under utarbeiding. Kystsoneplanen går inn i strandsona, med detaljerte retningslinjer.

- Austevoll kommune peikar òg på paradokset at det er detaljerte retningslinjer knytt til naust og båthamner, medan det knapt er omtala korleis havbruksnæringa skal sikrast infrastruktur, kaiar og areal på land.
- Austevoll kommune meiner vesentlege juridiske og faktiske sider ved planframlegget må avklarast før Hordaland fylkeskommune handsamar planen vidare. Austevoll kommune viser mellom anna til at det er skapt tvil om Hordaland fylkeskommune har heimel til å drive slik planlegging som planframlegget legg opp til. Ein viser mellom anna til at arealsone landskapstype kan ha verknad etter pbl. føresegn om «omsynssoner», og er dermed eit verkemiddel som ligg til kommunal planlegging og ikkje regional planlegging. I tillegg er det skapt tvil om fylkeskommunen har heimel etter gjeldande teiknereglar for regionale planar. Austevoll kommune meiner derfor at Hordaland fylkeskommune må avklara juridiske atterhald med planframlegget før planen kan vedtakast.
- Austevoll kommune viser til at store sjø og landområde er foreslått som «arealsone landskapsområde», der ein m.a. hindrar framtidig akvakultur og inngrep på land, noko som vil ha store konsekvensar for ei av fylkets aller viktigaste næringar. Samstundes er det ikkje klart kva verknader arealsona vil ha på aktivitet på land. Austevoll formannskap meiner ei slik vurdering er heilt avgjerande, og bed derfor at Hordaland fylkeskommune avklarar verknadane av planframlegget.
- Austevoll kommune meiner til slutt at ein regional plan bør vere overordna og retningsgivande, og at Hordaland fylkeskommune ikkje skal gjere vedtak om regionale planar med detaljerte retningslinjer som tilrådd, og med plankart.

Ein viser elles til Austevoll kommunes uttale, avgitt 01.10.2015.»

Eit samrøystes Austevoll formannskap vedtok uttalen.

Med helsing



Morten Storebø  
Ordfører

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent.*



Sak nr D- Vår dato: Vår referanse:  
20.04.2017 2007/1442-5019626/2017

Vår saksbehandlar: Direkte telefonnr.: Dykkar dato: Dykkar referanse:  
Njål Gunnar Slettebø 53 42 31 32

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ BØMLO KOMMUNE PÅ AVGRENSA HØYRING AV REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER

Bømlo kommunestyret handsama avgrensa høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger i møte 27.03.2017 sak 27/17.

Kommunestyret gjorde samrøystes slikt **vedtak**:

1. Bømlo kommune meiner at framlegg til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona
2. Bømlo kommune meiner at det er positivt at planen gjev rom for vekst og kapasitetsauke i oppdrettsnæringa
3. Innspel frå oppdrettsnæringa om nye akvakulturområder må avklarast i samband med rullering av kommuneplanen for Bømlo
4. Vedkomande mønehøgde på naust.  
Høgde naust skal vera som i kommuneplanen, 5 meter målt frå ferdig golv
5. Kommunen skal inkludera viktige kaste- og låssettingsplassar som er registrert i Fiskeridirektoratet sin kartportal, i sin rullering av kommuneplanen, der dei skal synast som arealføremål fiskeri.

Med helsing  
Bømlo kommune

Njål Gunnar Slettebø  
Landbrukssjef

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*



Dato: 19.02.2017  
Arkivref: 2007/1442-4325/2017 / 501

Saksbehandlar: Njål Gunnar Slettebø  
53 42 31 32  
njal-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
29/17	Utval for areal og samferdsel	08.03.2017
27/17	Kommunestyret	27.03.2017

## AVGRENSA HØYRING AV REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bømlo kommune meiner at framlegg til regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona.
2. Bømlo kommune meiner at det er positivt at planen gjev rom for vekst og kapasitetsauke i oppdrettsnæringa.
3. Innspel frå oppdrettsnæringa om nye akvakulturområder må avklarast i samband med rullering av kommuneplanen for Bømlo.

### Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 08.03.2017

Nytt fellesframlegg frå utvalet om eit nytt pkt. 4, lagt fram av Karsten Fylkesnes (KrF):

Vedkomande mønehøgde på naust.  
Høgde naust skal vera som i kommuneplanen, 5 meter målt frå ferdig golv.

Fellesframlegget lagt fram av Karsten Fylkesnes (KrF) vart samrøystes vedteke.  
Framlegget frå rådmannen pkt. 1-3 vart samrøystes vedteke.

### Innstilling:

Utval for areal og samferdsel **innstiller** samrøystes slik overfor kommunestyret:

1. Bømlo kommune meiner at framlegg til regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona.
2. Bømlo kommune meiner at det er positivt at planen gjev rom for vekst og kapasitetsauke i oppdrettsnæringa.

3. Innspel frå oppdrettsnæringa om nye akvakulturområder må avklarast i samband med rullering av kommuneplanen for Bømlo.
4. Vedkomande mønehøgde på naust.  
Høgde naust skal vera som i kommuneplanen, 5 meter målt frå ferdig golv.

### **Saksprotokoll i Kommunestyret - 27.03.2017**

Sammy Olsen (SP) la fram eit tilleggspunkt slik:

Punkt 5.

Kommunen skal inkludera viktige kaste- og låssettingsplassar som er registrert i Fiskeridirektoratet sin kartportal, i sin rullering av kommuneplanen, der dei skal synast som arealføremål fiskeri.

Framlegget frå Sammy Olsen (SP) vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå utval for areal og samferdsel vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak:**

Kommunestyret gjorde samrøystes slikt **vedtak**:

1. Bømlo kommune meiner at framlegg til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona
2. Bømlo kommune meiner at det er positivt at planen gjev rom for vekst og kapasitetsauke i oppdrettsnæringa
3. Innspel frå oppdrettsnæringa om nye akvakulturområder må avklarast i samband med rullering av kommuneplanen for Bømlo
4. Vedkomande mønehøgde på naust.  
Høgde naust skal vera som i kommuneplanen, 5 meter målt frå ferdig golv
5. Kommunen skal inkludera viktige kaste- og låssettingsplassar som er registrert i Fiskeridirektoratet sin kartportal, i sin rullering av kommuneplanen, der dei skal synast som arealføremål fiskeri.

**Dokument i saka:**

Brev frå Hordaland Fylkeskommune av 14.02.17

Vedtak kommunestyret 28.09.15 sak 67/15

**Bakgrunn for saka:**

Kommunestyret i Bømlo gav høyringsfråsegn til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger på møte 28.09.2015.

Kommunestyret gjorde 28.09.15 SAK 67/15 samrøystes slikt **vedtak**:

1. Bømlo kommune meiner at framlegg til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger gir eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona.
2. Bømlo kommune sluttar seg til innspelet frå Aga Halibut As om at det i denne kystsoneplanen må innarbeidast meira egna areal for framtidig utvikling av lukka teknologi.
3. Innspel frå oppdrettsnæringa om nye akvakulturområder må avklarast i samband med rullering av kommuneplanen for Bømlo.
4. Bømlo kommune er samd i dei konklusjonane som er gjort i høve til programområda Regional kystsoneplanlegging, Sjøtransport og Maritim næring.
5. Bømlo kommune meiner det er viktig å presisera at det skal vera rom for vekst og kapasitetsauke i næringa, utan at dette går på kostnad av auka konfliktnivå. Noverande merdteknologi vil vera den viktigaste produksjonsmetoden i lang tid framover , samstundes som det vil skje ei kontinuerleg utvikling av ny metodikk og produksjonsformer. Det er derfor positivt at framlegget gjer rom for bruk av ny og framtidsetta teknologi.
6. Bømlo kommune viser elles til at både Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Interkommunal strandsonesoneplan for Sunnhordland er samtidig ute på høyring med høyringsfrist 1. oktober. Desse planane er ikkje harmonisert når det gjeld bruk av strandsona. Bømlo kommune meiner at dei føresegner og retningslinjer som vert gjeldande for den Interkommunale strandsonesoneplanen i Sunnhordland og må verta gjort gjeldande for denne regionale kystsoneplanen for Sunnhordland, og at framlegg til retningslinjer slik dei no ligg føre må ut av denne planen.

**I brev frå Hordaland Fylkeskommune 14.02.2017 står det:**

*Forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger var på offentleg høyring i perioden mai til oktober 2015. Det kom inn 44 skriftlege høyringsuttalar til planframlegget.*

*Planen er bearbeidd etter høyringa og har vore diskutert i prosjektgruppa og styringsgruppa. Det har hausten 2016 vore administrative møter med kommunane, fylkesmannen, fiskeridirktoratet og Sjømat Norge. Som del av prosessen har styringsgruppa i møte 10.02.2017 gått inn for at planen vert sendt på avgrensa høyring til kommunane i planområdet, relevante offentlege etatar og organisasjonar i ein periode på 6 veker.*

*Planen omfattar sjøareal og strandsoner i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes samt sjøareal i Vindafjord kommune, Rogaland. Planen inneheld fire plantema:*

- *Berekraftig kystzoneplanlegging*
- *Akvakultur*
- *Sjøtransport og maritim næring*
- *Strandsona*

*Høyringsforslaget inneheld plankart og planomtale med mål, retningslinjer, konsekvensutgreiing og handlingsprogram. Det er tilrettelagt digital kartportal for plankart og temakart. Endringane i planframlegget går fram av vedlagt notat.*

*Høyringsfrist er 29.mars 2017.*

I vedlagt Notat- endringar til avgrensa høyring står det:

## **NOTAT**

### **Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger**

#### **- Endringar til avgrensa høyring**

*Ein har i prosessen med kystzoneplanen forsøkt å etablera ein god balanse mellom bruk og vern av sjøområda. Ein del av arbeidet har vore knytt til å finne det rette nivået når det gjeld graden av detaljstyring av den arealavklaringa kommunane skal gjera i neste runde. Retningslinene og plankartet er meint å styrke kommunane i arbeidet med å finne ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar. Planen har tatt nokre konkrete grep for å avklara balansen mellom bruk og vern, samstundes er planen fleksibel, og gir kommunane handlingsrom til å vurdera lokale tilpassingar der det er hensiktsmessig.*

*I løpet av høyringsperioden kom det inn 44 skriftlege merknadar, samt konkrete tilbakemeldingar i kommunevise møter etter høyringa. Merknadane vil bli oppsummert og kommentert i ein høyringsrapport først når planen blir lagt fram til vedtak. Ein del av merknadane er konkrete arealinnspele. Desse arealinnspele er vurdert individuelt i samsvar med metode nytta i plan til høyring. Planendringane er basert på skriftlege merknadar, kommentarar og innspel i kommunevise møter, prosjektgruppemøte og styringsgruppemøter.*

#### **Endringar i planomtalen**

1. *Retningslinene er samla i eige kapittel.*

2. *Retningslinene er revidert med følgjande:*

- Betre kopling mellom plankart og retningslinene.*
- Tydleggjort verknad og rammer for planen*
- Tydeleggjering av retningslinene for arealsone landskapsområde*
- Sikra moglegheit for lokalt handlingsrom for ny teknologi og nye artar knytt til havbruksnæringa.*
- Forenkling av retningslinjer for strandsona*

3. *Konsekvensutgreiinga er samla i eige kapittel.*

4. *Metodikken nytta i planen er lagt inn i planomtalen slik at metodevedlegg i høyringsforslaget er fjerna.*

5. *Planomtalen er utvida med omsyn til referansar til retningslinene og oppdatert kunnskapsgrunnlag t.d. naturmangfaldslova, kystlynghei, anadrom fisk/vassdrag og vandringsruter.*

### **Endring i plankartet**

Omsynssonene i plankartet er erstatta med arealsoner etter Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan (KMD). Teiknereglane for regional plan er under utvikling og vert truleg revidert i løpet av 2017.

#### **1. Akvakultur:**

- a) *Oppdatering i høve til godkjente akvakulturlokalitetar per januar 2017 (kjelde: Fiskeridirektoratet) som medfører at nokre areal er teke ut, endra eller at det er lagt inn nye areal.*
- b) *Areal avsett i gjeldande kommuneplanar er inkludert i plankartet. Det er gjennomført ei vurdering for å kunne avsette større samanhengande område til akvakultur. Areala er også vurdert i tråd med same metodikk som nytta i plan til høyring. Det er nokre få kommuneplanavklarte areal som ikkje er teke med i plankartet på bakgrunn av dette.*
- c) *Nokre av arealinnspele til høyring er teke inn i plankartet. Det er gjennomført ei vurdering av innspele i tråd med same metodikk som nytta i plan til høyring.*

#### **2. Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne.**

- a) *Omsynssone for regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er erstatta med arealsone landskapsområde.*
- b) *Endring av avgrensinga slik at godkjente lokalitetar og kommuneplanføre mål til akvakultur ligg utanfor arealsone landskapsområde, med unntak av Fitjarøyane.*
- c) *Sone kring Fjelbergøy – Borgundøy er teke ut og erstatta med sone kring Romsaøyane. Sone kring Fykkesund er utvida til å også omfatte areal kring Norheimsund og Øystese.*

#### **3. Omsynssone for korallar vert endra til arealsone for naturmangfald i sjø.**

#### **4. Omsynssone for forslag til marint verneområde er teke ut av plankartet og sikra i retningslinene.**

### **Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger-høyringsutgåve 13.02.17**

*Her tek me med eit kort utdrag:*

#### **1. Innleiing.** *I planprogrammet er følgjande sett som føremål for planarbeidet:*

*Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. Planarbeidet skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.*

*Det regionale plankartet og retningslinene er retningsgivande for vidare kommunal planlegging og konsekvensutgreiing. Rettsleg bindande arealbruk vert fastlagt i den kommunale arealplanlegginga etter plan- og bygningslova.*

#### **Metode og plankart**

*Fire plantema er løfta fram i vedteke planprogram:*

- *Berekraftig kystzoneplanlegging*
- *Akvakultur*
- *Sjøtransport og maritim næring*
- *Strandsone*



For kvart tema er det definert egne delmål og retningslinjer. I medhald av forskrift for konsekvensutgreiingar, vert det stilt krav om at verknadane av planforslaget skal skildrast og vurderast. Dette er gjennomført for kvart plantema og føl som ein del av temakapittel. Den overordna konsekvensutgreiinga er samla i eige kapittel etter planomtalen.

Planlegging av kystsona etter plan- og bygningslova er i hovudsak ei oppgåve knytt til arealdisponering og prioritering mellom ulike interesser. Det er eit særskilt behov for å avklare tilhøva mellom interesser som krev eksklusiv bruk av sjøområda. Det er gjennom ei arealanalyse søkt å balansere og prioritere mellom akvakultur og andre sektorinteresser (bruk og vern).

2. **Hovudmål:** Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal – og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.

Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv.

Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

### 3. Berekraftig kystzoneplanlegging

#### 3.1 Delmål

Dei ulike interessene i kystsona skal sikrast god sameksistens. Naturressursane skal ivaretakast som grunnlag for både bruks- og verneinteresser. Verdifulle naturområde, naturmangfald, kystlandskap, kulturminne og kulturmiljø skal sikrast. Høve for allment friluftsliv skal tryggast og forbetrast.

#### 3.2. Marint naturgrunnlag. Naturtypar. Villfisk.

#### 3.3. Fiskeri

Arealbehov knytt til yrkesfiske omfattar i utgangspunktet heile kysten. Fiskarane er avhengige av å kunne følgje fiskebestandane, og dei nyttar kystareala på ein mobil og fleksibel måte. Planområdet har eit rikt fiskerimiljø og kan sjåast på som kjerneområde for kystfiske i Hordaland. Det er registrert fleire hundre fiskebåtar og yrkesfiskarar innanfor planområdet. Mange av desse båtane fiskar i havområda, men har sterk tilknytning til regionen og har behov for tilkomst og plass ved landligge. Kystfiskeflåten og sjarkfiskarar nyttar mellomanna sjøområde som ligg innafor planområdet.

Det er registrert ca. 250 fiskebåtar inntil 20 meter, ca. 40 fiskebåtar over 20 meter, samt ca. 500 yrkesfiskarar innanfor planområdet (2015 tal).

I tillegg til fartøya som driv aktivt kystfiske i området nyttar store deler av havfiskeflåten hamneområde innanfor planområdet, særleg i Austevoll og Bømlo. I planområdet er det registrert 42 fiskerihamner. Plankartet synleggjer fire større fiskerihamnar i planområdet; Salthella, Storebø og Torangsvåg i Austevoll kommune, og Hovlandshagen/Langevåg i Bømlo kommune. Med auka press på utbygging og aktivitet i strandsona må sentrale og viktige fiskerihamner takast vare på og prioriterast for fiskerinæringa. Dette omfattar både land og sjøareal. Dette er forankra i retningsline 2.19.

#### 3.7. Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne

Det er kartfesta 14 omsynssoner for regionale område for landskap, natur, friluftsliv og kultur i planområdet. Me tek med dei 3 som gjeld Bømlo:

Fitjarøyane (Fitjar og Bømlo kommune)

Børøyfjorden-Kanalane (Bømlo kommune)

*Espevær-Holsøyane*

### **3.8 Konsekvensar av planframlegget**

#### **Konklusjon:**

*Eksisterande kjent kunnskap er nytta gjennom bruk i analysar, samt føringar i plankart og retningsliner.*

*Dette har medverka til å ivareta:*

- *Kystlandskapet med verdifulle landskapsområde, mangfald av landskapstypar, verdifulle kulturminne*
- *og kulturmiljø.*
- *Trygging og forbetring av moglegheitene for allment friluftsliv.*
- *Balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar, og god sameksistens mellom dei ulike interessene*
- *i kystsona.*
- *Kunnskapsbasert planlegging og forvaltning, sikring av verdifulle naturområde, samt bruk av føre-var prinsippet.*

*Det er fastsett arealsoner knytt til regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, som vil sikre regionale verdier for dei fire tema. Det er lagt føringar for tiltak og inngrep innanfor arealsoner landskapsområde noko som gir avgrensingar for ein del næringsverksemd i desse områda. På eit overordna nivå er det lagt til rette for utvikling av lønsam og konkurransedyktig næringsliv i området, samstundes som verneinteresser er tillagt vekt. Planframlegget er vurdert til å ha positiv konsekvens ved bruk av plankart og retningsliner.*

*Eventuelle tiltak kan få negativ påverknad lokalt. Arealbruk må vurderast i samband med kommuneplanar, og balanse mellom bruk og vern må takast i vare i kommunale planar. Negative konsekvensar er i hovudsak knytt til mangelfull kunnskap, og dette er adressert som tiltak i handlingsplanen.*

*Vedtak om etablering av nye akvakulturanlegg eller utviding av eksisterande skjer gjennom sektorlovverk, og vil såleis ikkje vera ein direkte konsekvens av planframlegget. Det vil truleg ikkje vera aktuelt med utviding av produksjon/kapasitet i planområdet før ein har fått kontroll på dei største miljøutfordringane i planområdet.*

#### **4.1 Akvakultur:**

*Delmål akvakultur:*

*Akvakulturnæringa skal vere framtidsretta og konkurransedyktig gjennom ei miljømessig berekraftig utvikling innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.*

### **4.7 Konsekvensar av planframlegget:**

#### **Konklusjon:**

*Planframlegget har både positive og negative konsekvensar for akvakultur. I nokre område vert det lagt til rette for nye akvakulturområde og utviding av eksisterande, samstundes som det vert sett avgrensingar i andre område. Planframlegget gir totalt sett rom for vekst og kapasitetsauke i næringa når det eventuelt vert aktuelt å auka kapasiteten, og gir rom for bruk av ny teknologi og nye artar.*

*Planen gir opning for lokale tilpassingar, avklaringar og prioriteringar av areala som ligg i regionalplanen på kommuneplannivå. Dette omfattar både storleik på areal, lokalisering og val av*

type arealføremål. Det har ikkje vore eit mål om å regulere produksjonen eller driftsmessige tilhøve i havbruksnæringa gjennom planen, samstundes som det er klart at arealtilgang er eit viktig moment i utviklinga. Sjølv om det er sett av areal i kystsonen til akvakulturføremål, så er det anna lovverk som regulerer kor vidt området kan nyttast i oppdrettssamanheng og eventuelt kor stor produksjon som kan leggjast til dei ulike områda. Konsekvensar knytt til auka produksjon i planområdet er ikkje teke inn i denne planen.

Tilhøve kring produksjonsmengd og –kapasitet vert regulert gjennom anna lovverk enn plan- og bygningslova. Sjølv om det gjennom dette planframlegget vert lagt til rette for ein del nye område til akvakultur, samt for ei utviding av ein del eksisterande lokalitetar, vil ikkje dette automatisk medføre ein auke verken i arealbeslag eller produksjon av laks og regnbogeaure i planområdet. Planframlegget i seg sjølv har såleis ingen direkte konsekvensar som er relatert til eventuell miljøbelastning frå oppdrettsanlegg.

I praksis vil det ikkje vera tilgang på areal som i dei næraste åra set grenser for produksjonsvekst i planområdet. Dersom næringa løyser utfordringane knytt til lusesituasjonen (miljøindikator), vil det vera mogleg å auke produksjonen gjennom tilgang på meir areal, utviding av eksisterande lokalitetar, samt endring i produksjonsmetode (postsmolt). Under desse føresetnadene kan regionen ta del i den nasjonale veksten som er ønskjeleg for næringa.

Planframlegget er totalt sett vurdert å ha positive konsekvensar for akvakultur. Planframlegget ivaretek målformuleringa om at akvakulturnæringa skal vere framtidsretta og konkurransedyktig gjennom at næringa blir gitt rom for utviding, og det vert tilrettelagt for ny teknologi.

## **5.Sjøtransport og maritim næring**

### **Delmål sjøtransport og maritim næring.**

Maritim sektor skal ha gode vilkår for utvikling gjennom trygge farleier og hamneområde. Regionalt viktige næringsområde til sjø må planleggjast i eit langsiktig perspektiv og sikrast framtidige utviklingsmoglegheiter.

### **Konsekvensar av planframlegget:**

#### **Konklusjon:**

Planframlegget ivaretek interessene knytt til sjøtransport og maritim næring gjennom retningsliner, plankart og handlingsplan. Samstundes er sjøtransport og maritim næring teke omsyn til ved arealavklaring for akvakultur. Viktige regionale næringsområde ved sjø er definert i Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland, med supplering av data for Jondal, Kvam og Vindafjord. Desse områda er implementert i planframlegget. Planen legg til rette for at målet om utvikling av maritim sektor gjennom trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal vert ivaretatt.

## **6.Strandsona**

**Delmål:** Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

### **6.5 Konsekvensar av planframlegget**

Planframlegget med spissa retningsliner for strandsona ivaretek strandsona i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet. Samstundes opnar planen for utvikling og bruk av strandsona, gjennom ein balanse mellom bruk og vern. Føringsane vil medverke til å unngå uheldig utbygging.

**Vurderingar:**

I dei generelle retningslinene står det i § 2.2.:

Den regionale planen er ein overordna plan, som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve. I kommunal planlegging skal føremålsgrenser, arealkategoriar, føresegner og retningsliner tilpassast kommunalt plannivå.

Planen er difor eit grunnlag for kommunen i arbeidet med kommuneplan. Retningslinene i planen balanserer bruk og vern, og gir både handlingsrom og avgrensingar for vidare utvikling av kystsona.

Planframlegget gir totalt sett rom for vekst og kapasitetsauke i akvakulturnæringa. Vidare gir framlegget rom for ny og framtidsretta teknologi, både havgåande anlegg og lukka anlegg i skjerma område. I planen er det lagt inn område for utviding av akvakultur på vestsida av Bømlo, i område frå Espevær og nordover til Hiskjo. Dette er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak om at det skal vera rom for vekst og kapasitetsauke i næringa.

Det er ikkje sett av nye areal for akvakultur på land i planframlegget. Etablering av nye landbaserte akvakulturområde må difor vurderast i kommuneplanarbeidet i kvar einskild kommune.

I revidert plankart er alle akvakulturområde som er med i kommuneplanane teke inn i plankartet for Regional kystsoneplan. Dette gjer at plankartet no gir ein betre oversikt over eksisterande akvakulturområde og areal for utviding.

Etter rådmannen si vurdering gir revidert framlegg til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona i planområdet.

**Oppsummering og konklusjon:**

Forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger var på offentleg høyring i perioden mai til oktober 2015. Kommunestyret i Bømlo gav høyringsfråsegn i møte 28.09.2015 sak 67/15.

Fylkeskommunen har arbeidd vidare med planframlegget og revidert planframlegget er sendt ut på ein avgrensa høyring til kommunane i planområdet. Høyringsfristen er 29.03.2017.

Rådmannen meiner at revidert framlegg til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger gir eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona.

Han har difor ingen merknader til planframlegget slik det no ligg føre.



Hordaland Fylkeskommune

Etne, 10.05.2017

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Sakshandsamar:
	15/1601/17/5175	N - 501.2, Hist - 13/488	RUN

### Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Høyring. Fråsegn frå Etne kommune.

Formannskap - 028/17:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

#### Samrøystes:

1. Etne kommune sluttar seg til framlegg til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Vi registrerer at framlegget totalt sett er vurdert å ha positiv konsekvensar for akvakultur og at det vert tilrettelagt for ny teknologi. Vidare er det sagt at dersom næringa løyser utfordringane knytt til situasjonen med lakselus, vil det vere mogleg å utvide produksjonen av oppdrettsfisk i regionen. Retningslinene i andre delar av planen gir gode innspel til kommunal arealforvaltning.

2. Etne kommune er positiv til målsettingane om satsing på berekraftig akvakultur. Etne har både lakseoppdrett og villaksstammar i kommunen, og vi tar omsyn til begge delar i vår forvaltning.

3 a. Etnefjorden-Ølsfjorden har status som nasjonal laksefjord. Etnevasdraget er nasjonalt laksevasdrag og skal såleis ha eit særskilt vern. I Bern-konvensjonen har Noreg forplikta seg til å ta i vare den nordatlantiske villaksen. Dette må kome til uttrykk i regional plan. Grensa for laksefjord er ei formell grense, jf. statleg føresegn, og må visast som omsynssone i plankartet. Vi meiner såleis at det ikkje er tilrekkeleg at ho er vist på temakart s. 14. Tilhøyrande retningslineunder § 3 *Arealsoner i plankart* kan lagast utifrå føringane i den statlege føresegna.

3 b. Omsyn til villaksestammar må takast i regional plan, der ein enklare kan vurdere t.d. samla belastning frå oppdrettsnæringa enn i den einskilde konsesjonssak, jf. akvakulturanalysen og føringane i naturmangfaldlova, m.a. § 10 (*økosystemtilnærming og samlet belastning*). For Etnelaksen er vandringsvegen til havs utfordrande, m.a. i høve lakselus. For å ta omsyn til dette, bør vandringsvegen omtalast som område for lukka teknologi, jf. føringane i § 12 i naturmangfaldslova om å nytte miljøforsvarlege teknikker og



driftsmetoder. Tilhøyrande retningsline må utformast for akvakultur i § 2. Andre verkemidlar i slike område er t.d. omlokalisering av konvensjonelle anlegg i samband med strukturendringar i selskapa.

Vi syner også til konklusjon på s. 32 – Negative konsekvensar av planframlegget: *Nye areal i utløpet av Hardangerfjorden som kan ha negativ verknad på anadrom villfisk og vandringsruter. Vidare konsekvensutgreiing knytt til nye areal i viktige vandringsruter må gjerast i samband med kommunal planlegging.* Kommentar: Vandringsrutene går over mange kommunar, og regional plan må gi føringar overfor kommunane i form av retningsline og døme verkemidlar. Vi saknar her også ei oppsummering i høve til føringane i naturmangfaldslova, med særskilt henvising til dei to nemnte paragrafane § 10 og 12, jf. § 7 om at vurderingane «skal framgå av beslutningen».

4. Til retningsline 2.32: Etne kommune meiner retningslina om fritak for plankrav for inntil 3 nye naust ved fortetting av eksisterande naustområde må takast inn igjen i planen, jf. § 6.11 i tidlegare planutkast. Fortetting er i tråd med statlege planretningsliner for strandsona, for område med mindre press på areala. Det er då for strengt med absolutt plankrav så lenge tiltaka er konsekvensutgreidd i kommuneplanen og funksjonell strandsona er ivareteke. Tilsvarande unnatak for plankrav må gjerast for mindre småbåthamner, jf. § 2.37, t.d. for inntil 10 båtplassar, som ikkje vil oppta meir enn rundt 400 m<sup>2</sup> areal, om lag 1 dekar om ein tek med parkering, tilkomstveg o.l. Det er ikkje alltid småbåthamner er del av planar for hytte- og bustadområde og kan regulerast samtidig med desse.

5. Der er bygd ny kai på Fjæra i Åkrafjorden, denne kan markerast som regionalt viktig industrikai på temakart for regionale næringsområde sjø s. 37. Likeeins må ein markera nytt landbasert akvakulturanlegg i Fjæra.

Med helsing

Ragnhild Underhaug Ness  
leiar tenestetorget

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



# SAKSUTGREIING

## ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	09.05.2017	028/17

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Erik Kvalheim	N - 501.2, Hist - 13/488	15/1601

### Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Høyring. Fråsegn frå Etne kommune.

#### TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

1. Etne kommune sluttar seg til framlegg til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Vi registrerer at framlegget totalt sett er vurdert å ha positiv konsekvensar for akvakultur og at det vert tilrettelagt for ny teknologi. Vidare er det sagt at dersom næringa løyser utfordringane knytt til situasjonen med lakselus, vil det vere mogleg å utvide produksjonen av oppdrettsfisk i regionen. Retningslinene i andre delar av planen gir gode innspel til kommunal arealforvaltning.

2. Etne kommune er positiv til målsettingane om satsing på berekraftig akvakultur. Etne har både lakseoppdrett og villaksstammar i kommunen, og vi tar omsyn til begge delar i vår forvaltning.

3 a. Etnefjorden-Ølsfjorden har status som nasjonal laksefjord. Etnevassdraget er nasjonalt laksevassdrag og skal såleis ha eit særskilt vern. I Bern-konvensjonen har Noreg forplikta seg til å ta i vare den nordatlantiske villaksen. Dette må kome til uttrykk i regional plan. Grensa for laksefjord er ei formell grense, jf. statleg føresegn, og må visast som omsynssone i plankartet. Vi meiner såleis at det ikkje er tilrekkeleg at ho er vist på temakart s. 14. Tilhøyrande retningslineunder § 3 *Arealsoner i plankart* kan lagast utifrå føringane i den statlege føresegna.

3 b. Omsyn til villaksestammar må takast i regional plan, der ein enklare kan vurdere t.d. samla belastning frå oppdrettsnæringa enn i den einskilde konsesjonssak, jf. akvakulturanalysen og føringane i naturmangfaldlova, m.a. § 10 (*økosystemtilnærming og samlet belastning*). For Etnelaksen er vandringsvegen til havs utfordrande, m.a. i høve lakselus. For å ta omsyn til dette, bør vandringsvegen omtalast som område for lukka teknologi, jf. føringane i § 12 i naturmangfaldslova om å nytte miljøforsvarlege teknikker og driftsmetoder. Tilhøyrande retningsline må utformast for akvakultur i § 2. Andre verkemidlar

i slike område er t.d. omlokalisering av konvensjonelle anlegg i samband med strukturendringar i selskapa.

Vi syner også til konklusjon på s. 32 – Negative konsekvensar av planframlegget: *Nye areal i utløpet av Hardangerfjorden som kan ha negativ verknad på anadrom villfisk og vandringsruter. Vidare konsekvensutgreiing knytt til nye areal i viktige vandringsruter må gjerast i samband med kommunal planlegging.* Kommentar: Vandringsrutene går over mange kommunar, og regional plan må gi føringar overfor kommunane i form av retningsline og dømme virkemidlar. Vi saknar her også ei oppsummering i høve til føringane i naturmangfaldslova, med særskilt henvising til dei to nemnte paragrafane § 10 og 12, jf. § 7 om at vurderingane «skal framgå av beslutningen».

4. Til retningsline 2.32: Etne kommune meiner retningslina om fritak for plankrav for inntil 3 nye naust ved fortetting av eksisterande naustområde må takast inn igjen i planen, jf. § 6.11 i tidlegare planutkast. Fortetting er i tråd med statlege planretningsliner for strandsona, for område med mindre press på areala. Det er då for strengt med absolutt plankrav så lenge tiltaka er konsekvensutgreidd i kommuneplanen og funksjonell strandsone er ivareteke. Tilsvarande unnatak for plankrav må gjerast for mindre småbåthamner, jf. § 2.37, t.d. for inntil 10 båtplassar, som ikkje vil oppta meir enn rundt 400 m<sup>2</sup> areal, om lag 1 dekar om ein tek med parkering, tilkomstveg o.l. Det er ikkje alltid småbåthamner er del av planar for hytte- og bustadområde og kan regulerast samtidig med desse.

5. Der er bygd ny kai på Fjæra i Åkrafjorden, denne kan markerast som regionalt viktig industrikai på temakart for regionale næringsområde sjø s. 37.

#### **09.05.2017 Formannskap**

Siri Klokkestuen (Ap) la fram følgjande framlegg som tillegg i pkt 5:

*"Likeeins må ein markera nytt landbasert akvakulturanlegg i Fjæra."*

#### **Røysting:**

Samrøystes

#### **F- 028/17 Vedtak:**

##### **Samrøystes:**

1. Etne kommune sluttar seg til framlegg til Regional kystsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Vi registrerer at framlegget totalt sett er vurdert å ha positiv konsekvensar for akvakultur og at det vert tilrettelagt for ny teknologi. Vidare er det sagt at dersom næringa løyser utfordringane knytt til situasjonen med lakselus, vil det vere mogleg å utvide produksjonen av oppdrettsfisk i regionen. Retningslinene i andre delar av planen gir gode innspel til kommunal arealforvaltning.

2. Etne kommune er positiv til målsettingane om satsing på berekraftig akvakultur. Etne har både lakseoppdrett og villaksstammar i kommunen, og vi tar omsyn til begge delar i vår forvaltning.



3 a. Etnefjorden-Ølsfjorden har status som nasjonal laksefjord. Etnevassdraget er nasjonalt laksevassdrag og skal såleis ha eit særskilt vern. I Bern-konvensjonen har Noreg forplikta seg til å ta i vare den nordatlantiske villaksen. Dette må kome til uttrykk i regional plan. Grensa for laksefjord er ei formell grense, jf. statleg føresegn, og må visast som omsynssone i plankartet. Vi meiner såleis at det ikkje er tilrekkeleg at ho er vist på temakart s. 14. Tilhøyrande retningslineunder § 3 *Arealsoner i plankart* kan lagast utifrå føringane i den statlege føresegna.

3 b. Omsyn til villaksestammar må takast i regional plan, der ein enklare kan vurdere t.d. samla belastning frå oppdrettsnæringa enn i den einskilde konsesjonssak, jf. akvakulturanalysen og føringane i naturmangfaldlova, m.a. § 10 (*økosystemtilnærming og samlet belastning*). For Etnelaksen er vandringsvegen til havs utfordrande, m.a. i høve lakselus. For å ta omsyn til dette, bør vandringsvegen omtalast som område for lukka teknologi, jf. føringane i § 12 i naturmangfaldslova om å nytte miljøforsvarlege teknikker og driftsmetoder. Tilhøyrande retningsline må utformast for akvakultur i § 2. Andre verkemidlar i slike område er t.d. omlokalisering av konvensjonelle anlegg i samband med strukturendringar i selskapa.

Vi syner også til konklusjon på s. 32 – Negative konsekvensar av planframlegget: *Nye areal i utløpet av Hardangerfjorden som kan ha negativ verknad på anadrom villfisk og vandringsruter. Vidare konsekvensutgreiing knytt til nye areal i viktige vandringsruter må gjerast i samband med kommunal planlegging.* Kommentar: Vandringsrutene går over mange kommunar, og regional plan må gi føringar overfor kommunane i form av retningsline og dømme virkemidlar. Vi saknar her også ei oppsummering i høve til føringane i naturmangfaldslova, med særskilt henvising til dei to nemnte paragrafane § 10 og 12, jf. § 7 om at vurderingane «skal framgå av beslutningen».

4. Til retningsline 2.32: Etne kommune meiner retningslina om fritak for plankrav for inntil 3 nye naust ved fortetting av eksisterande naustområde må takast inn igjen i planen, jf. § 6.11 i tidlegare planutkast. Fortetting er i tråd med statlege planretningsliner for strandsona, for område med mindre press på areala. Det er då for strengt med absolutt plankrav så lenge tiltaka er konsekvensutgreidd i kommuneplanen og funksjonell strandsone er ivareteke. Tilsvarande unnatak for plankrav må gjerast for mindre småbåthamner, jf. § 2.37, t.d. for inntil 10 båtplassar, som ikkje vil oppta meir enn rundt 400 m<sup>2</sup> areal, om lag 1 dekar om ein tek med parkering, tilkomstveg o.l. Det er ikkje alltid småbåthamner er del av planar for hytte- og bustadområde og kan regulerast samtidig med desse.

5. Der er bygd ny kai på Fjæra i Åkrafjorden, denne kan markerast som regionalt viktig industrikai på temakart for regionale næringsområde sjø s. 37. Likeeins må ein markera nytt landbasert akvakulturanlegg i Fjæra.

## **SAKSUTGREIING:**

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

Planframlegget er ute på ny og avgrensa høyring, med høyringsfrist 12.5.17. Saksdokument ligg på:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar-under-arbeid/regional-kystzoneplan-for-sunnhordland-og-ytre-hardanger/>

Plankartet er klippet inn lenger bak i saka. Ei grundig akvakulturanalyse ligg på linken. Der er eit eget notat om endringar sidan førre høyring i 2015. Etne Elveeigarlag gav innspel med fokus på villaksen. Etne kommune gav ikkje uttale då, men vi har delteke på fleire møte og temasamlingar om planen. I alt er planforslaget resultat av ein lang og grundig planprosess.

### **Problemstilling**

For å spare tid klipper vi her inn teksten frå saksframstillinga til Stord kommune:

Planen inneheld plankart og planomtale med mål, retningsliner, handlingsprogram og konsekvensutgreiing. Planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og regional planlegging.

Planområdet omfattar sjøareal og strandsone i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, samt sjøareal i Vindafjord. Planen skal avløysa gjeldande Fylkesplan for Hordaland og Fylkesdelplan for Sunnhordland innanfor det aktuelle tematiske og geografiske området.

Planen har som formål at kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det vert lagt vekt på å leggja til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv. Det vert lagt vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

Planen omhandlar fire plantema:

- Berekraftig kystzoneplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsona

For kvart tema er det definert eigne delmål og retningsliner.

Temaet berekraftig kystzoneforvaltning omhandlar marint naturgrunnlag, fiskeri, andre bruksinteresser, friluftsliv, landskap, kulturminne, regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne og konsekvensar.

Delmålet for berekraftig kystzoneforvaltning er:

«Dei ulike interessene i kystsona skal sikrast god sameksistens. Naturressursane skal ivaretakast som grunnlag for både bruks- og verneinteresser. Verdifulle naturområde, naturmangfald, kystlandskap, kulturminne og kulturmiljø skal sikrast. Moglegheitene for allment friluftsliv skal tryggast og forbetrast.»

Temaet akvakultur omhandlar utviklingsmoglegheiter innan akvakulturnæringa, akvakulturanalyse for laks og regnbogeare, frå arealanalyse til plankart, omsyn i

arealplanlegging for akvakultur, akvakultur i plankartet og konsekvensar.

Delmålet for akvakultur er:

«Akvakulturnæringa skal vera framtidsretta og konkurransedyktig gjennom ei miljømessig berekraftig utvikling innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.»

Temaet sjøtransport og maritim næring omhandlar sjøtransport, maritime næringsområde og konsekvensar.

Delmålet for sjøtransport og maritim næring er:

«Maritim sektor skal ha gode vilkår for utvikling gjennom trygge farleier og hamneområde. Regionalt viktige næringsområde til sjø må planleggjast i eit langsiktig perspektiv og sikrast framtidige utviklingsmoglegheiter.»

Temaet strandsone omhandlar differensiert forvaltning av strandsona, arealføremål knytt til strandsona, tilhøvet mellom regional plan for kystsona og interkommunal plan for strandsona og konsekvensar.

Delmålet for strandsona er:

«Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.»

Planen er overordna og gir hovudrammene for framtidig arealbruk på eit regional nivå.

Planen med plankartet og retningslinene er retningsgivande for vidare kommunal planlegging og konsekvensutgreiing. Rettsleg bindande arealbruk og føresegner vert fastlagt i den kommunale arealplanlegginga. Det vert poengtert at den regionale planen er ein overordna plan som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve.

Planen med retningsliner vil kunna vera utgangspunkt for vurdering av motsegn frå regionale mynde.

Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innanfor planområdet vil framleis gjelda uavhengig av denne planen. Planen vil ikkje ha tilbakeverkande kraft.

Det vert peika på at god plandialog og prosess mellom lokale og regionale mynde vil auka moglegheita for at den regionale planen sine intensjonar vert følgt opp.

Fokus på berekraftig utvikling er gjennomgåande i planarbeidet, planframlegget er meint å styrkja kommunane i arbeidet med å finna god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar.

Planen sitt handlingsprogram gir for kvart tema ei grovmaske oversikt over tiltak for å kunna nå måla og retningslinene i planen. Programmet for strandsona seier m.a. at det i samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane skal utarbeidast ein rettleiar for planlegging i strandsona inkludert vidare metodeutvikling knytt til kartlegging av funksjonell strandsone og at det skal gjennomførast ei kartlegging av nye næringsområde til sjø.

Når det gjeld tilhøvet mellom denne planen og den interkommunale planen for strandsona,

så omhandlar den interkommunale planen i hovudsak strandsona med tilliggjande landareal, mens den regionale planen i hovudsak omhandlar sjøområda og interessene knytt til heile kystsona. Den interkommunale planen er endå under bearbeiding etter høyringsrunden hausten 2015, det er særleg føresegnene og retningslinene for strandsona det har teke tid å få på plass. Rådmannen merkar seg at retningslinene for strandsona i den regionale kystsoneplanen er forenkla og at dei ikkje er så detaljerte som i det opphavlege høyringsforslaget. M.a. seier retningslinene at kommunane kan differensiera strandsonevernet gjennom heilskapleg og kunnskapsbasert kartlegging og forankring av funksjonell strandsona i plan. Vidare kan det gjerast unntak frå plankravet for konkrete område som er avsett i kommuneplanen dersom dei ikkje er i strid med retningslinene og dersom verdiane i funksjonell strandsona er ivaretekne. Dette kan gjera det lettare å verta samde om malen for dei meir detaljerte føresegnene og retningslinene i den interkommunale planen.»


### **Vurdering**

Rådmannen er i det store og heile positiv til framlegget for regional kystsoneplan, og meiner det gir gode og viktige føringar for forvaltning av sjøareala og strandsona i regionen. Ein del av føringane om strandsona er kjent frå tidlegare, t.d. om naust frå Strandsonerettleiaren frå 2007 (om storleik mm).

Etne kommune har både lakseoppdrett og villaksestammar, og vi prøver å ta omsyn til begge delar i vår forvaltning. Korleis vi vektlegg våre vurderingar varierar frå sak til sak og etter føresetnadene for desse. Vi er positiv til berekraftig fiskeoppdrett, jf. statlege målsettingar. I samband med denne planen ønskjer vi på same tid å fokusere på ansvaret vi har for laksestammene våre, i særskilt grad villaksen i Etnevassdraget, som vi har eit nasjonalt ansvar for.

I tilrådinga er det teke med grunngjeving av dei einskilde punkta. Dette er ofte meir hensiktsmessig i samband med fråsegner, enn å ha grunngjevinga inne i saksdokumentet og vise til dette.

Fagrådet for Etnevassdraget (der Etne kommune er representert) vil i tillegg sende inn fråsegn med fokus på villaksen, inkl. oppdaterte tal for Etneelva om innslag av oppdrettsfisk mm. Totaltalet for fanga oppdrettsfisk i 2016 er 238 stk, 130 av desse vart tekne i fiskefella, resten vart fanga på anna vis nedom fella og gjennom organisert fiske etter sesongene. Elva har vore stengt for fiske i 4 av dei siste 6 åra, det vil bli opna i 2017. Sjå elles s. 13 og 14 i planen om villfisk og omtale av Etneelva.



**Saksgang: Formannskapet**

Utskrift til: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

**Fra:** Bente Fitjar (Befi@fitjar.kommune.no)  
**Sendt:** 11.05.2017 14:13:11  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:**

**Emne:** Høyringsfråsegn, 2014/11042 - frå Fitjar kommune

**Vedlegg:** image001.png

**Fitjar kommune gir fylgjande uttale til forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger:**

Fitjar kommune ser at det er mange viktige strategiar og punkt i forslaget som ein kan slutta seg til, men og fleire punkt der me er usamde med forslaget.

Fitjar kommune vil gå imot forslaget til arealsoner og overordna arealkart, då det ikkje er heimel for dette i regelverket/ av arealpolitiske årsaker.

Dersom dette likevel blir vedteke:

- Føreset Fitjar kommune at kartet ikkje skal vera juridisk bindande, og planen skal ikkje gje grunnlag for motsegn.
- Fitjar kommune vil og krevja at eksisterande næringsområde innanfor arealsone landskap kan nyttast vidare, og dersom tilhøva elles ligg til rette for det, kan det gjerast flytting/utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området.

Fitjar kommune krev at kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar, og til eksisterande teknologi/artar når dette er formålstenleg for utvikling av eksisterande næringar, og verksemder i kommunen (positiv samfunnsverknad).

Fortøyningar til akvakulturanlegg må kunna gå utanom avsette område til akvakultur så lenge dei tilfredsstillar nasjonale krav til slike fortøyningar.

Fitjar kommune føreset at Interkommunal Strandsoneplan sine reglar skal vera styrande for kystsoneplanen, og ikkje omvendt.

Fitjar kommune har merknader til fylgjande punkt i framlegget: §§ 1.2, 1.3, 1.4, 2.16, 2.22, 2.27, 2.38, 2,40, 3.1.2, 3.3.2, 3.3.6. 3.5.1. Ein viser til grunngjeving i drøftinga ovanfor.

-----  
Saka er handsama i Fitjar formannskap 19.04.17, og Fitjar kommunestyre 26.04.17. Fullstendig sakstilfang er å finna her: <http://www.fitjar.kommune.no/politikk/innkallingreferat/kommunestyret>

Med venleg helsing

**Bente Fitjar**

Møtesekretær

Tlf: 53 45 85 45

**Fitjar kommune** • fitjar@fitjar.kommune.no  
Tlf 53 45 85 00 • www.fitjar.kommune.no



Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga

**Vår dato**  
05.05.2017

**Uttale til Regional kystsoneplan og Ytre Hardanger - Fusa kommune  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Uttale til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger vert vedteke slik den ligg føre i saka.

**Kommunestyret 27.04.2017:**

**KOM- 031/2017 Vedtak:**

Fusa kommune vedtek uttalen frå utval for plan og miljø med følgjande endringar:

1.1 retningslinjene til planen må punkt 1.3 som motsegnrett takast ut av planen.

2. Punkt 2.16 i retningslinjene må endrast slik: Kommunen har mulighet til å tildela sjøareal til havbruksføremål når dei finn det tenleg utan at det føreligg teknologiske nyvinningar eller at området skal øyremerkast til nye artar.

3. Punkt 3.5 må endrast slik: Fortøyningar kan leggest i areala som er karakterisert som sjø- og vassdrag generelt og slik at framtidig utviding av AK område gjennom kommuneplanvedtak kan gjerast i desse områda.

**Utval for plan og miljø 20.04.2017:**

**Handsaming:**

Eit samla utval arbeidde seg gjennom eit høyringsutkast som administrasjonen hadde førebudd til møtet. Utvalet slutta seg samrøystes til framlegget og vil tilrå dette for kommunestyret.

**UPM- 036/2017 Vedtak:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Uttale til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger vert vedteke slik den ligg føre i saka.



## Uttale til Regional kystsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger

Fusa kommune ser store fordelar med at det er utarbeidd ein regional plan for kystsona. Planen vil kunne nyttast som kunnskapsgrunnlag inn i lokale planarbeid, og gjev mykje god og oppdatert informasjon om dei ulike vern- og bruksinteressene. Retningslinene gjev oss eit godt grunnlag for lokal tilpassing og planlegging for sjø og strandområda.

### 1. Kommenterar til innleiing

Føremålet med den regionale planen er å sikre berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger. Fusa ligg opp mot Midthordland, og det er slik sett forståeleg at ikkje heile Bjørnefjorden er med. For forvaltninga av sjøarealet i Bjørnefjorden – og med tanke på kommunesamanslåinga av Os og Fusa fram mot 2020 - meiner vi det likevel ville ha vore gunstig om heile dette fjordsystemet( inkludert sjøarealet i Samnanger) var inkludert i den regionale planen.

Når Fusa no skal arbeide med akvakulturplan for halve fjorden, og i den samanheng har blitt bede om å ta omsyn til heile fjordsystemet under eit, ser ein at ulikskap i kunnskapsgrunnlaget kan verte ei utfordring for utarbeiding av lokal plan. Det er bra at føringer og retningslinjer frå den regionale planen skal utdjupast i kommunale planar. Dette tolkast som rom for lokale tilpassingar.

I prosessen har det vore gjennomført fleire opne møte, og Fusa har delteke på nokre av dei. Det har samstundes vore arbeidd med ein interkommunal strandsoneplan som grunnlag for arbeid med kommunale strandsoneplanar. Det har vore lagt opp til og gjennomført samarbeid og informasjon i arbeidet med kystsonesplanen, men det har likevel vore noko utfordrande å vidareformidle/setja seg inn i virkeområda til dei ulike planane på lokalt nivå. Dette kan ha virka noko begrensande med tanke på lokal medverknad.

### 2. Kommenterar til hovudmål

Det er bra at ein fokuserer på berekraftig utvikling i sjø og strandsone. Lokalt i Fusa er det eit mål i kommuneplanen om å tilretteleggja fleire gode byggeområde til bustad, fritidsbustad, naustklynger, enkeltnaust og næringsareal i og med nærleik til strandsona, og hovudmålet «berekraftig utvikling» kommuniserer at det skal vera utvikling.

### 3. Berekraftig kystsonesplanlegging

Det er positivt at føringane gitt i planen skal tilpassast dei lokale tilhøva i kvar kommune med omsyn til arealbruk og lokale, politiske prioriteringar.

Kapittelet gjev mykje god informasjon om dei ulike interessene og ei god beskriving av situasjonen rundt bruk og vern, marint naturgrunnlag, fiskeri, andre bruksinteresser, friluftsliv, landskap og kulturminne. Det er òg gjort ei rekke refleksjonar her som kan vere gode å ha med seg i lokal planlegging. Temakart er informativt.

Positive konsekvensar: Informasjonen i denne tabellen vil vera nyttig som del av kunnskapsgrunnlag for lokal planlegging. Det er òg nyttig at det står at det er trong for td. oppdatert kunnskap kring villfisk og naturgitte tilhøve, låsetjingsplassar og fiskerihamnstruktur, då dette gjer oss merksam på eventuelle lokale utfordringar.

Det er bra at det vert kasta lys over potensielle utfordringar knytt til fleire akvakulturområde og andre tekniske inngrep.

#### **4. Akvakultur**

Planen har eit særskilt fokus på akvakultur. Dette er svært positivt for Fusa som er i gang med kommunedelplan for akvakultur. Det er bra at planframlegget gir rom for vekst og kapasitetauke i næringa, og at det er rom for ny teknologi og nye artar. Det er positivt at planen gir rom for lokale tilpassingar, avklaringar og prioriteringar av areala på kommuneplannivå – og vi opplev at planen kan vera eit retningsgjevande verktøy.

Næringa er i endring, og område som tidlegare var i bruk og som ein har gått bort i frå - eller som ikkje har vore eigna til akvakultur tidlegare, kan kanskje vurderast på ny med bruk av nyare teknologi (t.d. lukka anlegg som treng skjerming frå brå sjø).

#### **5. Sjøtransport og maritim næring**

Det er ikkje vurdert behov for nye næringsområde i den regionale planen. Fusa kommune har nyleg starta ein prosess for å utvikle eit større næringsareal ved sjø på Samnøy, og har drøfta dette i planforum. Det er i hovudsak tømmerkai som har vore utgangspunktet for nytt næringsareal her, men planprosessen siktar på eit større næringsareal i bakland. Farleia ligg midtfjords i kommunegrensa mot Os, og området er meint å uttransportere tømmer frå store delar av regionen. Dette vil støtte opp under målsetnaden om å flytte meir transport frå veg til sjø, og vil vera i tråd med retningslinjene for sjøtransport og maritim næring.

Det er viktig at farleia i Bjørnefjorden ikkje får begrensningar som konsekvens av ei mogeleg brukryssing som då vil få negativ effekt på det overordna målet om å flytte transport frå veg til sjø.

#### **6. Strandsone**

Her finn vi mykje god informasjon og avklarande tema om planarbeid i strandsona. Det er i allmenn interesse at tiltak i strandsona som hovudregel er omfatta av plankrav, men det er og bra at det er gitt opning for mindre utbygging utan plankrav. Dette legg meir ansvar på byggesaksnivå, men gir rom for lokal tilpassing og skjønn.

Det er positivt at det vert oppmoda til at naust kan ha ulik form, fare og materialbruk, og at bustader ikkje skal byggjast innafor område kartlagt som funksjonell strandsona. Dette bidreg til å ivareta strandsona for ålmenta samstundes som det i mange område vil vera mogeleg å byggje nærare sjø. Dette er viktig for Fusa.

## 7. Retningslinjer

Retningslinjene skal nyttast inn i lokal planlegging, og det er positivt at det er rom for lokale tilpassingar. Dei generelle retningslinjene er knytt til kapittel 3 og gjeld for alle tema, medan føresegn 2.14 og utover gjeld særskilt arealbruk.

Det vil vera behov for å gje dispensasjonar i ulike tilhøve, sjølv om utvikling som hovudregel bør skje på bakgrunn av ein plan. Det er flott at retningsline 1.5. gjer oss merksamme på at dispensasjonar skal følgje opp mål og retningslinjer i regional plan. Dette skapar ei foventing om kva kommunane vil kunna få til innafør rammene av den regionale planen, sjølv om ikkje alltid lokale planverk er oppdaterte. Retningslinjene bidreg til å styrke regional og lokal strandsonopolitikk samstundes som dei gjev god informasjon om korleis ulike bruksinteresser og arealføremål skal handsamast konkret i planlegginga.

## 8. Handlingsprogram

Handlingsplanen viser oversikt over tiltak som må gjennomførast for å kunne nå måla fastlagt i planen. Mellom anna er det knytt ansvar til kommunane når det gjeld kartlegging av nye næringsområde i sjø og utarbeiding av rettleiar for planlegging i strandsona inkludert metode for funksjonell strandsoner (FS). Fusa kommune har allereie kartlagt FS som del av kommuneplanarbeidet i 2013, og nye næringsområde i sjø vil verte ein del av arbeidet med kommunedelplan for akvakultur. Slik sett ser vi at Fusa kan bidra til å følgje opp nokre av måla.

## 9. Samla konsekvensar av planforslaget

Det er bra at planen ikkje avdekkjer særskilde nye risikomoment eller fareområde som treng tiltak, og det er gunstig for dei involverte kommunane at planen oppdaterer eksisterande registreringar og samstundes avklarar behovet for ny kunnskap. Det er eit viktig signal til både administrasjon og politikarar på kommunenivå at ein kastar ballen vidare til oss, der vi igjennom lokale planar kan gjerje lokale tilpassingar med bakgrunn i den regionale planen.

Helsing

Helle Holte Bruland  
arealplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Politisk handsaming - koommunestyrevedtak Fusa  
kommune

1352524

05.05.2017

### Mottakar:

Hordaland fylkeskommune      Regionalavdelinga



Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

Vår ref.  
16/1338-5/N - 101.4/JONE

Dykkar ref.

Dato:  
25.03.2017

## **Ny høyringsuttale frå Kvam herad til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger**

Viser til avgrensa høyring på regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Kvam herad har gjort fylgjande vedtak i HST-sak 015/17;

*Kvam herad er positive til arbeidet med regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som legg til grunn ei balansert og berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.*

*Kvam herad har fylgjande innspel til planen:*

*Pkt. 1. Området i Ålvik, jf. vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur, i frå Seianeset til Kjespo, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar.*

*Pkt. 2. Området i mellom Fyksesund, Kvamsøy, Øystese og Norheimsund, (frå Nanes til Krossnes) jf. vedlagt kart (område 2) vert vist som regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, der det ikkje er høve til etablering av akvakultur.*

*Pkt. 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes. Dette området går ut.*

*Pkt. 4. Området (jf. vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.*

*Pkt. 5. Området (jf. vedlagt kart, område 4) for akvakultur ved Aplavika/Lingaholmane vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Strandebarm og ved Lingaholmane. Området vert utvida sørover som vist på kartet.*

*Fleirbruksområde inklusiv botnkultur innafor holmane må vurderast som ein del av kystsoneplanen*

*Pkt. 6. Fleirbruksområdet (jf. vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta (innanfor tømmerkai, Nes og innerstedel av hyttefelt, Furhovde) Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga av landskap og Kvam herad sine ynskje om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.*

*Pkt. 7. Fleirbruksområdet i frå Årsnes (mellom Dysvik og Oma) til kommunegrensa (jf vedlagt kart, område 6). I området ved Gravdal, bør akvakultur gå ut pga. dei nære kvalitetane og verdiane i strandsonen.*

*Pkt. 8. Kvam herad støttar område for marint verneområde/ korallar ved Horjona.*

*Pkt. 9. Heile området vist som område (jf. pkt. 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.*

*Pkt. 10. Området for akvakultur, jf. ventemerde ved slakteriet på Bakka, må vera av eit slikt omfang at det tilfredsstillar arealet som er under regulering i sjø.*

*Pkt. 11. Ta med setjefiskanlegg på land også i plankartet.*

*Pkt. 12. Støtte til handlingsprogrammet om å registrera sjøbruksmiljø i Kvam herad.*

*Pkt. 13. Ta med «Ytre Hardanger», jf. mellom anna side 40, der det har falle ut av planen, og der det er naturleg å ta inn i planen.*

*Pkt. 14. For alle områder der det er stor djupne, må fortøyingszone komma i tillegg.*

*Pkt. 15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med som industrikai regionalt viktig, under tema «Regionalt viktige næringsområde ved sjø».*

Helsing

**Jon Nedkvitne**

Samfunns- og utviklingssjef

Telefon: 56553021

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Mottakarliste:**

Hordaland

Pb 7900

5020

BERGEN

Fylkeskommune

**Vedlegg**

**Tittel**

<b>Vedlegg</b>	<b>Tittel</b>
25.03.2017	Ny høyringsuttale frå Kvam herad til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
25.03.2017	SKM_C454e15090318420
25.03.2017	HST sak 15 2017. Høyringsuttale frå Kvam herad til regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	08.03.2017	009/17
Kvam heradsstyre	21.03.2017	015/17

Avgjerd av:	Arkiv: N - 101.4	Arkivsaknr
Saksh.: Nedkvitne, Jon	Objekt:	16/1338 - 3

### Ny høyringsuttale frå Kvam herad til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

#### *Behandling i politiske utval:*

#### **08.03.2017, FSK- 009/17 Vedtak:**

*Kvam herad er positive til arbeidet med regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som legg til grunn ei balansert og berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.*

*Kvam herad har fylgjande innspel til planen:*

*Pkt. 1. Området i Ålvik, jf. vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur, i frå Seianeset til Kjespso, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar.*

*Pkt. 2. Området i mellom Fyksesund, Kvamsøy, Øystese og Norheimsund, (frå Nanes til Krossnes) jf. vedlagt kart (område 2) vert vist som regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturmine, der det ikkje er høve til etablering av akvakultur.*

*Pkt. 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes, som ikkje er i konflikt med skipsleia, vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.*

*Pkt. 4. Området (jf. vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.*

*Pkt. 5. Området (jf. vedlagt kart, område 4) for akvakultur ved Aplavika/Lingaholmane vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til*

*viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Strandebarm og ved Lingaholmane. Området vert utvida sørover som vist på kartet.*

*Fleirbruksområde inklusiv botnkultur innafor holmane må vurderast som ein del av kystsoneplanen*

*Pkt. 6. Fleirbruksområdet (jf. vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta (innanfor tømmerkai, Nes og innerstedel av hyttefelt, Furhovde) Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga av landskap og Kvam herad sine ynskje om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.*

*Pkt. 7. Fleirbruksområdet i frå Årsnes (mellom Dysvik og Oma) til kommunegrensa (jf vedlagt kart, område 6). I området ved Gravdal, bør akvakultur gå ut pga. dei nære kvalitetane og verdiane i strandsonen.*

*Pkt. 8. Kvam herad støttar ikkje område for marint verneområde/korallar ved Horjona, dette bør fortsatt visast som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.*

*Pkt. 9. Heile området vist som område (jf. pkt. 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.*

*Pkt. 10. Området for akvakultur, jf. ventemerde ved slakteriet på Bakka, må vera av eit slikt omfang at det tilfredstiller arealet som er under regulering i sjø.*

*Pkt. 11. Ta med setjefiskanlegg på land også i plankartet.*

*Pkt. 12. Støtte til handlingsprogrammet om å registrera sjøbruksmiljø i Kvam herad.*

*Pkt. 13. Ta med «Ytre Hardanger», jf. mellom anna side 40, der det har falle ut av planen, og der det er naturleg å ta inn i planen.*

*Pkt. 14. For alle områder der det er stor djupne, må fortøyingssone komma i tillegg.*

*Pkt. 15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med som industrikai regionalt viktig, under tema «Regionalt viktige næringsområde ved sjø».*

**Saksordførar: Heidi Ørjansen, Sp**

**21.03.2017, HST- 015/17 Vedtak:**

*Kvam herad er positive til arbeidet med regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som legg til grunn ei balansert og berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.*

*Kvam herad har fylgjande innspel til planen:*

*Pkt. 1. Området i Ålvik, jf. vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde, inklusiv*



akvakultur, i frå Seianeset til Kjespso, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar.

Pkt. 2. Området i mellom Fykkesund, Kvamsøy, Øystese og Norheimsund, (frå Nanes til Krossnes) jf. vedlagt kart (område 2) vert vist som regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturmine, der det ikkje er høve til etablering av akvakultur.

Pkt. 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes. Dette området går ut.

Pkt. 4. Området (jf. vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.

Pkt. 5. Området (jf. vedlagt kart, område 4) for akvakultur ved Aplavika/Lingaholmane vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Strandebarm og ved Lingaholmane. Området vert utvida sørover som vist på kartet.

Fleirbruksområde inklusiv botnkultur innafor holmane må vurderast som ein del av kystsonen

Pkt. 6. Fleirbruksområdet (jf. vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta (innanfor tømmerkai, Nes og innerstedel av hyttefelt, Furhovde) Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga av landskap og Kvam herad sine ynskje om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.

Pkt. 7. Fleirbruksområdet i frå Årsnes (mellom Dysvik og Oma) til kommunegrensa (jf vedlagt kart, område 6). I området ved Gravdal, bør akvakultur gå ut pga. dei nære kvalitetane og verdiane i strandsonen.

Pkt. 8. Kvam herad støttar område for marint verneområde/ korallar ved Horjona.

Pkt. 9. Heile området vist som område (jf. pkt. 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

Pkt. 10. Området for akvakultur, jf. ventemerde ved slakteriet på Bakka, må vera av eit slikt omfang at det tilfredsstillar arealet som er under regulering i sjø.

Pkt. 11. Ta med setjefiskanlegg på land også i plankartet.

Pkt. 12. Støtte til handlingsprogrammet om å registrera sjøbruksmiljø i Kvam herad.

Pkt. 13. Ta med «Ytre Hardanger», jf. mellom anna side 40, der det har falle ut av planen, og der det er naturleg å ta inn i planen.

Pkt. 14. For alle områder der det er stor djupne, må fortøyingszone komma i tillegg.

Pkt. 15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med som industrikai regionalt viktig, under tema «Regionalt viktige næringsområde ved sjø».

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kvam herad er positive til arbeidet med regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som legg til grunn ei balansert og berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.

Kvam herad har fylgjande innspel til planen:

Pkt. 1. Området i Ålvik, jf. vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur, i frå Seianeset til Kjespso, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar.

Pkt. 2. Området i mellom Fyksesund, Kvamsøy, Øystese og Norheimsund, (frå Nanes til Krossnes) jf. vedlagt kart (område 2) vert vist som regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturmine, der det ikkje er høve til etablering av akvakultur.

Pkt. 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes, som ikkje er i konflikt med skipsleia, vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

Pkt. 4. Området (jf. vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.

Pkt. 5. Området (jf. vedlagt kart, område 4) for akvakultur ved Aplavika/Lingaholmane vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Strandebarm og ved Lingaholmane. Området vert utvida sørover som vist på kartet.

Fleirbruksområde inklusiv botnkultur innafor holmane må vurderast som ein del av kystsonenplanen

Pkt. 6. Fleirbruksområdet (jf. vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta (innanfor tømmerkai, Nes og innerstedel av hyttefelt, Furhovde) Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga av landskap og Kvam herad sine ynskje om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.

Pkt. 7. Fleirbruksområdet i frå Årsnes (mellom Dysvik og Oma) til kommunegrensa (jf vedlagt kart, område 6). I området ved Gravdal, bør akvakultur gå ut pga. dei nære kvalitetane og verdiane i strandsonen.

Pkt. 8. Kvam herad støttar ikkje område for marint verneområde/korallar ved Horjona, dette bør fortsatt visast som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

Pkt. 9. Heile området vist som område (jf. pkt. 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

Pkt. 10. Området for akvakultur, jf. ventemerde ved slakteriet på Bakka, må vera av eit slikt omfang at det tilfredstiller arealet som er under regulering i sjø.

Pkt. 11. Ta med setjefiskanlegg på land også i plankartet.

Pkt. 12. Støtte til handlingsprogrammet om å registrera sjøbruksmiljø i Kvam herad.

Pkt. 13. Ta med «Ytre Hardanger», jf. mellom anna side 40, der det har falle ut av planen, og der det er naturleg å ta inn i planen.

Pkt. 14. For alle områder der det er stor djupne, må fortøyingssone komma i tillegg.

Pkt. 15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med som industrikai regionalt viktig, under tema «Regionalt viktige næringsområde ved sjø».

### **Samandrag:**

Planprogrammet for planen vart vedteke i Hordaland Fylkesutval 24. april 2013 og i Rogaland Fylkesutval 18. januar 2014. Planframlegget var på offentleg høyring i begge fylka frå mai 2015 – oktober 2015, og er no på ei avgrensa høyring til kommunane i planområdet, relevante offentlege etatar og andre organisasjonar. Høyringsfrist er 29.mars.

Fokus for planarbeidet er å sikre god sameksistens i kystsona og berekraftig arealbruk knytt til bruk og vern. Planen skal førebyggje konflikter ved å ta kvalifiserte val basert på kunnskap og politiske prioriteringar. Utfordringa med kystsonoplanlegging er at dei ulike interessene sin arealbruk varierer frå sameksistens i tid og rom til eksklusiv og sær eigen bruk. Dette gjer kystsonoplanlegging til ei kompleks og samansett oppgåve, der behovet for heilskapleg tilnærming på tvers av sektor- og kommunegrenser er tydeleg.

Planen har eit tidsperspektiv på tolv år. Behov for planrevisjon vert vurdert kvart 4. år i regional planstrategi. Det er utarbeida handlingsplan for gjennomføring av planen. Handlingsplanen skal rullerast årleg, med vurdering av behov for hovudrevisjon kvart 4. år.

Planen er overordna og gir hovudrammene for framtidig arealbruk på eit regionalt nivå. Regional kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger sine føringar skal utdjupest vidare i juridisk bindande kommunale planar.

Hovudtema i planen er berekraftig kystsonoplanlegging, akvakultur, sjøtransport/maritim næring og strandsone.

Planområdet omfattar sjøareal og strandsone i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, samt sjøarealet i Vindafjord kommune.

Då planframlegget var ute til høyring i 2015, vedtok Kvam heradsstyre høyringsuttale i HST-sak 065/15 (HST- møtet 06.10.2015). I denne avgrensa høyringa, vel rådmannen å føreslå dei same innspelspunkta som ved førre høyringsuttale. I tillegg vert tilhøyrande kart lagt ved. Dei innspela som allereie er teke omsyn til blir dermed forsterka, samstundes som Kvam herad på ny bed om at dei andre innspela vert teke inn i planen.

#### **Vedlegg i saka:**

<b>Dok.id</b>	<b>Tittel</b>
540428	Notat - endringar til avgrensa høyring
540427	Plankart regional kystsoneplan
540426	Planomtale regional kystsoneplan
540422	Avgrensa høyring av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
491274	SKM_C454e15090318420
488424	Høyringsuttale frå Kvam herad til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

#### **08.03.2017 Kvam formannskap**

**Framlegg frå Kari Mostad, MDG:** som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endring i :

Pkt. 1.: Seineset v/ Ålvik

Pkt. 3.: Utviding for Kvamsøy retning

Pkt. 8.: Marint verneområde/ Korallar

Pkt. 9.: Ytre Ålvik

Borghild Storaas Ones, Ap: som rådmannen sitt framlegg til vedtak

#### **Saka vart handsama rett etter sak 007/17**

#### **Røysting:**

Kari Mostad, MDG sitt framlegg vart sett opp mot Borghild Storaas Ones, Ap sitt framlegg.

Kari Mostad, MDG sitt framlegg fekk 1 røyst og fall. Borghild Storaas Ones, Ap sitt framlegg fekk 8 røyster og vart vedteke.

#### **FSK- 009/17 Vedtak:**

Kvam herad er positive til arbeidet med regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som legg til grunn ei balansert og berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.

Kvam herad har fylgjande innspel til planen:

Pkt. 1. Området i Ålvik, jf. vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur, i frå Seianeset til Kjespso, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar.

Pkt. 2. Området i mellom Fyksesund, Kvamsøy, Øystese og Norheimsund, (frå Nanes til Krossnes) jf. vedlagt kart (område 2) vert vist som regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturmine, der det ikkje er høve til etablering av akvakultur.

Pkt. 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes, som ikkje er i konflikt med skipsleia, vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

Pkt. 4. Området (jf. vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.

Pkt. 5. Området (jf. vedlagt kart, område 4) for akvakultur ved Aplavika/Lingaholmane vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Strandebarm og ved Lingaholmane. Området vert utvida sørover som vist på kartet.

Fleirbruksområde inklusiv botnkultur innafor holmane må vurderast som ein del av kystsoneplanen

Pkt. 6. Fleirbruksområdet (jf. vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta (innanfor tømmerkai, Nes og innerstedel av hyttefelt, Furhovde) Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga av landskap og Kvam herad sine ynskje om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.

Pkt. 7. Fleirbruksområdet i frå Årsnes (mellom Dysvik og Oma) til kommunegrensa (jf vedlagt kart, område 6). I området ved Gravdal, bør akvakultur gå ut pga. dei nære kvalitetane og verdiane i strandsonen.

Pkt. 8. Kvam herad støttar ikkje område for marint verneområde/korallar ved Horjona, dette bør fortsatt visast som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

Pkt. 9. Heile området vist som område (jf. pkt. 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

Pkt. 10. Området for akvakultur, jf. ventemerde ved slakteriet på Bakka, må vera av eit slikt omfang at det tilfredstiller arealet som er under regulering i sjø.

Pkt. 11. Ta med setjefiskanlegg på land også i plankartet.

Pkt. 12. Støtte til handlingsprogrammet om å registrera sjøbruksmiljø i Kvam herad.

Pkt. 13. Ta med «Ytre Hardanger», jf. mellom anna side 40, der det har falle ut av planen, og der det er naturleg å ta inn i planen.

Pkt. 14. For alle områder der det er stor djupne, må fortøyingszone komma i tillegg.

Pkt. 15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med som industrikai regionalt viktig, under tema «Regionalt viktige næringsområde ved sjø».

**Saksordførar: Heidi Ørjansen, Sp**

## **21.03.2017 Kvam heradsstyre**

### **Framlegg frå Frode Nygård, Frp:**

Pkt. 1. Området i Ålvik, jf. vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde. Området skal brukast til akvakultur i tråd med retningslinene for «grøne konsesjoner» eller ny alternativ berekraftig drift av oppdrett med mål om nullutslepp.

Pkt. 2. Området i mellom Fyksesund, Kvamsøy, Øystese og Norheimsund, (frå Nanes til Krossnes) jf. vedlagt kart (område 2) vert vist som regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, der det ikkje er høve til etablering av akvakultur.

Pkt. 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes. Dette området går ut.

Pkt. 4. Området (jf. vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.

Pkt. 5. Området (jf. vedlagt kart, område 4) for akvakultur ved Aplavika/ Lingaholmane vert endra i samsvar vedlagt kart pga. nærleik til viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Strandebarm og ved Lingaholmane. Området vert utvida sørover som vist på kartet. Fleirbruksområde inklusiv botnkultur innafor holmane må vurderast som ein del av kystsonenplanen.

Pkt. 6. Fleirbruksområde (jf. vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta (innanfor tømmerkai, Nes og inste del av hyttefelt, Furuhovde). Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga. av landskap og Kvam herad sine ynskje om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.

Pkt. 7. Fleirbruksområde i frå Åsnes (mellom Dysvik og Oma) til kommunegrensa (jf. vedlagt kart, område 6.) I området ved Gravdal, bør akvakultur gå ut pga. dei nære kvalitetane og verdiane i strandsona.

Pkt. 8. Kvam herad støttar område for marint verneområde/ korallar ved Horjona.

Pkt. 9. Området vist som område (jf. pkt. 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde. Nytt areal, vist på kartet skal brukast til akvakultur, botnkultur i tråd med retningslinene for «grøne konsesjoner» eller ny alternativ berekraftig drift av oppdrett med mål om nullutslepp.

Pkt. 10. Området for akvakultur, jf. ventemerde ved slakteriet på Bakka, må vera av eit slikt omfang at det tilfredsstillar arealet som er under regulert sjø.

Pkt. 11. Ta med setjefiskeanlegg på land også i plankartet.

Pkt. 12. Støtte til handlingsprogrammet om å registrera sjøbruksmiljø i Kvam herad.

Pkt. 13. Ta med «ytre Hardanger», jf. mellom anna side 40, der det har falle ut av planen, og

der det er naturleg å ta inn planen.

Pkt. 14. For alle områder der det er store djupne, må fortøyingszone komma i tillegg.

Pkt. 15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med som industrikai regionalt viktig, under tema «Regionalt viktige næringsområde ved sjø».

### **Framlegg frå Kari Mostad, MDG:**

#### **· Ta ut desse punkta i sin heilheit:**

Pkt. 1: Området i Ålvik, jf. vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur, i frå Seianeset til Kjepso, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar.

Pkt. 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes, som ikkje er i konflikt med skipsleia, vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

Pkt. 9. Heile området vist som område (jf. pkt. 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

#### **· Skriv om følgjande punkt:**

Pkt. 8. Kvam herad støttar område for marint verneområde/ korallar ved Horjona.

### **Røysting:**

Det vart halde punktvis avrøysting:

1. FSK si tilråding pkt. 2, 4, 5, 6, 7, 10, 11, 12, 13, 14, 15 vart samrøystes vedteke med 27 røyster.
2. Framlegget til Kari Mostad, MDG vedk. pkt. 1 fekk 2 røyster og fall mot 25 røyster.
3. Framlegget til Frode Nygård, Frp pkt. 1 vart sett opp mot FSK si tilråding. Frode Nygård, Frp sitt framlegg fekk 9 røyster og fall mot 18 røyster. FSK si tilråding pkt. 1 vart vedteke med 18 røyster.
4. Framlegget til Frode Nygård, Frp pkt. 3 vart sett opp mot FSK si tilråding pkt. 3. Frode Nygård, Frp sitt framlegg fekk 16 røyster og vart vedteke mot 11 røyster.
5. Framlegget til Frode Nygård, Frp pkt. 8 vart sett opp mot FSK si tilråding pkt. 8. Framlegget til Frode Nygård, Frp fekk 14 røyster og vart vedteke mot 13 røyster.
6. Framlegget til Kari Mostad, MDG pkt. 9 fekk 2 røyster og fall mot 25 røyster.
7. Framlegget til Frode Nygård, Frp pkt. 9 vart sett opp mot FSK si tilråding pkt. 9. Framlegget til Frode Nygård, Frp fekk 11 røyster og fall mot 16 røyster. FSK si tilråding pkt. 9 vart vedteke.

### **HST- 015/17 Vedtak:**

Kvam herad er positive til arbeidet med regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som legg til grunn ei balansert og berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.

Kvam herad har fylgjande innspel til planen:

Pkt. 1. Området i Ålvik, jf. vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur, i frå Seianeset til Kjespso, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar.

Pkt. 2. Området i mellom Fykkesund, Kvamsøy, Øystese og Norheimsund, (frå Nanes til Krossnes) jf. vedlagt kart (område 2) vert vist som regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, der det ikkje er høve til etablering av akvakultur.

Pkt. 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes. Dette området går ut.

Pkt. 4. Området (jf. vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.

Pkt. 5. Området (jf. vedlagt kart, område 4) for akvakultur ved Aplavika/Lingaholmane vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Strandebarm og ved Lingaholmane. Området vert utvida sørover som vist på kartet.

Fleirbruksområde inklusiv botnkultur innafor holmane må vurderast som ein del av kystsoneplanen

Pkt. 6. Fleirbruksområdet (jf. vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta (innanfor tømmerkai, Nes og innerstedel av hyttefelt, Furhovde) Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga av landskap og Kvam herad sine ynskje om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.

Pkt. 7. Fleirbruksområdet i frå Årsnes (mellom Dysvik og Oma) til kommunegrensa (jf vedlagt kart, område 6). I området ved Gravdal, bør akvakultur gå ut pga. dei nære kvalitetane og verdiane i strandsonen.

Pkt. 8. Kvam herad støttar område for marint verneområde/ korallar ved Horjona.

Pkt. 9. Heile området vist som område (jf. pkt. 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.

Pkt. 10. Området for akvakultur, jf. ventemerde ved slakteriet på Bakka, må vera av eit slikt omfang at det tilfredsstillar arealet som er under regulering i sjø.

Pkt. 11. Ta med setjefiskanlegg på land også i plankartet.

Pkt. 12. Støtte til handlingsprogrammet om å registrera sjøbruksmiljø i Kvam herad.

Pkt. 13. Ta med «Ytre Hardanger», jf. mellom anna side 40, der det har falle ut av planen, og der det er naturleg å ta inn i planen.

Pkt. 14. For alle områder der det er stor djupne, må fortøyingsone komma i tillegg.

Pkt. 15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med som industrikai regionalt viktig, under tema «Regionalt viktige næringsområde ved sjø».



### **Saksopplysningar:**

Heradsstyret vedtok høyringsuttale i HST- sak 065/15 (HST- møtet 06.10.2015) Hordaland fylkeskommune har vurdert alle innkomne høyringsuttalar, og på bakgrunn av dei er det gjort nokre endringar i plankartet, retningslinene og planomtalen. Desse endringane er lista opp i vedlagt notat frå Hordaland fylkeskommune.

Kvam sin høyringsuttale omhandlar både endringar i plankartet, endringar i retningslinene og planomtalen. I notatet frå fylkeskommunen kjem det tydeleg fram kva endringar som er gjort i plankartet. For Kvam sin del er akvakultur på Kjepso teke inn i kartet som del av kommuneplanavklarte areal, og sjøarealet frå Fykkesund til Aksnes er inkludert. Kvamsøy er definert som arealsone landskap. Dette er i tråd med høyringsuttalen frå Kvam.

### **Vurdering:**

Det er ikkje gått grundig gjennom den reviderte planomtalen og retningslinene for å sjå kva andre av dei 15 punkta i vedtaket som er teke omsyn til, og kva av punkta det ikkje er teke omsyn til. Nokre av punkta er likevel enkle å identifisere på det nye plankartet:

*Pkt. 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes, som ikkje er i konflikt med skipsleia, vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.*

Dette punktet er ikkje teke til følgje. Den reviderte planen syner ikkje akvakulturområde sør for Kvamsøy.

*Pkt. 4. Området (jf vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga. nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.*

Dette punktet er ikkje teke fullt ut til følgje. Området er utvida mot farleia i fjorden, men ikkje avgrensa og redusert mot Stekka.

*Pkt. 6. Fleirbruksområdet (jf vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta (innanfor tømmerkai, Nes og innerstedel av hyttefelt, Furhovde) Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga av landskap og Kvam herad sine ynskje om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.*

Dette punktet er teke delvis til følgje. Plankartet syner ikkje akvakulturområde innerst i Mundheimsbukta.

*Pkt. 8. Kvam herad støttar ikkje område for marint verneområde/korallar ved Horjona, dette bør fortsatt visast som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.*

Dette punktet er ikkje teke til følgje. Den reviderte planen syner naturmangfaldsområde i sjø for ålegras og korallføremkomst.


*Pkt. 11. Ta med setjefiskanlegg på land også i plankartet.*

Dette punktet er ikkje teke til følgje. Plankartet syner berre areal i sjø.





# Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger



August 5, 2015

**Punkt: Hamn**

- Fiskerihamn (regionalt viktige)
- ISPS-hamn
- Nødhamn
- Fiskerihamn, nødhamn, ISPS-hamn
- Line: Trasé for farled

Bandleggingszone: Naturvernområde

- Omsynssone: Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur
- Omsynssone: Forslag til marint verneområde
- Omsynssone: Korallar
- Kystsone: Riggområde
- Kystsone: Ankringsområde


Naturmangfold i sjø: Naturtypar A og ålegras

- Naturmangfold i sjø: Gytefelt
- Akvakultur

**Sjø og vassdrag generelt (inkl. AK)**

- Sjø og vassdrag generelt, utvida område med AK
- Sjø og vassdrag generelt, eksisterande AK-anlegg

1:160,000



TV, SA  
Kartverket, Geovekst og kommuner - Geodata AS





KVINNHERAD  
K O M M U N E

Politisk sekretariat

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 Bergen

---

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
<b>Kjartan Thoresen</b>		<b>2013/7-14</b>		<b>23.05.2017</b>

## **Særutskrift - Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Hardanger**

Kvinnherad kommunestyre hadde saka føre i møte 18.05.2017 som sak 2017/31.

Vedlagt fylgjer utskrift frå møteboka der vi syner til vedtaket.

Med helsing

Bente Høyland  
*Møtesekretær*

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Kjartan Thoresen

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2013/7-13

**Saksbehandlar**

Kjartan Thoresen

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2017/38	Formannskapet	04.05.2017
2017/31	Kommunestyret	18.05.2017

## Avgrensa høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - uttale frå Kvinnherad kommune

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommunestyre sluttar seg til forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med følgjande merknadar:

- Kommunane i planområdet står fritt til å gjere framtidige planvedtak som går på tvers av den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger.
- Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger må få status som kunnskapsgrunnlag for kommunal planlegging, og ikkje som heimelsgrunnlag for regionale styresmakter til å gje motsegn til kommunale planar.
- Planen må koordinerast med det arbeidet som er gjort med interkommunal strandsonerplan, slik at det ikkje vert vedteke ein regional plan som fører til motstrid mellom dei to planarbeida.

### Behandling i Formannskapet den 04.05.2017

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ ØYVIND LERNES, H m.fl:

- Kvinnherad formannskap vil sterkt rå frå at regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (planframlegget) vert vedteken slik den ligg føre.
- Kommune i planområdet må stå fritt til å gjere framtidig planvedtak som går på tvers av planframlegget. Planframlegget kan ha status som kunnskapsgrunnlag for kommunal planlegging, men ikkje som heimelsgrunnlag for regionale styresmakter til å gje motsegn til kommunale planar.
- Interkommunalt og regionalt planarbeid må i framtida koordinerast, slik at det ikkje vert vedteke planar som står i motstrid.
- Dersom Hordaland Fylkeskommune vedtek planen i sin noverande form vil Kvinnherad kommune vurdera å klage inn vedtaket etter plan og bygningslova §8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i plana, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teikneregler og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til

KVINNHHERAD KOMMUNE  
felleskap og børsel - utvikling og vekst

gjeldande kommuneplanar.

**Røysting:** Rådmannen si innstilling vart sett opp mot nytt framsett forslag. Rådmannen si innstilling fall og nytt framsett forslag vart samrøystes.

### **Innstilling frå Formannskapet den 04.05.2017**

- Kvinnherad formannskap vil sterkt rå frå at regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (planframlegget) vert vedteken slik den ligg føre.
- Kommune i planområdet må stå fritt til å gjere framtidig planvedtak som går på tvers av planframlegget. Planframlegget kan ha status som kunnskapsgrunnlag for kommunal planlegging, men ikkje som heimelsgrunnlag for regionale styresmakter til å gje motsegn til kommunale planar.
- Interkommunalt og regionalt planarbeid må i framtida koordinerast, slik at det ikkje vert vedteke planar som står i motstrid.
- Dersom Hordaland Fylkeskommune vedtek planen i sin noverande form vil Kvinnherad kommune vurdera å klage inn vedtaket etter plan og bygningslova §8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i plana, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplanar.

### **Behandling i Kommunestyret den 18.05.2017**

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ SF:

Bruk rådmannens framlegg men

A. Stryk første kulepunkt

B. 2.kulepunkt –

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger må få status som kunnskapsgrunnlag for kommunal planlegging og regionale styresmakter.

C. I tredje kulepunkt slett alt etter strandsoneplan.

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ MDG/SF:

Nytt punkt til innstillinga:

Kvinnherad kommune legg til grunn at all kapasitetsauke innan akvakultur skal føregå i lukka anlegg.

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ KRF:

Set fram innstillinga frå rådmannen på nytt.

### **RØYSTING:**

Framsett forslag frå SF fekk 7 røyster og fall.

Framsett forslag om nytt punkt frå MDG/SF fekk 10 røyster og fall.

Innstillinga frå formannskapet vart sett opp mot rådmannen si innstilling:

Formannskapet si innstilling fekk 24 røyster og vart vedteken.

### **Vedtak frå Kommunestyret den 18.05.2017**

- *Kvinnherad formannskap vil sterkt rå frå at regional kystsoneplan for Sunnhordland og*

KVINNHERAD KOMMUNE

*felleskap og hørsel - utvikling og vekst*

*ytre Hardanger (planframlegget) vert vedteken slik den ligg føre.*

- *Kommune i planområdet må stå fritt til å gjere framtidig planvedtak som går på tvers av planframlegget. Planframlegget kan ha status som kunnskapsgrunnlag for kommunal planlegging, men ikkje som heimelsgrunnlag for regionale styresmakter til å gje motsegn til kommunale planar.*
- *Interkommunalt og regionalt planarbeid må i framtida koordinerast, slik at det ikkje vert vedteke planar som står i motstrid.*
- *Dersom Hordaland Fylkeskommune vedtek planen i sin noverande form vil Kvinnherad kommune vurdera å klage inn vedtaket etter plan og bygningslova §8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i plana, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplanar.*

### Saksutgreiing:

**Merk:** Samarbeidsrådet for Sunnhordland skipar til temadag og dialogmøte om havbruk på Bømlo den 3. mai, og her vil utvalde politikarar og tilsette i Sunnhordlandskommunane bli invitert. Her vil kystzoneplanen bli diskusjonstema, og Rådmannen kan på bakgrunn av dette møtet leggja fram endringar i saka dersom det er trong for det.

Forslag til regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger var på høyring i perioden mai til oktober 2015. Det kom inn 44 skriftlege høyringsuttalar til planframlegget.

Planen omfattar sjøareal og strandsone i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes samt sjøareal i Vindafjord kommune, Rogaland.

Planen inneheld fire plantema:

- Berekraftig kystzoneplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsona

Høyringsforslaget inneheld plankart og planomtale med mål, retningslinjer, konsekvensutgreiing og handlingsprogram.

I den offentlege høyringa (hovudhøyringa) gav ikkje Kvinnherad kommune eigen uttale, men støtta seg på uttalen frå samarbeidsrådet for Sunnhordland. Hovudmerknadane i denne uttalen gjekk på at planen måtte la det vere rom for vekst og kapasitetsauke i akvakulturnæringa, og at ein kunne utvikle ny teknologi og produksjonsformer innanfor rammene av planen. I tillegg vart det peika på at dei delane av planen som overlappa med den interkommunale strandsoneplanen vart samkøyrd og koordinert. I forslaget som låg ute på høyring då, og som framleis er ein del av planen, er kystzoneplanen på nokre punkt meir restriktiv enn den interkommunale strandsoneplanen.

Plankontoret (Kvinnherad kommune) har delteke i prosjektgruppa for dette planarbeidet og har gjennom heile prosessen peika på at planen først og fremst bør vere eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare kommunal planlegging, og ikkje eit heimelsgrunnlag for regionale styresmakter til å gje motsegn til kommunale planar.

Planen har vore bearbeidd etter høyringa og det har vore diskusjonar i prosjektgruppa og styringsgruppa. Hausten 2016 var det administrative møter med kommunane, fylkesmannen, fiskeridirektoratet og Sjømat Norge. Som del av prosessen gjekk styringsgruppa i møte 10.02.2017 inn for at planen skulle sendast på ei avgrensa høyring til kommunane i planområdet, relevante offentlege etatar og organisasjonar i ein periode på 6 veker. Notat som omhandlar den avgrensa høyringa ligg som vedlegg.

Følgjande punkt er lagt til grunn for dei endringane som er gjort i planomtale og plankart (sjå vedlagt notat om endringar til avgrensa høyring):

- prosessen med kystsoneplanen har forsøkt å etablera ein god balanse mellom bruk og vern av sjøområda
- ein del av arbeidet har vore knytt til å finna det rette nivået når det gjeld graden av detaljstyring av den arealavklaringa kommunane skal gjera i neste runde
- retningslinene og plankartet er meint å styrkja kommunane i arbeidet med å finna ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar
- planen har teke nokre konkrete grep for å avklara balansen mellom bruk og vern samstundes som planen er fleksibel og gir kommunane handlingsrom til å vurdere lokale tilpassingar der det er hensiktsmessig.

**Økonomisk konsekvens:**

Ikkje relevant.

**Miljømessig konsekvens:**

Dette vert utgreidd som del av planarbeidet.

**Vedlegg:**

- Notat – endringar til avgrensa høyring
- Plankart regional kystsoneplan
- Planomtale regional kystsoneplan
- Avgrensa høyring regional kystsoneplan

Høyringspartar avgrensa høyring - Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Notat - endringar til avgrensa høyring

Plankart regional kystsoneplan

Planomtale regional kystsoneplan

Avgrensa høyring av regional kystsoneplan



Jnr. 1064.17  
GJG/rr

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga - planseksjonen  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## **UTTALE 2014/11042 - REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER**

### **Avgrensa høyring**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har samrøystes vedteke følgjande uttale til den avgrensa høyringa av Regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger:

Samarbeidsrådet viser til kommunane sine einskilde uttaler, der det kan slås fast at ikkje alle kommunar ser seg tent med planen. I seg sjølv bør det gje grunnlag for ei grundig sluttvurdering av om planen har oppfylt føremåla som opphavleg låg til grunn.

Planen er heimla i kap. 8 i PBL og legg opp til at den ikkje er juridisk bindande. Planen skal likevel leggjast til grunn i kommunane si planlegging og også nyttast av statlege mynde i vurdering av spørsmål om motsegn. Planen vil såleis vera bindande for vidare planlegging og har såleis i alle fall ei indirekte rettskraft. Det er særleg arealplankartet, og kor sterkt bindande dette er, som har gjort fleire kommunar i regionen urolege. Ut i frå plankartet er det frå ulike kommunar uttrykt uro for at verneområda er for store og omfattande, og at dette vil kunna hindra utvikling både på land og sjø for næringsliv og innbyggjarar. I samband med handsaming av planen bør det gjerast ei nærare vurdering av samfunnseffektar innanfor arealsone landskap, det bør særskilt gjerast vurdering på dei avgrensingar bruk av arealsone landskap gjev for framtidig planlegging på kommunane sin landareal. Det bør også gjerast ei vurdering på vidare presisering av arealsone landskap inn i dei ulike undergruppene som følgjer teiknereglane for regionale planar, ved å presisera dette gjer det betre rom for vurdering av avbøtande tiltak med vidare.

### **Akvakultur**

Havbruksnæringa er eit nasjonalt satsingsområde, og det er eit mål for styresmaktene si side at det skal leggjast til rette for best mogleg vekst i næringa innanfor ei ramme av økonomisk, sosial og miljømessig berekraft. Dette inneber også at ein i forvaltninga må ta omsyn til både oppdrett og villaks.

Det er kjent at det er venta større endringar som kan påverka bruk av areal i sjø:

- Styresmaktene har vedteke å innføra ny sonestruktur for mogleg vekst som vil ha innverknad på heile næringa i planområdet,

- Marin verneplan hadde høyringsfrist 2. mai, og utstrekninga og marine verneområder er uklart
- Mattilsynet sine avstandskrav er under utgreiing
- Kunnskapsdepartementet har under utarbeiding ein vegleiar for planarbeid i sjø.

Det er uheldig å utarbeida ein kystsoneplan som ikkje er basert på erfaringar frå den nye soneinndelinga, og også avstandskrava frå Mattilsynet kan føra til endringar ein no ikkje ser.

Planen legg fast dei areala som i dag er avsett til akvakultur, men tek ikkje omsyn til at det er kommunar som enno ikkje har avsett nye areal, men kan ha eit potensiale for dette. Ei fastlåsing av areal på dette nivået gjer at desse kommunane ikkje får utnytta sitt areal for akvakultur. Når det i tillegg vert opprett arealsoner som tek bort areal, vert det svært vanskeleg å oppretthalda aktiviteten og utvikla nye områder, også for eksisterande artar og teknologi.

Dersom ein eksisterande lokalitet vert liggjande i ei arealsone, må ikkje dette vera til hinder for at lokaliteten kan utviklast eller flyttast innanfor arealsona.

### **Strandsone**

Då KURE hadde Interkommunal strandsoneplan til høyring 1. oktober 2015 gjorde dei følgjande vedtak:

- 1. Framlegg til Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland er eit omfattande og viktig arbeid som vil vera eit godt reiskap for kommunal planlegging.*
- 2. Hordaland fylkeskommune rår til at strandsoneplanen vert vedteken slik han ligg føre.*
- 3. Framlegg til Regional kystsoneplan er ikkje i samsvar med Interkommunal strandsoneplan. I prosessen vidare bør dei to planarbeida sameinast slik at strandsoneplanen vert styrande vert styrande for kystsoneplanen i kapitlet som omhandlar strandsona. Dersom det ikkje er mogleg, må kapitlet om strandsona takast ut av kystsoneplanen.*
- 4. Varig verna kulturminne er del av dei enkelte kommunane sine kulturminneplanar. Strandsoneplanen må som alle kommunale planar, ta omsyn til varig verna kulturminne og fastsette vernesonar.*

Etter høyringsrunden er det blitt meir samsvar mellom planane, men det er likevel store sprik på heilt sentrale spørsmål. Det må difor stillast spørsmål om ikkje dette er grunn nok til å utsetja planen.

Planen gjeld bruk og forvaltning av areal i Sunnhordland. Difor bør Sunnhordland verta høyrte i sin argumentasjon for at Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger ikkje vert godkjent før følgjande avklaringar er gjort:

- Konsekvenser for ny sonestruktur og marin verneplan mm.
- Føresegner for Interkommunal strandsoneplan er godkjent.
- Planen sikra at Sunnhordland kan ta del i forventta vekst i havbruksnæringa.
- Det må gjerast ei nærare konsekvensvurdering av samfunnseffektar som følgjer bruk av arealsone landskap.

Sunnhordland, 12. mai 2017

Wenche Tislevoll  
styreleiar

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*



HAMMERVOLL ♦ PIND

Austevoll kommune v/ordfører  
Birkelandsveien 2  
5392 STOREBØ

Vår referanse: 6521 - NK  
Ansvarlig advokat: Nina Kibsgaard  
Dokumentnummer: 28791

E-post: morten.storebo@auustevollkommune.no

Bergen, den 11.5.2017

## NOTAT- VURDERING KYSTSONEPLAN

### 1 INNLEDNING – OPPGAVEBESKRIVELSE

Advokatfirmaet Hammervoll Pind DA er av Austevoll kommune v/ordfører bedt om å vurdere Hordaland fylkeskommune sitt forslag til kystsonesplan.

Vi har fått forelagt oss fylkeskommunens høringsutkast (plankart, bestemmelser og planbeskrivelse med konsekvensutredning), samt Austevoll kommune sitt vedtak m/saksutredninger datert 16.3.17.

Fylkeskommunen sendte ut en avgrenset høring i februar 2017, med bakgrunn i endringer knyttet til arealsoner og andre detaljer. Den avgrensede høringen er utgangspunktet for vår vurdering.

Vi anser oppdraget å omfatte en kort fremstilling av overordnede krav til regional planlegging etter plan- og bygningsloven, samt hvilke følger planframlegget kan medføre for arealplanlegging for Austevoll kommune. Det er videre tatt sikte på å utrede deler av de spørsmål som kommunen har stilt i sitt vedtak datert 16.3.17. Vi har etter avtale avgrenset oppdraget mot mulige saksbehandlingsfeil og detaljert, materielt innhold i kart og bestemmelser.

### 2 KONKLUSJON

Kystsonesplanen er ikke *juridisk bindende* for Austevoll kommunes nåværende eller fremtidige arealplaner. Rettsvirkningene av vedtatte arealplaner vil ikke endres som følge av kystsonesplanen. Kystsonesplanen vil likevel legge klare føringer for kommunens fremtidige arealplanlegging, og gir grunnlag for innsigelse fra regionale myndigheter. Kystsonesplanens rettskildevækt i tilfeller hvor det dispenseres fra egen kommuneplan ved motstrid eller planforslag er høyst uavklart.

### 3 DRØFTELSE

#### 3.1 Generelle bestemmelser - Regional planlegging

Det følger av plan- og bygningsloven § 8-3 at kommunene har rett og plikt til å delta i planleggingen av regional plan. I forkant av planutarbeidelse skal det utarbeides en regional planstrategi. Planstrategien skal være et resultat av drøftelser mellom de mest berørte myndigheter og kommuner, jf. O.J Pedersen mfl., *Plan- og bygningsrett* del 1, Oslo 2010 s. 144. Planprogrammet danner grunnlaget for

OSLO / BERGEN / HALDEN / STAVANGER

ADVOKATFIRMAET HAMMERVOLL PIND DA

BRYGGEN 3-5, 5003 BERGEN / POSTBOKS 343 SENTRUM, 5804 BERGEN / TLF: 55 69 99 50 / ORG.NR: 989 590 189 MVA / HAMMERVOLLPIND.NO



utarbeidelsen av planen, og skal ta utgangspunkt i planstrategien. Planprogrammet skal redegjøre for formålet med planarbeidet.

I høringsutgaven for «Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger» dat. 13.2.17, side 5 heter det at den regionale kystsoneplanen er forankret i *Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012*. Innledningsvis påpeker vi at behovet for kystsoneplan må spesifiseres med tydeligere forankring i konkrete behov eller i planstrategien. I tillegg bør kystsoneplanen forankres i planstrategi fra 2012-2016, ettersom planstrategien fra 2010-2012 er utdatert.

Etter at planprogrammet har vært på høring, skal det etter pbl. § 4-2 første ledd utarbeides et planforslag med planbeskrivelse. Planbeskrivelsen skal beskrive planens formål, hovedinnholdet i planutkastet og virkningene av planen skal gjengis og beskrives. Det skal også redegjøres for om planen er i samsvar med overordnede planer. Dersom planen skal ha retningslinjer eller rammer for fremtidig utbygging, følger det av pbl. § 4-2 andre ledd at det skal foreligge en konsekvensutredning (heretter KU). I denne sammenheng påpekes at kystsoneplanens KU bare i svært begrenset grad redegjør for de konsekvenser planforslaget får næringen, herunder særlig akvakultur.

En kommune som blir direkte berørt av planen, og har vesentlige innvendinger mot planens formål eller retningslinjer, kan kreve saken bragt inn for departementet i medhold av pbl. § 8-4 andre ledd.

Den regionale planen skal ta opp arealbruksspørsmål. Det finnes ikke egne bestemmelser om arealbrukskategorier for regional plan, men forarbeidene forutsetter at arealbruksformål og hensynssoner i pbl. § 11-7 skal brukes så langt de passer, jf. Ot.prp. 32 (2007-2008) s. 202. I høringsutgaven til kystsoneplanen er det satt av ulike «arealsoner» med tilhørende retningslinjer. Det er også avsatt «hvite soner» i plankartet. Det kan være grunn til å stille spørsmål med retningslinjenes virkning for disse områdene. Det vil knyttes nærmere kommentarer til enkelte av arealsonene.

## 3.2 Kystsoneplanen

### 3.1.1 Formålet

Det fremgår av planbeskrivelsen at formålet med planen er å sikre «ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger». Videre skal planen «sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen [...] og sjøretta næringsareal». Planen skal også være «retningsgivande for vidare kommunal planlegging» med vekt på at den regionale planen er en «overordna plan, som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve».

En regionalplan skal være løsningen på kommuneoverskridende utfordringer, og gi retningslinjer for bruken av arealer og naturressurser i spørsmål som får *vesentlig virkninger* ut over grensen for en kommune eller som enkelt kommune ikke kan løse innenfor sitt område. Se om dette i O.J. Pedersen m.fl. *Plan- og bygningsrett* s. 152 jf. også Ot.prp. 32 (2007-2008) s. 91.

De retningslinjene eller planbestemmelsene som fastsettes i regionalplan skal ikke regulere lokale forhold som kommunen selv kan løse gjennom egne arealplaner. I det følgende vil vi vurdere konkrete retningslinjer som er inntatt i kystsoneplanen og avslutningsvis; om de bidrar til å fremme formålet til planen.

### 3.1.2 Retningslinjer og planbestemmelser

Det følger av pbl. § 8-5 at det kan vedtas planbestemmelser som er juridisk bindende for kommunens virksomhet. En *regional planbestemmelse* må gjelde for nærmere avgrensede områder, og er en fastsatt retningslinje for arealbruk. Det kan gis bestemmelser om forbud for særskilte bygge- eller anleggstiltak etter pbl. § 20-1, og antageligvis alle tiltak som omfattes av pbl. § 1-6.



Virkning av planbestemmelser vedtatt etter pbl. § 8-5 er at byggeforbudet gjelder på samme måte som i en kommunal arealplan. Ved søknader om tiltak i områder med byggeforbud må kommunen avslå søknader da de ikke har hjemmel til å innvilge søknaden. Byggeforbud kan vedtas med varighet i inntil 10 år fra endelig vedtakelse av plan, jf. pbl. § 8-5 første ledd andre setning.

Av pbl. § 8-5 kan det også slutes at en regional plan kan ha *retningslinjer av veiledende karakter*, men disse er ikke juridisk bindende. Planen med tilhørende bestemmelser skal likevel «legges til grunn for» kommunens videre planlegging og virksomhet, jf. pbl. § 8-2.

Det påpekes i forarbeidene at selv om regionalplanen med dens bestemmelser og retningslinjer skal legges til grunn, medfører planen ikke absolutte forpliktelser av rettslig art for kommunen, jf. Ot.prp nr. 32 (2007-2008) s. 200. Likevel må det foreligge *endringer i forutsetningene* eller *andre særlige grunner* for å fravike en vedtatt regionplan, jf. forarbeidene. Utgangspunktet etter dette er at kommunen kun unntaksvis kan komme med forslag som strider med kystsoneplanen.

I planforslaget presiseres det at retningslinjene er «retningsgjevande» og at «rettsleg bindande arealbruk vert fastlagt i den kommunale arealplanlegginga», jf. høringsutkastet pkt. 1 «Rammer og verknad» s. 6 og retningslinjene § 1.4. Av dette slutter vi at fylkeskommunen ikke har inntatt planbestemmelser i medhold av pbl. § 8-5, og at det er tale om *veiledende retningslinjer*. Retningslinjene i kystsoneplanen er derfor ikke juridisk bindende. Likevel skal kommunen bare unntaksvis fravike kystsoneplanens retningslinjer.

Problemstillinger knyttet til veiledende retningslinjer ble eksempelvis belyst i forbindelse med Avinors støysonekart for Bergen og omegn fra juni 2014. Det ble presisert i «Veileder til retningslinjene for behandling av støy i arealplanlegging» at retningslinjene *ikke* var juridisk bindende. Likevel sendte fylkesmannen i Hordaland brev dat. 15.9.2014 til alle berørte kommuner med instruks om at statlige støyretningslinjer og støysonekartet skulle legges til grunn for *all saksbehandling* etter plan- og bygningsloven. Dette skulle gjelde uavhengig av hva kommunens egne planer tilsa. Fylkesmannens brev ble kritisert fra flere hold, blant annet fordi det ikke var grunnlag for å slå fast at kommunene uten videre måtte legge støykartet til grunn for byggesaksbehandling i konkrete saker. Saken illustrerer at veiledende retningslinjer kan skape betydelig tolkningstvil. Dette vil selvsagt også bero på hvordan de ulike planretningslinjene er *utformet*.

Selv om planretningslinjene er veiledende, gir den regionale planen grunnlag for innsigelse fra berørte offentlige myndigheter. Som illustrert ovenfor har veiledende retningslinjer medført tolkningstvil om i hvilken grad de er bindende og hvilken betydning de får for kommunens arealforvaltning. Retningslinjene tilhørende kystsoneplanen gir grunn for ytterligere forvirring gjennom bruk av formuleringer som «skal», «bør», «må» etc. Eksempelvis «skal» nye areal for akvakultur og større varige tekniske inngrep innenfor arealsone «landskapsområde» ikke tillates, jf. retningslinjene § 3.1.2. De ulike formuleringene bidrar på denne måten til at det er usikkert i hvilken grad de må vektlegges. Etter vårt skjønn bør derfor samtlige retningsgivende retningslinjer utarbeides med samme formulering. For Austevoll kommune med betydelig satsing på akvakultur og andre sjørelaterte næringer vurderer vi planforslaget som problematisk for kommunen. Videre vurderer vi planforslaget å ikke fremme planens definerte formål på dette punkt.

Videre benyttes svært detaljerte skildringer i retningslinjene, jf. eksempelvis §§ 2.39, 2.40, 2.41 og 2.42 om størrelse, utforming og høyde på «naust». I retningslinjene er det flere tilsvarende bestemmelser. Etter vårt skjønn vil retningslinjer av en slik detaljeringsgrad være uegnet i en overordnet regionalplan, og egner seg bedre i kommunens egne arealplaner. Det er også uklart hvordan svært detaljerte retningslinjer bidrar til å løse «spørsmål som får *vesentlig virkninger* ut over grensen for en kommune eller som enkelt kommune ikke kan løse innenfor sitt område», jf. pkt. 3.1.1. Det kan videre stilles spørsmål om foreslåtte retningslinjer av denne karakter kommer i strid med det kommunale selvstyret.



### 3.1.4 Konsekvenser av den regionale kystzoneplanen

#### 3.1.4.1 Eksisterende arealplaner

Spørsmålet om forholdet mellom eksisterende arealplaner og kystzoneplanen blir tatt opp i planens retningslinje § 1.4 hvor «tidlegare godkjente og gjeldende kommuneplanar og reguleringsplanar innanfor planområdet gjeld uavhengig av denne planen». Gjeldende kommuneplan og reguleringsplaner går derfor *foran* kystzoneplanen ved en eventuell motstrid.

#### 3.1.4.2 Fremtidig arealforvaltning

Nærmere konsekvenser som planforslaget vil få for fremtidig planlegging, herunder kommuneplan og reguleringsplan, er det ikke gjort rede for i planbeskrivelsen. Som tidligere nevnt skal regional plan *legges til grunn* for kommunal planlegging og virksomhet, jf. pbl. § 8-2. Dette gir kystzoneplanen et vidt og uoversiktlig nedslagsfelt. Ny utvikling og virksomhet skal derfor legge kystzoneplanen til grunn. I tillegg vil retningslinjene gi grunnlag for innsigelse fra regionale myndigheter, jf. retningslinjene § 1.3. Kommunens muligheter til å regulere egen arealbruk i fremtiden er derfor betydelig innskrenket gjennom kystzoneplanen.

Konsekvensen for de tilfellene kommunen ønsker å fravike egen kommuneplan gjennom en dispensasjon eller reguleringsplan, er ikke klargjort i høringsutkastet. Dispensasjoner og reguleringsendringer faller naturlig inn under kommunal virksomhet. Konsekvensen av virksomhet i strid med *planbestemmelser* etter pbl. § 8-5 er klar, ettersom kommunen i dette tilfellet ikke har hjemmel til å innvilge tiltaket. *Veiledende retningslinjer* er ikke juridisk bindende for kommunen, men skal likevel bare unntaksvis fravikes. I tillegg til dette vil regionale myndigheter alltid få samtlige dispensasjoner til uttale, ettersom det berører deres område, jf. pbl. § 19-2 (4).

Kystzoneplanen kan derfor bety en ytterligere begrensning av kommunens arealforvaltning for dispensasjoner og planforslag. Dersom kommunen dispenserer fra egne arealplaner, vil kystzoneplanens begrensninger komme til anvendelse. Innenfor arealsone «landskap» skal det eksempelvis i «hovudsak ikke tillatast» nye areal for akvakultur eller større, varige tekniske inngrep, jf. retningslinjene § 3.1.2. Dersom kommunen likevel ser behov for å gi tillate akvakultur gjennom dispensasjon fra egen kommuneplan, antas mulighetene for dette å være betydelig redusert dersom tiltaket strider med kystzoneplanen.

Dispensasjon eller planforslag *i motstrid med egen kommuneplan og Kystzoneplanen* må således i stor grad underordnes Kystzoneplanen og dens retningslinjer.

## 3.2 Avslutningsvis

Kystzoneplanen for Ytre Hardanger og Sunnhordaland er ikke juridisk bindende. Planen vil likevel være førende for fremtidig arealforvaltning i Austevoll kommune, og vil legge begrensninger på planlegging. Det antas at kystzoneplanen også vil legge ytterligere innskrenkninger for dispensasjoner og reguleringsplaner i motstrid med kommuneplanen.

Med vennlig hilsen

**Advokatfirmaet Hammervoll Pind DA**

ELLEN HØYSÆTER-FJELDDALEN

Advokatfullmektig

ellen.hoysater.fjelddalen@hammervollpind.no

## Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga

Vår dato: 15.03.2017  
Vår ref: 2013/403 - 6605/2017 / 121  
Dykkar ref: 2014/11042

### Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger - uttale frå Stord kommune

Viser til brevet Dykkar av 14.02.2017, ref.2014/11042, om avgrensa høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

Vedlagt ligg uttale frå Stord kommune.

Rådmannen fekk i oppdrag å formidle eit politisk ynskje om at det i framtidig, regional kystsoneplanlegging vert teke med målingar av vasskvalitet og utvikling av fangst av ulike artar av fisk (t.d. brisling og kysttorsk). Sett saman med utvikling av sjøfuglbestand vil dette kunne gi oss opplysningar om artsmangfald og –rikkdom som kan vere nyttig for vurdering av framtidige tiltak for å halde på det artsmangfaldet og artsrikdomen vi har. Det kan også vere grunnlag for å vurdere plastureining og framtidig havstigning som moment som må med i framtidig regional kystsoneplanlegging.

Med helsing

Lovise Vestbøstad  
Kommunalsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Vedlegg

- 1 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger, 2014/11042 - uttale frå Stord kommune



Saksnr 3/17 Utval Formannskapet

Møtedato  
08.03.2017

## **REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER - UTTALE FRÅ STORD KOMMUNE**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet sluttar seg til forslag til Regional kystsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger sist revidert 13.02.2107. Formannskapet vonar planen vil føra til ei berekraftig forvaltning av sjøarealet og strandsona i planområdet.

Formannskapet vil likevel peika på at:

- Farlei til Eldøyane, som er farlei til den mest trafikkerte godshamna i regionen, og til dei 2 ferjeleiene Skjersholmane-Ranavik og Jektvik-Hodnanes må visast i plankartet
- Temakartet fiskeriinteresser (figur 5 i planomtalen) må berre visa sjøarealet rundt Huglo som fiskeområde, aktive reiskap, og ikkje heile øya.

Saksprotokoll i Formannskapet - 08.03.2017

### **Vedtak**

Formannskapet sluttar seg til forslag til Regional kystsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger sist revidert 13.02.2017. Formannskapet vonar planen vil føra til ei berekraftig forvaltning av sjøarealet og strandsona i planområdet.

Formannskapet vil likevel peika på at:

- Farlei til Eldøyane, som er farlei til den mest trafikkerte godshamna i regionen, og til dei 2 ferjeleiene Skjersholmane-Ranavik og Jektvik-Hodnanes må visast i plankartet
- Temakartet fiskeriinteresser (figur 5 i planomtalen) må berre visa sjøarealet rundt Huglo som fiskeområde, aktive reiskap, og ikkje heile øya.

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

### Dokumentliste

X	14.10.2015		Protokollutdrag Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - uttale frå Stord kommune
S	22.02.2017		Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - uttale frå Stord kommune
I	07.12.2012	Hordaland fylkeskommune	HØYRING Forslag til planprogram for Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
I	17.12.2012	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Høyring av forslag til planprogram: Regional kystsonerplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger
I	21.01.2013	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Høyring planprogram for Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (kopi av til Hordaland fylkeskommune)
I	24.01.2013	Fiskarlaget Vest	Forslag til planprogram for regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (kopi av brev til Hordaland fylkeskommune)
I	22.10.2013	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Vedtatt planprogram for Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
I	04.03.2014	FHL Region Sør-Vest Norge	Kystsonerplanarbeid
I	04.05.2015	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - varsling om høyring
I	06.05.2015	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Regional kystsonerplan - akvakulturanalyse
I	19.05.2015	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	VS: Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger på høyring - høyringsfrist 1.oktober
I	02.06.2015	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Høyring av Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger Utlekking av planforslag på kommunen sitt kunde- og informasjonssenter
I	21.05.2015	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Høyring av Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
I	17.08.2015	Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen	Informasjonsmøte 25. august 2015 - Regional kystsonerplan
S	14.08.2015		Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - uttale frå Stord kommune
X	03.09.2015		Særutskrift Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - uttale frå Stord kommune
I	30.09.2015	Sveio kommune	Uttale frå Sveio kommune til Regional kystsonerplan [kopi av brev til Hordaland fylkeskommune]
I	14.02.2017	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Avgrensa høyring av Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

### Vedlegg

- 1 Regional kystsonerplan - høyringsbrev
- 2 Regional kystsonerplan - notat endringar
- 3 Regional kystsonerplan - planomtale
- 4 Regional kystsonerplan - plankart

### Innleiing (bakgrunn for saka)

Hordaland fylkeskommune har i brev datert 14.02.2017 sendt Regional kystsonerplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger, revidert 13.02.2017 på avgrensa høyring. Høyringsfristen er 29.03.2017.

Planen var på offentlig høyring i perioden mai til oktober 2015. Formannskapet gav slik uttale (møte 02.09.2015, sak 28/15):

*Formannskapet sluttar seg til forslag til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger og vonar at den vil føra til ei berekraftig forvaltning av sjøarealet og strandsona i planområdet.*

*Formannskapet vil likevel peike på:*

- *at farlei Eldøyane og dei 2 ferjeleiene Skjersholmane-Ranavik og Jektvik-Hodnanes bør visast i plankartet*
- *at regional plan ikkje vert til hinder for at dei to søknadene som gjeld utviding av akvakultur i Uføro blir imøtekomne*

Etter høyringa og etter vidare arbeid i prosjektgruppa og styringsgruppa, og etter møte med kommunane, fylkesmannen, fiskeridirektoratet og Sjømat Norge er planen bearbeidd. I vedlagt notat om endringar til avgrensa høyring står det:

- at ein i prosessen med kystsoneplanen har forsøkt å etablera ein god balanse mellom bruk og vern av sjøområda,
- at ein del av arbeidet har vore knytt til å finna det rette nivået når det gjeld graden av detaljstyring av den arealavklaringa kommunane skal gjera i neste runde,
- at retningslinene og plankartet er meint å styrkja kommunane i arbeidet med å finna ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og
- at planen har teke nokre konkrete grep for å avklara balansen mellom bruk og vern samstundes som planen er fleksibel og gir kommunane handlingsrom til å vurdere lokale tilpassingar der det er hensiktsmessig.

Vidare går det fram at det er gjort nokre endringar i planomtalen og plankartet, m.a. er retningslinene for strandsona forenkla og er ikkje så detaljerte som i det opphavlege høyringsforslaget. Retningslinene seier m.a. at kommunen kan differensiere strandsonevernet gjennom heilskapleg og kunnskapsbasert kartlegging og forankring av funksjonell strandsone i plan, at det som hovudregel skal stillast plankrav til nye byggeområde i strandsona, men at det kan gjerast unntak frå plankravet for konkrete område som er avsett i kommuneplanen dersom dei ikkje er i strid med retningslinene og dersom verdiane i funksjonell strandsone er ivaretekne.

Når det gjeld området for akvakultur i Uføro som kommunen peika på sist, så er no søknaden om utviding imøtekommen slik at dette punktet er avklart.

Når det gjeld punktet om farleier i kommunen sin førre uttale, så er desse heller ikkje viste på det reviderte plankartet.

### **Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Planen inneheld plankart og planomtale med mål, retningslinjer, handlingsprogram og konsekvensutgreiing. Planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og regional planlegging.

Planområdet omfattar sjøareal og strandsona i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, samt sjøareal i Vindafjord. Planen skal avløysa gjeldande Fylkesplan for Hordaland og Fylkesdelplan for Sunnhordland innanfor det aktuelle tematiske og geografiske området.

Planen har som formål at kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det vert lagt vekt på å leggja til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv. Det vert lagt vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

Planen omhandlar fire plantema:

- Berekraftig kystsoneplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsona

For kvart tema er det definert eigne delmål og retningslinjer.

Temaet *berekraftig kystsoneforvaltning* omhandlar marint naturgrunnlag, fiskeri, andre bruksinteresser, friluftsliv, landskap, kulturminne, regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne og konsekvensar.

Delmålet for berekraftig kystsoneforvaltning er:

*«Dei ulike interessene i kystsona skal sikrast god sameksistens. Naturressursane skal ivaretakast som grunnlag for både bruks- og verneinteresser. Verdifulle naturområde, naturmangfald, kystlandskap, kulturminne og kulturmiljø skal sikrast. Moglegheitene for allment friluftsliv skal tryggast og forbetrast.»*

Temaet *akvakultur* omhandlar utviklingsmoglegheiter innan akvakulturnæringa, akvakulturanalyse for laks og regnbogeaure, frå arealanalyse til plankart, omsyn i arealplanlegging for akvakultur, akvakultur i plankartet og konsekvensar.

Delmålet for akvakultur er:

*«Akvakulturnæringa skal vera framtidsretta og konkurransedyktig gjennom ei miljømessig berekraftig utvikling innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.»*

Temaet sjøtransport og maritim næring omhandlar sjøtransport, maritime næringsområde og konsekvensar.

Delmålet for sjøtransport og maritim næring er:

*«Maritim sektor skal ha gode vilkår for utvikling gjennom trygge farleier og hamneområde. Regionalt viktige næringsområde til sjø må planleggast i eit langsiktig perspektiv og sikrast framtidige utviklingsmoglegheiter.»*

Temaet *strandsona* omhandlar differensiert forvaltning av strandsona, arealføremål knytt til strandsona, tilhøvet mellom regional plan for kystsona og interkommunal plan for strandsona og konsekvensar.

Delmålet for strandsona er:

*«Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.»*

Planen er overordna og gir hovudrammene for framtidig arealbruk på eit regional nivå. Planen med plankartet og retningslinene er retningsgivande for vidare kommunal planlegging og konsekvensutgreiing. Rettsleg bindande arealbruk og føresegnar vert fastlagt i den kommunale arealplanlegginga. Det vert poengtert at den regionale planen er ein overordna plan som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve.

Planen med retningsliner vil kunna vera utgangspunkt for vurdering av motsegn frå regionale mynde.

Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innanfor planområdet vil framleis gjelda uavhengig av denne planen. Planen vil ikkje ha tilbakeverkande kraft.

Det vert peika på at god plandialog og prosess mellom lokale og regionale mynde vil auka moglegheita for at den regionale planen sine intensjonar vert følgt opp.

Fokus på berekraftig utvikling er gjennomgåande i planarbeidet, planframlegget er meint å styrkja kommunane i arbeidet med å finna god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar.

Planen sitt handlingsprogram gir for kvart tema ei grovmaske oversikt over tiltak for å kunna nå måla og retningslinene i planen. Programmet for strandsona seier m.a. at det i samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane skal utarbeidast ein rettleiar for planlegging i strandsona inkludert vidare metodeutvikling knytt til kartlegging av funksjonell strandsona og at det skal gjennomførast ei kartlegging av nye næringsområde til sjø.

## **Vurdering**

Rådmannen ser det som positivt at det er arbeidd fram ein plan som skal sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona i planområdet. Rådmannen meiner det er ein god plan med viktig og nyttig kartlegging og kunnskap som vil kunna sikra bruk og vern av sjø- og strandområda i planområdet på ein berekraftig måte. Rådmannen meiner planen gir viktige og gode føringar for kommunen sitt eige planarbeid.

Når det gjeld farleiene som er lagt inn på plankartet, saknar ein framleis farleiene til godshamna på Eldøyane og til ferjeleiene Skjersholmane-Ranavik og Jektevik-Hodnanes. Rådmannen meiner desse og bør visast på plankartet, m.a. er Eldøyane den mest trafikkerte godshamna i regionen.

Rådmannen har og merka seg at temakartet fiskeriinteresser, figur 5 i planomtalen, viser heile øya Huglo som fiskeområde for aktive reiskap. Det er berre sjøområda rundt Huglo som skal ha slik markering.

Når det gjeld tilhøvet mellom denne planen og den interkommunale planen for strandsona, så omhandlar den interkommunale planen i hovudsak strandsona med tilliggjande landareal, mens den regionale planen i hovudsak omhandlar sjøområda og interessene knytt til heile kystsona. Den interkommunale planen er endå under bearbeiding etter høyringsrunden hausten 2015, det er særleg føresegnene og retningslinene for strandsona det har teke tid å få på plass. Rådmannen merkar seg at retningslinene for strandsona i den regionale kystsonenplanen er forenkla og at dei ikkje er så detaljerte som i det opphavlege høyringsforslaget. M.a. seier retningslinene at kommunane kan differensiera strandsonevernet gjennom heilskapleg og kunnskapsbasert kartlegging og forankring av funksjonell strandsona i plan. Vidare kan det gjerast unntak frå plankravet for konkrete område som er avsett i kommuneplanen dersom dei ikkje er i strid med retningslinene og dersom verdiane i funksjonell strandsona er ivaretekne. Dette kan gjera det lettare å verta samde om malen for dei meir detaljerte føresegnene og retningslinene i den interkommunale planen.

Rådmannen har elles ikkje merknader til planen med plankart og retningslinjer slik den no ligg føre.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at formannskapet sluttar seg til planen med dei merknadane som går fram av rådmannen sitt framlegget til vedtak.



## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Åse Aleheim	N - 101.2	12/1271

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
039/17	Formannskapet	PS	15.05.2017
028/17	Kommunestyret	PS	15.05.2017

### HØYRING - REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER

**Prenta vedlegg:**

notat-regional-kystzoneplan--endringar-i-planframlegget  
planomtale-avgrensa-hoyring.-13.02.2017

**Saksopplysningar:**

Rådmannen, 30.03.2017

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Plan- og bygningslova  
Kommuneplan for Sveio 2011-2023

**Saksorientering:**

Formannskapet hadde i september 2015 forslag til Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger til vurdering. I den samanheng vart det sendt ei høyringsuttale frå Sveio kommune til Hordaland fylkeskommune, som vist under. Desse merknader er no vurderte opp mot nytt forslag til regional plan og kommentert av administrasjonen under kvar punkt:

Vedtak i formannskapet 28.09.2015, sak FOR 073/15:

*Sveio kommune meiner planforslaget er informativt og kan takast i bruk som rettleiar og arbeidsverktøy av planleggjarar og handsamarar. Vi ser likevel at det er nokre område som vi ønskjer å kommentere og i den samanheng rår vi til at punkta under vert sett i samanheng med teksten i saksframlegget til denne uttalen;*

- 1. Vi hadde gjerne sett at det vart lagt større vekt i planen på om akvakulturområda vist i plankartet faktisk er vurderte å liggja på «riktig» plass, sett i forhold til vurdering etter gode naturgjevne føresetnader som straum, djupne, vasskvalitet, avstand til utslepp og liknande.*

**Kommentar etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**

I forhold til kommentaren frå kommunen har fylkeskommunen presisert at det er gjort avgrensing i planarbeidet når dei viser (i siste del i kap. 4.4) til at arealanalysen ikkje tek føre seg desse naturgjeve tilhøva. Det vert i tillegg innleiingsvis i planen vist til at det er i kommuneplanarbeidet som endeleg lokalisering og arealbruk skal avklarast. Det vert såleis opp til kommunen å utgreia dei naturgjevne føresetnadene i eigen



planprosess. Ein må i den samanheng føresetja at den utgreiing som skjer på kommuneplannivå vil vera meir detaljert og presis i forhold til plassering av framtidige akvakulturanlegg, enn det den regionale planen legg opp til.

2. *Plankartet viser avgrensing av framtidige akvakulturanlegg. Desse er i fleire tilfelle ikkje i samsvar med det som er vist i kommuneplanen for Sveio. Vi rår til å vise tydlegare i planen kva grunnlaget for å flytte føremåla er.*

**Kommentar etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**

I justert plan visar no plankartet både godkjente akvakulturlokaliterar med utvida areal for å gjera det mogleg å flytta anlegga innafor same område, og areal sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplanar.

3. *Akvakulturanalysen tek utgangspunkt i laks og aure og vi forstår det slik at planen i stor grad baserar seg på denne analysen, men det kjem ikkje fram om avgrensinga av akvakulturområde i plankartet òg omfattar andre fiskeartar og skjelførekomstar. Dette forhold bør koma tydlegare fram i planen og plankartet. Med utgangspunkt i at planen baserar seg på denne analysen kan ein spørja seg om planen er representativ for alle artar?*

**Kommenter etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**

Det vert no vist til at plankartet ikkje er differensiert mellom ulike artar og ulike former for akvakultur. Ulike artar og driftsformer vil ha ulike behov når det gjeld miljøparametrar som straum- og oksygentilhøve, djupne, eksponeringsgrad etc, og planen viser til at det ikkje er eintydig kva som vil vera vudert som ein god akvakulturlokalitet. Dette er forhold som må avklarast gjennom prosessen i ein akvakultursøknad.

4. *Analysemetoden er interessant men krevjande og vi tolkar det slik at planen er basert på ein grovanalyse der det kan vere ufullstendige datasett. Desse kan i sin tur medføre følgjefeil gjennom heile planen. Ved konkret vurdering av areal for akvakultur i framtidige kommuneplanarbeid bør difor i det minste areal som ligg i gul kategori kunne vurderast nærare i fleire område.*

**Kommentar etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**

Eit av resultatane frå analysen (eit temakart) viser kystlina i regionen med merking av raud, grøn og gul kategori. Kartlegginga er med på å danna det plankart som vert lagt fram for vedtak. Raude område er konfliktfylte område, grønne område ser ut å ha liten grad av konflikt og gul sone viser til at det er eit vurderingsområde. For slike gule område må det i kommuneplanprosessen avklarast gjennom utgreiing om nye tiltak kan medføre konfliktar.

5. *Sveio kommune ser gjerne at det gjerast rede for kvifor Bømlafjorden ikkje viser meir areal for akvakulturanlegg. Mellom anna kan vi sjå at ein lokalitet ved Midvikøy har fått lite areal utan at det er grunngjeve kvifor, og det er ikkje vist kvifor dei «grønne» sonene rundt kommunen ikkje viser fleire akvakulturanlegg. Vi hadde gjerne sett at det vert gjennomført ei vurdering og konklusjon om «best plassering» i forhold til kva som er vist i plankartet.*

**Kommenter etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**

Det ser i stor grad ut til at plankartet berre viser eksisterande godkjente akvakulturanlegg. Etter justering av planen har ein òg lagt inn dei areal som visast som akvakulturanlegg i kommuneplanane, men som ikkje har aktivitet i dag. Eksisterande anlegg har fått meir areal rundt seg til akvakulturføremål i justert plankart for å sikra framtidig utviding/justering.

6. *Vi hadde òg sett at det i plandokumentet vert gjort ei vurdering av på kva grunnlag plankartet er utarbeida og tydleggjere forholdet og vektinga mellom akvakulturanalysen og vurderinga av dei ulike bruks- og verneinteressa.*



**Kommentar etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**  
Dette er tydeleggjort gjennom å avgrensa arbeidet slik ein har gjort i planprosessen, jf. første punkt.

7. *Det kjem fram av plandokumentet at det vil vera rom for vurderingar etter lokale tilhøve, og difor rår vi til at dette forhold bør koma tydelegare fram i retningslinene (særskilt sett i samanheng med merknad i punkt over om sonekategoriseringa).*

**Kommentar etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**  
Punkt 1.4 i retningslinene viser til at «Det regionale plankartet og retningslinene er retningsgivande for vidare kommunal planlegging og konsekvensutgreiing. Rettsleg bindande arealbruk vert fastlagt i den kommunale arealplanlegginga etter plan- og bygningslova. Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innanfor planområdet gjeld uavhengig av denne planen.»

I punkt 2.2 står vidare at «Den regionale planen er ein overordna plan, som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve. I kommunal planlegging skal føremålsgrenser, arealkategoriar, føresegner og retningsliner tilpassast kommunale plannivå».

8. *Det går ikkje fram av planen kva mengde og verdiar ein ventar seg at akvakulturnæringa kan gje i framtida og det er ikkje sagt noko om kva verdiskaping eigedomsskatt vil kunne gje til næringa. Vi hadde gjerne sett at det vert lagt meir fokus på desse forholda.*

**Kommentar etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**  
Akvakulturnæringa er berre ein av fleire interesser den regionale planen tek føre seg. Det vert ikkje spesifisert i planen kva ein ventar av verdiskaping men det vert vist til at det er ein nasjonal ambisjon at Noreg skal ha vidare vekst i produksjonskapasitet og verdiskaping i akvakulturnæringa innanfor ramma av sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

9. *Med bakgrunn i at Sveio kommune er med i arbeidet om interkommunal strandsonenplan så ber vi om at det leggjast vekt på at den regionale kystsonenplanen og strandsonenplanen ikkje kjem i strid med kvarandre. Det er i den samanheng òg viktig at den nye strandsonerettleiaren ikkje er i konflikt med dei to planane. Kommunen meiner at det er viktig å sikre føreseielege forventingar til kommunane slik at dei ikkje i plan- og byggesaker må prøve å tolke dei ulike dokumenta.*

**Kommentar etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**  
Forslag til retningsliner for strandsona er vurdert å ikkje vera konfliktfull i forhold til slik strandsonenforvaltninga har vore praktisert i Hordaland etter at ny plan- og bygningslov trådte i kraft i 2009. Den interkommunale strandsonenplanen har hatt utfordringar med å finna gode forslag til retningsliner. Det som har vore drøfta i den interkommunale strandsonenplanen er i det store og heile i tråd med det som vert lagt fram i retningslinene i denne planen. Då interkommunal strandsonenplan fortsett arbeidar med føresegnene så kan ein ikkje sei noko på dette tidspunkt om det vil vera konflikt mellom dei to planane og føringar for strandsona.

10. *Kart/bilete er utydelege nokre plassar i planen og gjer dei vanskelege å lese. Det same gjeld plankartet der skravur og fargeval gjer det vanskeleg å sjå forskjell på dei ulike føremåla og omsynssonene.*

**Kommentar etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**  
*Tilhøva ser ut å vera noko utbeta slik at kart/bilete er lesbare.*

11. *Det er uheldig at den overordna regionale kystsonenplanen omhandlar detaljerte føresegner for strandsona, og dei bør difor takast ut for å gjera det mogeleg å differensiera i strandsona.*





**Kommentar etter at justert forslag til regional plan er lagt fram:**

Endringane for strandsona er at ein har gjort forenkling av retningslinene. Det er mellom anna lagt inn føringar i retningslinene for strandsona som opnar for lokal vurdering gjennom punkt 2.23; «Kommunane skal ha oversikt over gjeldande areal- og planstatus i strandsona. Kommunen kan differensiere strandsonevernet til lokale tilhøve gjennom heilskapleg og kunnskapsbasert kartlegging og forankring av funksjonell strandsone i plan».

**Vurdering:**

I forslag til Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger vert det innleiingsvis vist til føremålet med planarbeidet, slik det er lagt opp til i planprogrammet;

***Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger.***

***Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.***

Fokus for planarbeidet er å sikra god sameksisters i kystsona og berekraftig arealbruk knytt til bruk og vern. Planen skal førebyggja konfliktar ved å ta kvalifiserte val basert på kunnskap og politiske prioriteringar.

Den regionale planen er overordna og gjev hovudrammene for framtidig arealbruk på eit regionalt nivå. Tanken er at planen sine føringar skal utdjupast vidare i juridisk bindande kommunale planar. Det går klart fram av planen at den ikkje tek stilling til detaljerte spørsmål og fangar såleis ikkje opp alle lokale tilhøve. Tilpassinga skal kommunen sjølv gjera gjennom kommuneplanarbeidet.

I vurderinga av ein regional plan må ein hugsa på at slike planar er rettleiande for den kommunale planlegginga (med mindre dei kjem med juridisk bindande regionale planføresegner). Ein regional plan vil vera særers overordna og er utgreia på eit generelt grunnlag. Det er først når ein i kommuneplanprosessen gjennomfører konsekvensutgreiingar for kvart nytt arealføremål/tiltak som ein kan skaffa tilstrekkeleg grunnlag for å sei om ein kan opna for eller bør hindra enkelte tiltak. Det er til sjuande og sist kommuneplanen som er det juridisk bindande dokumentet.

Planen inneheld ingen regional planføresegn men retningsliner som skal ivareta måla i planen. Det vert i planen vist til at desse kan vera utgangspunkt for vurdering av motsegn frå regional styresmakt, men at motsegn berre skal nyttast når dei kommunale arealplanane er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser. Slik motsegn skal vurderast heilskapleg og ha ei konkret grunngjeving.

Det å koma med motsegn til ein kommunal plan, basert på innhald i ein regional plan, skal sitja langt inne hjå fylkeskommunen. Dette gjeld særskilt dersom kommunane i forkant har gjennomført grundige utgreiingar og har gode argument for å gå bort frå den regionale planen. Har kommunen gode argument må jo fylkeskommunen koma med enno betre motargument.

Kan ein i kommuneplanprosessen bevise at ny plassering av mellom anna nytt



akvakulturanlegg ikkje kjem i konflikt med dei allmenne og samfunnsmessige verneinteresser som den regionale planen belyser, og at ein likevel kan oppretthalda intensjonen om å styrka akvakulturnæringa i eit regionalt perspektiv så skal det mykje til for at fylkeskommunen kjem med motsegn i ein kommuneplanprosess. Nøkkelen til å få ting til er å først avklara at det ikkje er konfliktar med tiltaka og så argumentera med sakleg grunngjeving. Har vi ikkje sakleg grunngjeving og tiltaket i tillegg er i strid med regional plan så kan ein ikkje venta å få igjennom tiltaka. Det vil i alle tilfelle vera uforsvarleg av kommunen å leggja til rette for ein arealpolitikk som medfører at andre interesser vert påverka negativt (natur, kultur, eksisterande arealbruk, strandsoneverdiar, landbruk mv.). Eksempel på uheldig planlegging kan vera å leggja til rette for akvakultur der det er førekomst av korall, eller å byggja bustader der det ikkje er tilstrekkeleg god skuleveg. Slike tiltak vil etter kvart få negative verknader og dei bør ein unngå dersom ein kan finna andre alternative løysingar tidleg i kommuneplanprosessen.

Forslaget til regional kystsoneplan legg ikkje opp til ein endeleg løysing for arealforvaltninga i kystområdet i regionen, men den gjev føringar for kva ein skal tenka på i det kommunale planarbeidet. Planen legg meir opp til å orientera om kva forhold som skal avklarast og kva ulike konfliktar ein skal unngå i kommuneplanarbeidet.

Basert på justert planforslag og oppklaring av dei punkta som kommunen peika på i første høringsperiode så har ikkje Sveio kommune grunnar til å koma med nye merknader til planforslaget.

## **Rådmannen sitt forslag til vedtak:**

Sveio kommune har fått avklara dei merknader som var føremål for uttale til første planforslag til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Kommunen har ingen fleire merknader til planen.

Formannskapet - 039/17

## **FOR - behandling:**

Fleire tok ordet i saka.

Ordørar Jorunn Skåden foreslår å styke siste setning i rådmannen sitt forslag og la fram følgande forslag til nytt pkt. 2:

Sveio kommune støttar Samarbeidsrådet for Sunnhordland sin høringsuttale og vil understreka dette:

Havbruksnæringa er eit nasjonalt satsingsområde og ei av dei viktigaste næringane i vårt område. Det er eit mål å leggja til rette for best muleg vekst i næringa innanfor ei ramme av økonomisk, sosial og miljømessig bærekraft. Dette inneber at ein i forvaltninga må ta omsyn til både oppdrett og villaks.

Rune Teikari, Frp la fram følgande forslag:

Sveio kommune ber om at Hordaland Fylkeskommune skrinlegg forsøket på å etablera ein felles kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Subsidiært utsetja vedtak til ny soneinndeling og Trafikklyssystem er på plass og deretter vurderer planen på ny.



Sveio kommune er positiv til at det er gjort enkelte grep for å rydda i plandokumenter og at planen no betre er tilpassa kommuneplanen. Dette inneber likevel ikkje at planen reelt sett har blitt monaleg betre, korkje i val av metode eller i måten den adresserer viktige problemstillingar på. Sveio kommune meiner at planen slik den no ligg føre ikkje har svart opp måla som vart sett i planprogrammet. Det er særskilt vanskeleg å sjå at «Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.»

Planen er ei kartlegging av dagens situasjon og kan såleis vera eit kunnskapsgrunnlag for framtidig planlegging av kystsona. Det er naturleg at det vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein plan.

Votering av Rådmannen sitt forslag med ordførar Jorunn Skåden sitt forslag til nytt punkt 2 og Rune Teikari sitt forslag:  
Rune Teikari sitt forslag vert vedteke med 5 stemmer.

### **FOR - vedtak:**

Sveio kommune ber om at Hordaland Fylkeskommune skrinlegg forsøket på å etablera ein felles kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Subsidiært utsetja vedtak til ny soneinndeling og Trafikklyssystem er på plass og deretter vurderer planen på ny.

Sveio kommune er positiv til at det er gjort enkelte grep for å rydda i plandokumenter og at planen no betre er tilpassa kommuneplanen. Dette inneber likevel ikkje at planen reelt sett har blitt monaleg betre, korkje i val av metode eller i måten den adresserer viktige problemstillingar på. Sveio kommune meiner at planen slik den no ligg føre ikkje har svart opp måla som vart sett i planprogrammet. Det er særskilt vanskeleg å sjå at «Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.»

Planen er ei kartlegging av dagens situasjon og kan såleis vera eit kunnskapsgrunnlag for framtidig planlegging av kystsona. Det er naturleg at det vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein plan.

Kommunestyret - 028/17

### **KOM - behandling:**

Fleire tok ordet i saka.

Ruth G. Ø. Eriksen, FrP la fram følgjande forslag:

*Sveio kommune ber om at Hordaland Fylkeskommune lar være å vedta ein felles kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Subsidiært utsetja vedtak til følgjande avklaring er gjort:*

- *Konsekvenser for ny sonestruktur og marin verneplan*
- *Forsegner for interkommunal standsoneplan er godkjent.*
- *Planen sikra at Sunnhordland kan ta del i forventa vekst i havbruksnæringa.*



*Det må gjerast ei nærare konsekvensvurdering av samfunnseffektar som følgjer bruk av arealsonelandskap.*

Sveio kommune er positiv til at det er gjort einskilde grep for å rydda i plandokumenta og at planen no betre er tilpassa kommuneplanen. Dette inneber likevel ikkje at planen reelt sett har blitt monaleg betre, korkje i val av metode eller i måten den adresserer viktige problemstillingar på. Sveio kommune meiner at planen slik den no ligg føre ikkje har svart opp måla som vart sett i planprogrammet. Det er særskilt vanskeleg å sjå at «Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.»

Planen er ei kartlegging av dagens situasjon og kan såleis vera eit kunnskapsgrunnlag for framtidig planlegging av kystsona. Det er naturleg at det vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein plan.

Ole-Ørjan Hov, MDG fremjar forslag frå rådmann:

Sveio kommune har fått avklara dei merknader som var føremål for uttale til første planforslag til Regional kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Kommunen har ingen fleire merknader til planen.

Arne Tveit Katla, Ap foreslår ordførar sitt forslag til formannskapet i to punkt:

1. Sveio kommune har fått avklara dei merknader som var føremål for uttale til første planforslag til Regional kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.
2. Sveio kommune støttar Samarbeidsrådet for Sunnhordland sin høyringsuttale og vil understreka dette:  
Havbruksnæringa er eit nasjonalt satsingsområde og ei av dei viktigaste næringane i vårt område. Det er eit mål å leggja til rette for best muleg vekst i næringa innanfor ei ramme av økonomisk, sosial og miljømessig bærekraft. Dette inneber at ein i forvaltninga må ta omsyn til både oppdrett og villaks.

Ruth G.Ø. Eriksen, FrP trekkjer sitt forslag.

Votering: Rådmannen sitt forslag fikk 2 stemmer.

Formannskapet si innstilling til kommunestyret vert vedtatt med 14 stemmer. Arne Tveit Katla sitt forslag falt med 11 stemmer.

## **KOM - vedtak:**

Sveio kommune ber om at Hordaland Fylkeskommune lar være å vedta ein felles kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Subsidiært utsetja vedtak til ny soneinndeling og Trafikklyssystem er på plass og deretter vurderer planen på ny.

Sveio kommune er positiv til at det er gjort einskilde grep for å rydda i plandokumenta og at planen no betre er tilpassa kommuneplanen. Dette inneber likevel ikkje at planen reelt sett har blitt monaleg betre, korkje i val av metode eller i måten den adresserer viktige problemstillingar på. Sveio kommune meiner at planen slik den no ligg føre ikkje har svart opp måla som vart sett i planprogrammet. Det er særskilt vanskeleg å sjå at «Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.»



Sveio kommune

Planen er ei kartlegging av dagens situasjon og kan såleis vera eit kunnskapsgrunnlag for framtidig planlegging av kystsona. Det er naturleg at det vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein plan.



## TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Telefaks

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900

5020 BERGEN

UGGDAL, 04.05.2017

Saksnr.	Dok.nr	Arkivkode	Avd/Sek/Saksh	Dykkar ref.
16/810	3005/17	500	TK//STDAL	

### REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER

Frå møte i KOMMUNESTYRET 25.04.2017, saknr. 27/17.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

«Tysnes kommune ber om at Hordaland Fylkeskommune skrinlegg forsøket på å etablera ein felles kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

Tysnes kommune er positiv til at det er gjort einskilde grep for å rydda i plandokumenta og at planen no betre er tilpassa kommuneplanen. Dette inneber likevel ikkje at planen reelt sett har blitt monaleg betre, korkje i val av metode eller i måten den adresserer viktige problemstillingar på.

Tysnes kommune meiner at planen slik den no ligg føre ikkje har svart opp måla som vart sett i planprogrammet. Det er særskilt vanskeleg å sjå at «*Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.*»

Planen synes å vera bakoverskuande og kan såleis ikkje seiast å eigentleg vera ein plan i det heile. Planen er ei kartlegging av dagens situasjon og kan såleis vera eit kunnskapsgrunnlag for framtidig planlegging av kystsona. Det er naturleg at det vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein plan.

På vesentlege punkt viser me til at vår opphavlege uttale framleis står ved lag, me ber såleis om at planen vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein regional plan.

Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek planen i si noverande form vil Tysnes

kommune vurderer å klage inn vedtaket etter plan og bygningslova § 8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teikneregler og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplan.

**Subsidiært** har me følgjande konkrete merknader til plankart og retningsliner, me ber om at dei vert vurdert i den vidare oppfølginga av planen.

Plankart:

Plankartet er med få unntak ein kopi av kommuneplanen sitt plankart frå 2003. Plankartet verkar såleis konserverande og ber preg av at det er ei kartlegging av bakoverskuande karakter og ikkje ein plan med framtidsretta karakter. Dette peikar mot at det ikkje bør nyttast plankart.

I plankartet er ein del eksisterande lokalitetar utvida for å få plass til anlegg som faktisk ligg der i dag, tilsvarande grep bør gjerast langs dei andre lokalitetane som er teikna inn i Langenuen.

Dersom det er meining at område avsett til akvakultur også skal vera tilstrekkeleg til å ivareta fortøying av anlegga må ein del område utvidast, alternativt må det presiserast i retningslinene at forankring av anlegg kan liggja utanfor det avsette arealføremålet.

Innteikna landskapsområde må avgrensast til sjøområde og ikkje trekkast opp over større landområder i Bårdsund og rundt Godøysund.

Plankartet bør ut frå målsetjinga som har lagt til grunn for arbeidet også kartfesta sjønære næringsområder for å ivareta sjøbunden næring sine behov for tilstøytande landareal.

I den grad planen skal ha ein kartdel må også nye område vurderast ikkje minst opp mot tilhøve som vassgjennomstrøyming, djupna og innverknad på sjukdomsførebygging i havbruksnæringa. Me vil i den samanheng vise til tidlegare søknad frå Lerøy om etablering av anlegg nord for Reksteren. Tysnes kommune ville ikkje vurderer dette som dispensasjon, men opna opp for å gjera ny vurdering ved neste rullering av kommuneplanen og den kommunale kystsona.

Retningsliner:

Tysnes kommune har følgjande merknader til retningslinene som følgjer planen,.

Retningsline 1.5:

Denne retningslina kan gå ut då det føl hovudregelen i areal og ressurspolitikken at endringar primært skal skje gjennom plan og ikkje gjennom dispensasjon. I dei tilfella lova sine krav om bruk av dispensasjon ligg føre skal dispensasjon kunne nyttast.

Retningsline 2.11:

Det er ikkje behov for denne retningslina då dette i dag vert styrt gjennom naturmangfaldlova og plan- og bygningslova sine føresegner om konsekvensutgreiing. Kva naturtypar som krev særskilt vern er i stadig endring då omfanget av kartlegging synes å vera mangelfullt. Tysnes kommune ber om at retningslina fell vekk, eller i det

minste at retningslina vert avslutta etter første punktum. Det er litt uklart om det er slik at fylkeskommunen meiner at karakteristiske naturtypar i samsvar med oppramsinga skal ha eit særskilt vern gjennom planen.

#### Retningsline 2.13

Denne retningslina bør gå ut då det ikkje er vedteke noko marint verneområde p.t. Dersom det seinare vert etablert eit slikt verneområde må me gå ut frå at retningslinene for verneområde er tilstrekkeleg til å ivareta turvande vern!

#### Retningsline 2.16

Det synes uklart kva som vert meint med denne retningslina, dersom det vert meint at kommunen i si planlegging skal vurdere på nye og eksisterande område gjennom ei meir detaljert kommuneplanlegging så er det fornuftig. I så tilfelle betyr det at det kartet som ligg til grunn i den regionale planen kan skrinleggjast då det uansett ikkje har noko styring og at det stort sett berre er ein kopi av gjeldande kommuneplanar.

Dersom fylkeskommunen her meiner at det skal utarbeidast detaljreguleringsplanar i sjø så er det i så tilfelle ein heilt ny tilnærming som heller ikkje er i samsvar med overordna nasjonale føringar. Det er viktig at innhaldet i denne retningslina vert nærare avklara.

Andre punktum i retningslina framstår også som uklart og me gjer framlegg om slik omformulering: «Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur der det vert vurdert som hensiktsmessig ut frå næringa sine behov vurdert opp mot andre interesser i det aktuelle området.» Ei slik formulering tar høgde for at det kan vera andre tilhøve enn teknologiske nyvinningar eller nye artar som gjev grunnlag for vurdering av nye områder. Det kan til dømes tenkjast at nye vurderingar knytt til sjukdomsførebygging hjå fisk kan gje grunnlag for å avsetja nye områder. Den føringa fylkeskommunen i dag legg opp til vil i realiteten avgrensa kommunen si plikt til å gjera ei heilskapleg konsekvensvurdering.

#### Retningsline – Strandsone

I utgangspunktet meiner me at retningsliner for strandsona ikkje er relevant for denne planen utover å visa samanheng mellom aktivitet i kystsona og behov for tilstøytande anlegg på land.

#### Retningsline 2.24

Retningslina kan ikkje setje til side, eller avgrensa lovkrava som følgjer av medverknadsprosessar i planlegginga.

#### Retningsline 2.25:

Denne retningslina har ingen relevans til planen sitt føremål og heller ingen anna relevans og bør såleis strykast.

#### Retningsline 2.27:

Her må det avklarast kva som vert meint, er meininga her at det er funksjonell strandsona som skal følgjast i størst mogleg grad uavhengig av 100 meters belte. I så tilfelle må det avklarast litt tydelegare i samband med planen. I ljøs av retningsline 2.28 kan retningsline 2.27 verta teke ut av planen.

#### Retningsline 2.29 til 2.35



Desse retningslinene bør gå ut då dei bør ivaretakast gjennom kommuneplan og den interkommunale planen for strandsona som er under arbeid. I den grad planen skal ha retningsliner for deler av dette bør dei vera avgrensa til dei tilfella der det er naudsynt for å oppretthalda samband mellom aktivitet i kystsona og strandsona.

#### Retningsline 2.39 til 2.42

Det er heilt uforståeleg at det vert nytta så mykje plass til retningsliner for naust med referanse til planen sitt føremål og planområde. Det vert bede om at desse retningslinene vert teke ut av planen. Retningsliner for naust må ivaretakast gjennom interkommunal strandsonerplan og kommunane si eigen planlegging

#### Retningsline 3.3.2

I retningslina vert det lagt opp til at akvakulturområde på kommuneplan nivå i hovudsak skal avsetjast som einbruksområde akvakultur. Tysnes kommune er fullstendig usamd i denne føringa. Me har gode røynsle med avsetjing av til akvakulturføremål i fleirbruksområde, me vil også visa til at dette kan vurderast analog opp mot områder for landbruk der fleirbruksområde er nytta gjennomgåande. Å krevja einbruksområde vil kunna skapa uturvande arealkonfliktar og lite fleksibilitet.

Når det gjeld spørsmål om fortøyning som også vert vurdert i denne retningslina ber me om at det vert trekt ut i ei eiga retningsline og vist til at fortøyningane kan gå utover føremålsgrrensa og elles vera i tråd med nasjonale retningsliner.

#### Retningsline 3.3.3

Tysnes kommune er som me har nemnt fleire gonger positive til at det i større grad vert vist sambruk mellom kyst- og strandsoner. Retningslina bør derimot i større mon leggja til rette for at havbruksnæringa også få tilstøytane næringsområder i strandsona for å redusera seglingstida. Basefunksjonar på land synes å vera ei fråverande tema i denne planen, men det må som eit minimum inn i retningslinene. «

Med helsing  
Tysnes kommune

Steinar Dalland  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*

# Innspel frå statlege organ

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
  
5020 BERGEN

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest  
Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Vår referanse: 11/6739  
Dykkar referanse: 2014/11042  
Dato: 28.03.2017

Att:

### **Avgrenset høring - Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - uttale**

Vi viser til brev av 17.02.2017 frå Hordaland fylkeskommune, avgrensa høring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Følgjande dokument/filar inngår i høringa;

- Notat endringar til avgrensa høring
- Planomtale med retningslinjer
- Plankart til kystsoneplanen

#### **Notat endringar til avgrensa høring - merknader**

Fiskeridirektoratet region vest saknar eit notat med oversikt og resymé av planprosessen fram til i dag, og resymé av merknader som kom inn ved forrige høring hausten 2015. I notatet om endringar til avgrensa høring vert det opplyst om at :

*Planendringane er basert på skriftlege merknadar, kommentarar og innspel i kommunevise møter, prosjektgruppemøte og styringsgruppemøter og vidare «Merknadane vil bli oppsummert og kommentert i ein høyringsrapport først når planen blir lagt fram til vedtak».*

Fiskeridirektoratet er ikkje kjend med innhaldet av alle høyringsfråsegner etter 1. gongs høring av planen, og vi understrekar at ei presentasjon av desse vil ha stor nytteverdi for å vurdere 2. gongs planframlegg som vert presentert. Vi er ellers positive til at det er laga eit notat med oppsummering/resymé av kva endringar som er føreteke i planomtala, i retningslinjer og på plankartet.

Vi påpeiker samstundes at det i notatet ikkje er omtala at det er teke inn vesentlege endringar i planomtala under kapittel 3.2 Marint naturgrunnlag.

### **Planomtale – vidarefører merknader frå førre høyring**

Vi viser til vårt brev av 01.10.2015 der vi har kome med en rekke innspel til tekstdel. Nokre av innspela vi har komme med er etter vår vurdering ikkje tilstrekkeleg fylgd opp.

### **Planomtale – merknader til kapittel 3.2 Marint naturgrunnlag**

Kapittel om 'Villfisk' under 3.2 Marint naturgrunnlag handlar om spørsmål kring villaks, sjøaure, lakseførande vassdrag, kvalitetsnorm, genetisk intregitet. Utbreiing av marine artar i Hardanger og Sunnhordland er ikkje omtala, som t.d gytevandring av brisling gjennom Hardangerfjorden, førekomst av kveite og pigghå for å nemne nokon. Vår vurdering er at kapitlet ikkje gjev ei tilstrekkeleg omtale av særtrekka i utbreiing av marin villfisk i planområdet. Vi rår til at det vert teke inn supplerande tekst om villfisk slik at ein oppnår eit meir 'balansert' innhald i kapitlet som skal omhandle villfisk. Fiskeridirektoratet deltek gjerne med nærare informasjon og utforming av tekst.

Siste kapittel under 3.2 Marint naturgrunnlag heiter 'Påverknad frå oppdrettsnæringa på naturmangfaldet'. Teksten er ny og er teke inn etter etter forrige revisjon. Det handlar om spørsmål til tap av ville laksestammar, lakselus, bestandstrussel, rømming av oppdrettslaks, genetisk innblanding og sjukdom i oppdrettsnæringa.

Vi meiner det manglar supplerande informasjon om korleis sektormynde og næringa arbeider med desse spørsmåla, og kva tiltak som er satt i verk. Vår vurdering er at kapitlet bør takast ut og at ein i staden henviser til nettstader kor ein vil finne meir nyansert og oppdatert informasjon om spørsmåla som t.d. på Fiskeridirektoratet si heimeside. Her kan ein mellom anna lese meir om nasjonalt overvakingsprogram for rømt oppdrettslaks i vassdrag; <http://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Drift-og-tilsyn/Roemming/Overvaakingsprogram-for-roemt-oppdrettslaks-i-vassdrag> . Her vil ein også finne oppdaterte rapporter og statistikk. På nettstaden <http://utfisking.no/> fins informasjon om OURO – oppdrettsnæringas sammenslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk.

### **Plankart – ingen merknader**

Fiskeridirektoratet region vest har ikkje særskilde merknadar til plankartet. Vi tar plankartet til etterretning.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Hordaland fylkeskommune                      Postboks 7900                      5020      BERGEN  
Regionalavdelinga

**Vedlegg**

Merknader til høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og  
ytre Hardanger - Hordaland fylkeskommune

Vår sakshandsamar Martin Vikhagen Åfløy 99 08 58 75	Vår dato 30.03.2017	Vår referanse 2012/4551-239/400
	Tidligere dato 14.02.2017	Tidligere referanse 2014/11042

---

Til  
Rogaland fylkeskommune

Postboks 130  
4001 STAVANGER

## **Avgrensa høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger**

Vi syner til høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Forsvarsbygg gjev uttale til denne type sakar med det utgangspunkt å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser.

Vi har lagt merke til at plankartet for regional kystsoneplan inneheld konflikter mellom akvakultur og Forsvarets skyte- og øvingsfelt i sjø. Som eksempel gjeld dette i Forsvarets skyte- og øvingsfelt Strandavik i Fusa kommune, der kystsoneplanen har angitt et område for akvakultur inne i skytefeltet. Forsvarsbygg har innvendingar til forslag til akvakultur som gir konflikt med Forsvarets skyte- og øvingsfelt, både i kystsoneplanen og i kommunale planar.

Forsvarets skytefelt i sjø er omtalt i planomtalen til regional kystsoneplan:

*2.12 Forsvarets øvings- og skytefelt skal ivaretakast i kommunale planar.*

Forsvarsbygg vil der det er nødvendig gje motsegn til kommunale planar som legg til rette for akvakultur i strid med Forsvarets skyte- og øvingsfelt i sjø.

Bjørn Bergesen  
Seksjonssjef arealplan

Forsvarsbygg eiendom

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.

Kopi til:

Forsvarsstaben Postboks 800, Postmottak 2617 LILLEHAMMER

---

<b>Postadresse</b> Postboks 405 Sentrum 0103 Oslo	<b>Fakturaadresse</b> Fakturasenteret Postboks 4394 2308 Hamar	<b>Telefon</b> 815 70 400 <b>Telefaks</b> 23 09 78 03	<b>E-postadresse</b> post@forsvarsbygg.no <b>Internett</b> www.forsvarsbygg.no	<b>Org. nr.</b> 975 950 662 <b>Bankkonto</b> 4714 10 00280
--	---	--	---	---







Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## Tilbakemelding om regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Vi viser til forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger slik det ligg føre no. Fylkesmannen har tidlegare gitt uttale til planforslaget. Etter uttalen vår av 06.10.2016 har vi også hatt fleire møte med Hordaland fylkeskommune om forslaget. Vi ser det som positive møte, der samtalanene har ført til viktige avklåringar.

Konklusjonane våre om planforslaget er følgjande:

- *Hordaland treng ein overordna regional kystsoneplan som gir klare føresetnader for alle planar i kommunane og også for interkommunale planar som gjeld sjø og kystsona. Trongen for ein regional plan for sjø og strandsona i Hordaland er blitt enda sterkare i den seinare tida.*
- *Vi er samde i retningslinene til planen med dei presiseringane vi har kome fram til i møte med fylkeskommunen. Vi strekar under at det er viktig at retningslinene blir som dette med det samla og overordna innhaldet og innan desse tema for at planen skal gi tilstrekkelege føresetnader for vidare planlegging og nye tiltak.*
- *Vi ser kartet som viktig med dei utgreiingane som ligg under og kjem til uttrykk her. Det er ein vesentleg del av den regionale planen som grunnlag for ytterlegare planavklåringar i kommunane. Det er viktig at utgreiingane og vurderingane som er gjort til no kjem klart fram, sjølv om vi ser trong for ytterlegare planavklåring i kommunane. Vi har nokre merknader til kartet og vegen for vidare planavklåring. Vi presiserer forståinga av kartet, då vi tidlegare har reist spørsmål ved det. Det er no avklåra.*

### Trongen for regional kystsoneplan

Fylkesmannen har tidlegare gitt uttale til planforslaga i brev av 07.10.2015 og 06.10.2016. Vi har der framheva at vi er nøgde med at Hordaland fylkeskommune utarbeidar plan med regionale retningsliner for kystsona. I løpet av denne tida og fram til no har trongen for regional plan og regionale retningsliner for kystsona i Hordaland blitt enda større. Det gjeld ikkje minst i Sunnhordland.

Vi ser det som positivt at Hordaland fylkeskommune har sett i gong regionalt planarbeid for kystsona, både for akvakultur og for strandsona. Erfaringa til Fylkesmannen er at det er viktig med overordna retningsliner for planlegging for akvakultur og strandsona i fylket. Kommunane treng den rettleiinga som ein regional plan gir på desse områda. Den regionale planen skal ut frå funksjonen sin vere førande for og komme framfor den interkommunale strandsoneplanen. Derfor er det viktig at den regionale kystsoneplanen blir gjort ferdig og vedtatt no.

Utbyggings- og aktivitetspresset har lenge vore stort på strandsona. Det er i dag, og har over tid, vore trong for å samordne plan- og utbyggingspraksisen mellom kommunane i Hordaland. Det gjeld særleg for kommunane med stort byggepress i strandsona, slik som i Sunnhordland. Vi ser i både einskildsaker og i planar at det er til hjelp for kommunane at det blir lagt til rette med utgreingar som går på tvers av kommunegrensene.

#### Trongen for regional plan for tilrettelegging for akvakultur

Med auka omfang av areal til akvakultur i Hordaland i den seinare tida har det vore nødvendig å få på plass ein riktig bruk av plan- og bygningslova. Både auka trong for areal, stadvis høgare produksjon og eit utvida kunnskapsnivå om verknadene av akvakultur har gjort det nødvendig for næringa og samfunnet elles å implementere utgreiingsmetodikken og opplegget for medverknad som ein planprosess etter plan- og bygningslova krev. Vi presiserer at det berre er tale om å følgje lova og å sette lovgitte krav. Ålmenne omsyn, likskap for lova og omsynet til rettstryggleik gjer det nødvendig. I tillegg er det krav i både akvakulturlova og forureiningslova at plassering av akvakulturanlegg er arealavklåra etter plan- og bygningslova, før ein kan gi løyve etter desse lovane.

Kommunane har i stor grad gitt dispensasjonar frå kommuneplanen for areal til akvakultur. Det kan skuldast dårlege eller lite tidsmessige planar. Men det gir ikkje den avklåringa eller medverknaden som er nødvendig. Fylkesmannen har klaga på fleire av desse dispensasjonane og vist til at ein må ha ein planprosess. Vi har i hovudsak fått medhald i desse klagene. Det har ført til auka trong for rettleiing ovanfor kommunane om gode planar og planprosessar for akvakultur. Fylkeskommunen og Fylkesmannen har eit felles ansvar for å rettleie kommunane i slike planar og prosessar. Den regionale planen er eit godt verkemiddel til slik rettleiing.

Den nemnde utviklinga har skjedd i dei åra som den regionale planen har vore utgreidd. Samstundes har som nemnd målet om vekst i akvakulturnæringa, kombinert med endra, meir arealkrevjande driftsløysingar ført til større trong for arealavklåringar i sjøen. Arealbruken må no vurderast for større sjøområde og på tvers av kommunegrensene. Fylkesmannen er klår i rådgivinga si om det til alle kommunane i Hordaland og i alle kommuneplanar. Vi støttar også slik felles planlegging med skjønsmidlar, m.a. for interkommunal planlegging, mellom anna i Nordhordland. Slik felles planlegging vil også ha stor nytte av den regionale og overordna planen.

#### Trongen for regional plan for strandsona

Det er stort bygge- og aktivitetspress i strandsona i Sunnhordland. Det har det vore lenge. Fylkesmannen ser at det lovgjevne strandsonevernet blir utfordra og til dels ikkje følgt opp, samt handsama ulikt i kommunane i Sunnhordland. Det skapar også ulik praksis som er godt synleg for publikum. Det kan bli oppfatta som ulik handsaming mellom kommunane og skape ytterlegare press på strandsona. Klåre og overordna retningslinjer for strandsona i Hordaland er difor eit plantiltak som Fylkesmannen stør opp om.

Både dei siste lovendingane i plan- og bygningslova og dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging er klåre på at arealavklåringar skal skje i plan og ikkje ved dispensasjonar eller einskildvedtak. Ved siste handsaminga av endringar i plan- og bygningslova fastsette Stortinget at dispensasjonsregelen ligg fast og styrkte omsyna som skal vurderast. Samstundes fastsette Stortinget at byggeforbodet i strandsona også gjeld for eldre reguleringsplanar. Samla er det i praksis ei styrking av strandsonevernet og gir ytterlegare trong for ein overordna plan for kystsona i Hordaland.

Det er for mange dispensasjonar i Hordaland, særleg i strandsona. I 2016 klaga Fylkesmannen på 83 dispensasjonar i kommunane, der 50 av desse gjaldt tiltak i strandsona, dvs. om lag 60 % av klagene. Vi er ikkje i tvil om vi kunne ha klaga på fleire dispensasjonar i strandsona enn det vi gjer, men vi legg lista for å klage relativt høgt. Det relativt høge klagetallet her, viser at det er trong for både betre planar i strandsona, og at kommunane forstår dei omsyna som skal takast i strandsona.

Mange av motsegnene til planar gjeld også for strandsona. Vi finn at vi balanserer strandsonevernet i rådgivinga og i motsegnene våre, som også blir stadfesta. Men vi erfarer at nokre kommunar ikkje har den nødvendige forståinga av dei nasjonale føresetnadene for strandsona og korleis dei skal handterast. Det gjer det nødvendig med klåre overordna føreseigner eller retningslinjer for strandsona samt at dei er relativt detaljerte og opplyssande for bruk i den kommunale planlegginga.

#### Kartet

Fylkesmannen har vore kritisk til korleis kartet kan bli oppfatta og nytta. Det har vore diskutert i fleire møte med fylkeskommunen. Vi vil derfor presisere forståinga av bruken av kartet. Vi er positive til dei utgreiingane som fylkeskommunen har fått gjort, så langt desse rekk. Vi ser gjerne at dei blir formidla til hjelp for kommunane i arealplanlegginga. Samstundes må arealet til akvakultur basere seg på oppdatert kunnskap. Vi oppfattar at fylkeskommunen er samd i det. Også den kunnskapen som kartet er basert på no, må derfor oppdaterast når kartet skal nyttast.

I tillegg er det trong for ytterlegare utgreiingar for arealavklåring for akvakultur. Det må gjerast i arealdelen til kommuneplanane, eventuelt i reguleringsplan. Slik ser vi også at kartet er bygd opp saman med retningslinene. Det vesentlege for Fylkesmannen er at kartet med utgreiingane ikkje dekker alle tema som er nødvendige for medverknaden vår til avklåring. Det finn vi kjem tilstrekkeleg fram i retningslinene pkt. 2.14 og 2.16. Etter samtale med fylkeskommunen skal ordlyd i første setning i pkt. 2.16 vere:

*«Område avsett til akvakultur i regionplanen er retningsgivande og skal vurderast og detaljerast vidare i kommunal arealplanlegging.»*

Vi presiserer også at «eksisterande akvakulturområde» i pkt. 2.14 og «Nye område for akvakultur» i pkt. 16 refererer seg til dei som er gjeldande i kommuneplanane.

Det ovannemnde er i samsvar med planomtalen midt på side 29:

*«Basert på interesseavklaringane skildra i eige kapitel er det opna for utviding i område med høvesvis lågt konfliktpotensiale mellom akvakultur og andre interesser. Ei eventuell utviding av arealsoner for akvakultur må handterast gjennom ei prioritering av interesser i kommuneplanprosessane i dei enkelte kommunane. Alle arealendringar må konsekvensutgreiast på kommunalt nivå sjølv om arealet er synt med arealsoner som inkluderer akvakultur i kystsoneplanen» (Understreka av oss for å framheve det som vi ser som viktig.)*

Fylkesmannen forstår dette slik at når ein talar om ei utviding av område for akvakultur, er det utviding av dei områda som er arealavsette i kommuneplanane til akvakultur i dag.

Planomtalen har fleire stader omtale av m.a. kartet, sjå side 6:

*«Det regionale plankartet og retningslinene er retningsgivande for vidare kommunal planlegging og konsekvensutgreiing. Rettsleg bindande arealbruk vert fastlagt i den kommunale arealplanlegginga etter plan og bygningslova. Den regionale planen er ein overordna plan, som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve.»*

Og vidare på side 30:

*«Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger sine føringar for akvakultur skal utdjupest vidare i kommunale planar. Kommunane bør gjennom sine kommuneplanprosessar vurdere å differensiere ytterlegare innanfor areala avsett til akvakultur i plankartet, og eventuelt setja av deler av desse områda til reine akvakulturføremål der det er hensiktsmessig jf. retningsline 2.16. Planen tek ikkje stilling til detaljerte spørsmål, og det er naudsynt å avklare desse med bakgrunn i lokal kunnskap og prioriteringar. Mellom anna må avveging knytt til lokalisering av anlegg i nærleik av større*

*bustad- eller fritidsbustadområde gjennomførast som del av kommunal planlegging, jf. retningsline 3.3.3.»*

Totalt sett kjem karakteren av kartet som rettleiande og utgangspunkt for vidare kommunal planlegging godt fram. Vi er derfor ikkje lenger kritisk til at kartet blir karakterisert som eit plankart, men for å få fram at det ikkje er tale om eit ordinært plankart, ber om at kartet får nemninga:

*«Plankart – vurderingssone for kommunal planlegging».*

#### Nærare om korreksjonar til og vurderingar i kartet

##### Akvakultur

Vi har vore, og er, kritiske til at kartet syner eksisterande akvakultur i kommuneplanane. Vi sa om det i brevet vårt av 06.10.2016:

*«Vi kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg for den regionale planen å legge til grunn avsette areal til akvakultur i eksisterande kommuneplanar, då desse kan mangle/manglar dei nødvendige konsekvensutgreiingane eller at vurderingane bygger på forelda kunnskap, jf. ovanfor.»*

Vi meiner framleis det. Den regionale planen bør syne dei større områda som kan vurderast som område for utviding eller flytting av anlegg, ikkje noverande plasseringar der vi ikkje kjenner kunnskapsgrunnlaget for plasseringa.

##### Arealsoner landskap

Vi meiner framleis at planen må vise landskapssonene slik som utgreiingane gir grunnlag for. Vi er nøgd med at det er gjort for Fitjarøyane. Her er det særskild viktig ut frå verdiane i området. Vi vil også nemne andre stader der vi finn at det er viktig å vise landskapssona fullt ut er:

- Maurangsfjorden
- Nord i Lygrefjorden

Vi gjer merksam på at det kan vere fleire område der det ikkje ligg føre alle dei fire omsyn som er lagt til grunn for arealsoner landskap, men der det vil vere natur- og landskapsomsyn som vil vege tungt mot tiltak som akvakultur i området. Det kan m.a. vere i sjøområdet aust for Skorpo.

##### Anna

Tema som vi ikkje kan sjå er fullt utgreidd, er leveområde for sjøaure og vandringsruter for laksefisk. Det vil fleire stader føre til innskrenka område for å vurdere å plassere akvakulturanlegg.

Dette er tema og omsyn som vi vil måtte ha fokus på i dei vidare planprosessane i kommunane, så langt plan- og bygningslova rekk og i god dialog med andre relevante sektorstyresmakter.

##### Forureinglova

I einskildsakene vil Fylkesmannen også vurdere om ein kan gi løyve etter forureinglova der areala er planavklart etter plan- og bygningslova. Til orientering også til den regionale kystsoneplanen gjer vi merksam på at vi i det siste året har sett at fleire av terskelfjordane våre ikkje lenger har den kapasiteten for utslepp av organisk materiale som vi har trudd. Det har ført til at Fylkesmannen nyleg har måtta trekke tilbake to utsleppsløyve i Masfjorden og redusert ytterlegare tre utsleppsløyve i same fjord. Situasjonen er mykje den same i Sørfjorden ved Osterøy der det og er naudsynt med tiltak etter at miljøtilstanden er blitt redusert.

I Sunnhordlandsområdet er heile Hardangerfjorden ein terskelfjord. Grunnaste parti er over der kor Bømlafjordtunnellen har traseen sin. Bassenget innanfor har eit største djup på 900 meter. Det er og ein markert terskel sør for Tysnes på 170 meter djup. Hardangerfjorden har og fleire sidefjoridar med terskel ved innløpet, som t.d. Åkrafjorden. Det reduserer utskiftinga av bassengvatnet. Vi ser i

dag at bereevna for lokalitetane vert redusert innover fjorden. Skår på MOM B -granskingane blir høgare jo lenger inn fjorden ein kjem. Vidare ser vi ei utvikling i næringa i retning av å plassere anlegga lenger frå land over djupare vatn. Det inneber at organisk materiale sedimenterer i den delen av fjordbassenget som har den lågaste kapasiteten for å bryte ned dette materialet.

### Retningslinene

Fylkesmannen understrekar at den regionale planen må ha overordna retningsliner som vil vere førande for den kommunale planlegginga.

Vi har tidlegare hatt merknader til forslag til retningsliner. Desse er blitt reviderte. Vi har deretter hatt møte med Hordaland fylkeskommune der vi gjekk igjennom dei reviderte retningslinene. Vi meiner at vi blei samde om innhald og ordlyd i retningslinene, i hovudsak avklåringar og presisering av ordbruk. Vi viser til nokre her. Vi viser m.a. til endring i ordlyd i første setning i pkt. 2.16, sjå ovanfor.

Vi er vidare samde med fylkeskommunen i at kommunane i hovudsak må avsette areal for sjølve akvakulturanlegget som eit einbruksområde. Så kan noko av området for fortøyingane markerast for det, eventuelt inngå i fleirbruksområde. Men det er viktig at det blir godt og korrekt planavklårt.

Av andre presiseringar/endringar som vi er samde om, viser vi til følgjande:

I pkt. 2.32 blir første setning: *«Det skal stillast plankrav til nye byggeområde i strandsona.»*

I pkt. 2.38 endrar ein omgrepa i første setning frå *«-eigedomar»* til *«bustad- og fritidsbustadområder»*.

Retningslinene må vise og framheve dei regionale og nasjonale føresetnadene for planlegging. Derfor er det viktig å halde fast ved den forma og det innhaldet som retningslinene har fått, m.a. med slikt innhaldet som i pkt. 1.5, 2.1, 2.3 m.m. For Fylkesmannen er innhaldet i pkt. 2.11 og 2.13 viktig. Gode overordna planprinsipp for strandsona må ein ha. M.a. viser pkt. 2.25 eit viktig planprinsipp for kommunane og som vi finn det nødvendig å framheve. Alle retningslinene for strandsona med tiltak der og naust er viktige for oss. Dei er i samsvar med planretningslinene for strandsona og må haldast fast på. Vurdering av alternative plasseringar bort frå strandsona, pkt. 2.30, samt pkt. 2.34 for tilrettelegging for ålmenn tilgang i tettstader er viktig grep for aktuell planlegging for fortetting.

Det skal ikkje byggast fritidsbustader til sjøen. Det gjer det særskilt viktig å halde på krava til naust og å sjå til at desse blir følgd. Dessverre viser erfaringa vår at desse retningslinene er nødvendige, og at det er nødvendig med så detaljerte retningsliner for naust også i ein overordna plan.

### Sluttmerknader

Vi har ikkje ytterlegare merknader til at Hordaland fylkeskommune vedtek den regionale planen med dei overordna føresetnadene som det no er gjort framlegg om. Fylkesmannen ber om å bli halden orientert om eventuelle endringar i sluttfasen og at vi får tilsendt planvedtaket med kart og retningsliner. Vi vil elles ta stilling til den endelege planen når han er vedteken.

Skulle det vere ønskje om det, er vi opne for ein vidare dialog. Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med planen.

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



# KYSTVERKET

Vest

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Dykkar ref.:  
2014/11042

Vår ref.:  
2011/3292-25

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Lene Røkke Mathisen

Dato:  
31.03.2017

## Fråsegn til avgrensa høyring av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Syner til brev, datert 16.2.2017, vedkomne ovannemnte.

Me syner til tidlegare uttale, datert 1.10.2015, der me oppmoda om å justere enkelte områder satt av til akvakultur, dette gjaldt særleg tre areal vest av Varaldsøy i Øynefjorden og tre areal i Ålfjorden. Det er også fleire andre områder satt av til akvakultur som ligg tett opp til både hovud- og bilei.

Ved Varaldsøy var tre områder satt av til «Akvakultur, eksisterande anlegg». Som me påpeika dekkar desse områda større deler av bilei 2192 – Øynefjorden og ved eventuelle søknader til utviding av eksisterande anlegg, ville desse kunne kome i konflikt med farleia. Me kan ikkje sjå at våre merknader er følgt opp i det planforslaget som no føreligg. Også i Ålfjorden er det tre områder satt av til «Akvakultur, eksisterande anlegg» som kjem tett opp til farleia og som me oppmoda om å justere i førre runde. Ved Vikebygd er det merka av riggområde. Om akvakulturanlegg kjem for langt ut i fjorden vil desse kunne kome i konflikt med slep av riggar eller andre offshoreinstallasjonar inn til Vikebygd.

Me meiner det er særst uheldig å utvide eksisterande areal til akvakultur så tett opp mot farleiene at det vil kunne kome i konflikt med maritim næring og skipsfart. Vidare meiner me at kystsoneplanen, med tanke på areal satt av til «Akvakultur, eksisterande anlegg», vil leggje til grunn delvis urealistiske premisser for oppdrettsnæringa og for kommunane som skal planlegge i sjøområda. Kystverket vil ikkje kunne akseptere akvakulturområder som har eit overflateareal som dekkar så mykje av farleiområdet i plansamanheng.

Me ber difor om at ein revurderer omfanget av desse areala. Ta gjerne kontakt for vidare innspel og konkrete forslag.

Med helsing

Lene Røkke Mathisen  
seniorrådgiver


*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Region Kystverket Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Vedlegg:







# KYSTVERKET

Vest

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2011/3292-28

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Lene Røkke Mathisen

Dato:  
23.05.2017

## Tilleggskommentar til avgrensa høyring av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger

Syner til vårt møte 5.5.2017 vedkomande Kystverket sine innspel til avgrensa høyring av regional kystsoneplan.

Me ser behov for å presisere våre tilbakemeldingar i enkelte områder og takkar for mogelegheita for å gjere dette no.

Kystverket synest generelt at det er positivt at det vert utarbeida ein regional plan for utvikling av akvakultur i eit område med mange viktige interesser. Me ynskjer å peike på enkelte områder der me ser at det føreslåtte akvakulturarealet vil kunne ha negativ påverknad på sjøverts ferdsle og andre maritime interesser.

- **Langenuen:** Området er smalt og med mange eksisterande akvakulturanlegg. Me har motteke søknader om utviding av anlegg ved fleire høve. Kystverket er bekymra for denne utviklinga og ynskjer ei oppbremsing av utvidinga av akvakulturområder i Langenuen. Dette gjeld særleg området mellom Tysnes og Fitjar. Det er særleg den potensielle konflikta mellom fortøying av anlegga og slep av større offshoreinstallasjonar våre losar er bekymra for.
- **Solesnes og Samlaneset:** Det er her innteikna to areal for «sjø og vassdrag generelt, utvida område med AK» som ikkje låg inne i kart-utkastet frå 2015. Desse områda strekk seg langt ut i leia og vil kunne vere til hinder for trafikken i hovudleia inn Hardangerfjorden. Kystverket ber om at desse to områda vert fjerna eller sterkt redusert.
- **Ålfjorden:** Riggområdet ved Vikebygd er per i dag lite brukt, men om ein ser på utviklinga i offshorenæringa i dag så kan aktiviteten i dette området ta seg opp, som den har i riggområdet i Ølensfjorden. Slep av større offshoreinstallasjonar er arealkrevjande og kan kome i konflikt med akvakulturanlegg som ligg ute i leia. Kystverket ber difor om at arealet «sjø og vassdrag generelt, utvida område med AK» nord i Ålfjorden vert redusert til same storleik som i planforslaget frå 2015.
- **Opplagsområdet i Onarheimsfjorden:** Opplagsområdet i Onarheimsfjorden er ikkje tatt inn i plankartet. Tilgjengelege opplagsområder i Sunnhordland og Ytre Hardanger er viktige og vil vere viktige framover, både med tanke på utviklinga i offshorenæringa men også på grunn av aktiviteten særleg knyta til Eldøyane og Ølensvåg. Me ber om at dette vert synleggjort i kartet.

Me ber om at desse innspela vert omsyntatt i det vidare arbeidet med kystsoneplanen.

### Region Kystverket Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Med helsing

Lene Røkke Mathisen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Interne kopimottakere:  
Kjell Asle Djupevåg    Vestlandet losoldermannskap    KYV-LOS V

Vedlegg:

# Innspel frå næringsaktørar



Dykkar ref. : 2014/1102

Vår ref. : Kristian Råsberg

Dato : 28.03.2017

## **Alsaker Fjordbruk AS Innspel til høyringsforslag – Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger**

Me syner til høyringsforslag med uttalefrist 29.03.2017.

Alsaker Fjordbruk er eit heilintegrert oppdrettskonsern med klekkeri, settefisk, matfisk, slakteri og servicebåtar. Me har verksemd i 13 kommunar i Hordaland og Rogaland, omlag 250 tilsette og omsette for 1,7 milliardar kroner i 2016. Produksjonen er omlag 30.000 tonn laks, som utgjør 160 millionar middagsporsjonar.

### **1. Hovudintrykk av planen og planarbeidet**

Alsaker Fjordbruk tykkjer Hordaland fylkeskommune ikkje har lukkast med å forankre planarbeidet lokalt i fleire av kommunane, og er difor uroa for legitimiteten til planarbeidet. Fylkeskommunen synest heller ikkje å ha lukkast som nærings- og utviklingsaktør å spele på lag med kommunar og havbruksnæringa i denne saka. Gjennom plankart og retningslinjer bidreg planen til å skape mistillit til lokale prosessar.

Me finn få spor etter dei nasjonale ambisjonane for havbruksnæringa i planen. Dersom Hordaland skal møte desse meinar me store delar av planen treng ei justering.

### **2. Gløymde intensjonar**

Alsaker Fjordbruk har inntrykk av at intensjonane og utgangspunktet for planarbeidet er gløymt undervegs. I 2013 vart det fremja søknad til Fiskeri- og kystdepartementet der Hordaland fylkeskommune ynskja å verte pilotfylke for regional kystsoneplanlegging. Frå søknaden går det m.a. fram «*at det er trong for auka regionalt sjølvstyre i havbruksforvaltninga ... Fylkeskommunen er ein regional utviklingsaktør. Det vil seie at fylkeskommunen må syte for å kjenne utfordringane i fylket og kommunane og næringslivet sine behov ... Havbruksnæringa er av stor interesse og viktigheit for Hordaland ... dersom fylkeskommunen sine verkemidlar ikkje vert utvida, men held fram som detaljert regelstyring, går vi glipp av den regionale meirverdien. Vi fryktar også innføring av fleire statlege reglar og forskrifter ...*»

Det Fylkesutvalet og Fylkestinget frykta skulle skje gjennom statleg detaljstyring er no i ferd med å skje gjennom regional detaljstyring i eige pilotprosjekt – kystsoneplanen.

### **3. Innspel til plankartet**

Alsaker Fjordbruk ser positivt på at ein gjennom plankartet har lagt til rette for meir areal kring langt dei fleste eksisterande lokalitetar, men saknar større planmessige grep som kan gje reell vekst, nye lokalitetar og møte nasjonale ambisjonar for dei neste tiåra. Planen slik han føreligg er mykje ei vidareføring av etablerte lokalitetar og allereie avsette område i kommuneplanane, og vert soleis i stor grad ein bakoverskuande plan.

Når ein gjennom regional plan òg utarbeidar plankart oppstår det ei fare for at nyansar og lokale tilhøve ikkje vert reflekterte. Me ser at Rogaland har valgt å løyse sin plan for havbruk på ein heilt

Alsaker AS

Alsaker  
Fjordbruk AS

Bjølve  
Bruk AS

Bolstad  
Bruk AS

Fjelberg  
Fjordbruk AS

Fjon  
Bruk AS

Fjordbruk  
Service AS

Nordsjø  
Fjordbruk AS

Onarheim  
Bruk AS

Rogaland  
Fjordbruk AS

Røvær  
Fjordbruk AS

Salar  
Bruk AS

Sunnhordland  
Fjordbruk AS

Toftøy  
Fjordbruk AS

Tveit  
Brygge AS

Tysnes  
Fjordbruk AS

Viking  
Fjord AS

Ølve  
Bruk AS

Åmøy  
Fjordbruk AS

annan måte. Det er ein regional plan sin natur å vera overordna og lite detaljert, og eit plankart vil fort fange og verke for styrande i det einskilde område skal til vurdering i lokale prosessar.

Me ser at ein gjennom kystzoneplanen sitt plankart ikkje har klart å fange opp ei rekke pågåande prosessar lokalt, og me er uroa for at kystzoneplanen med si detaljgrad kan hemme desse prosessane vidare. Dette er intensjonar og siktemål kommune og næringsaktør har arbeidd med i fellesskap over fleire år, som òg gjerne heng saman med eit enno meir langvarig prosjekt knytt til ny og framtidsretta lokalitetsstruktur i det einskilde konsernet.

For Alsaker Fjordbruk sin del vil me særskilt peike på følgande område:

#### Samlaneset, Jondal kommune

Alsaker Fjordbruk AS har sidan 2014 hatt god og konstruktiv dialog med Jondal kommune om lokalitet nord om Samlaneset. Seinsumaren 2016 fekk me stadfesta at dette innspelet var til vurdering, og at ein ville løyse det ved å flytte dagens unyttta areal AK1, utanfor Herand/Mælsvik, nordaust om Samlaneset i tråd med våre innspel. I regional kystzoneplan er AK1 og AK2 i Jondal sin kommeplan føreslått vidareført og samankopla.

Med bakgrunn i den dialogen me har hatt med Jondal over dei seinare åra, oppmodar me om at området for *Sjø og vassdrag generelt (utvida omr. med AK)* vert utvida til å også omfatte areal nord for Samlaneset. Me trur ei slik lokalisering vil vera den beste både i høve til botntilhøve, straum, båttrafikk, busetnad m.m. Det vert synt til vedlegg 1.

#### **4. Konkrete innspel til retningslinene**

Retningsline 1.5 legg til grunn at endringar i «areal- og ressurspolitikken» bør skje ved å ta planane opp til revisjon heller enn å gje dispensasjonar. Det er uklårt kva type saker fylkeskommunen meiner denne føresegna omfattar, men det er peikt på at dispensasjonar skal følgje opp «måla og retningslinene i regional plan».

Som de kjenner til er planarbeid ressurskrevjande og tidkrevjande, og må ofte vera det for å sikre gode prosessar og eit godt sluttresultat. Dei stadig endra behova og krava til havbruksnæringa er gjerne meir omskiftelege enn planane som styrar bruken av sjøareala. I slike tilfeller må offentlege styresmakter gjera seg nytte av dei verkemiddel som ligg i plan- og bygningslova, for å sikre fornuftige driftsløysingar, oppgradert merdteknologi, justert/endra anlegg av omsyn til fiskehelse, m.v. Diverre har me i Hordaland i aukande grad sett døme på at gode intensjonar frå havbruksaktørar vert stogga av for lite fleksible arealplanar og ei for streng tolking av dispensasjonsinstituttet i plan- og bygningslova § 19-2.

Me meiner denne retningslina ikkje sikrar havbruksnæringa i stor nok grad, og er uroa for at den kan verte lesen i retning av ei innskrenking av dispensasjonsinstituttet. Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har lagt til grunn at i slike tilfeller vil dispensasjonar vera naudsynt for å sikre dei omsyna som ligg bak oppdrettar sitt behov for å flytte, utvide eller endre lokaliteten (ref 16/1329-5). Alsaker Fjordbruk støttar dette synet.

Skal ein lukkast med å få ned talet dispensasjonar må også planane sikre tilstrekkeleg fleksibilitet i høve til naudsynte endringar, justeringar, o.l.

Retningsline 2.9 legg til grunn at kommunane «skal ta omsyn til kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk». Då desse kartleggingane både har ulikt opphav og tidfesting, og i tillegg rommar ei verdivurdering, bør ein til liks med øvrige generelle retningsliner også her vektlegge dei «særskilt viktige» områda. Fylket vil vera inne i ei langvarig omstillingsfase, og ein bør ikkje - utan unnatak - nedfelle retningsliner som gjev gyteområde fortrinn overfor ei annan næring kor regionen vår har naturgjevne føresetnadar.

Retningsline 2.11 sler fast at prioriterte artar og utvalde naturtypar skal ivaretakast særskilt. Også her er me uroa for at slike registreringar utan unnatak vil verte nytta som motsegngrunnlag, og kunne innsnevre det behovet for skjønnd dei ulike sakene rommar både i høve til matproduksjon, verdiskaping og ivaretaking av sysselsetting i lokalsamfunna.

Retningsline 2.13 peikar på «nye tiltak innanfor området som er føreslege som marint verneområde» (vår understreking). Det er uheldig at retningslina byggjer på føreslegne område. Dette vil særleg bidra til uvisse og lite føreseielege prosessar dersom høyringsforslaga retningslina



byggjer på vert endra eller ikkje vedtekne i det heile. Ein må ha respekt for pågåande prosessar, og ikkje binde opp denne planen til dei verneforslaga som enno ikkje er vedtekne.

Retningsliner 2.15 legg til grunn at ein ved tilbaketrekking av løyve etter akvakulturlova skal vurdere arealbruken i sjøområdet på nytt. I denne retningslina ligg det ei implisitt forståing av at ein grunna tilbaketrekking av løyve etter anna lovverk òg bør revidere arealbruken etter plan- og bygningslova. Me meiner dette sender feil signal i høve til dei nasjonale ambisjonane. KR D peikar i sitt brev (ref 16/1329-5) på at dei «*store ambisjonane for vekst i akvakulturnæringa vil kreve avsetning av betydelig areal i kommuneplanane*». Skal ein gjennom regional og kommunal planlegging kunne møte desse ambisjonane er ein god arealreserve heilt naudsynt.

Retningsline 2.16 legg til grunn at akvakulturområda som er viste i regionalplanen «*skal vurderas og detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging*». Det er uklårt for oss kva fylkeskommunen faktisk meiner med at områda skal «*detaljerast vidare*». Dersom det i dette ligg ei forventning om å utarbeide detaljreguleringsplanar på sjøareala, vil me igjen peike på KR D sitt brev der ein sler fast at «*kommuneplanen er det beste verktøyet til å avklare overordnede arealinteresser*». Vidare i brevet heiter det at det berre er i «*særskilte tilfelle, der det er behov for en detaljert vurdering eller der tiltaket innebærer betydelige bygge- og anleggstiltak både i sjø og på land*» at det er behov for reguleringsplan. Av retningslina ser me kimen til ei aukande detaljregulering av sjøareala, noko som i tilfelle står i strid med departementet sine vurderingar.

Retningslina byggjer vidare på at kommunen «*kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar*». Det er uklårt for oss kva fylkeskommunen legg i omgrepet «*større teknologiske nyvinningar*», men me vil framheve at det skjer ei kontinuerleg utvikling av den opne merdteknologien. Dersom det ikkje er denne teknologiutviklinga retningslina er meint å fange opp, vil me ropa eit varsku både i høve til havbruksnæringa sin framtidige arealtilgong, realisme i planarbeidet og ikkje minst den aukande kostnadssida annan teknologi vil medføra. Me finn det uansett tvilsamt om plan- og bygningslova i det heile gjev heimel for å (gjennom føresegn eller retningsline) styre arealbruken etter val av teknologi på denne måten.

Retningsline 2.24 gjev «*lokale friluftsansjasjonar, båtlag, grendelag og velforeiningar og fylkesmannen som statleg sektororgan*» særleg prioritet i høve til medverknad. Det undrar oss at somme uttalepartar vert gjevne fortrinn framføre andre i strandsona, og at dei private ansjasjonane er så snevert samansette. I høve til dei krava til medverknad som følgjer av plan- og bygningslova § 5-1 meiner me denne føresegna klårt går for langt i éi retning.

Retningsline 2.27 fastslår at nye byggjeområde «*som hovudregel ikkje skal lokalisert i 100-metersbeltet eller i område kartlagt som funksjonell strandsona*». Me meiner denne retningslina ikkje godt nok tek opp i seg føringane som er gjevne i Statlige planretningsliner for differensiert strandsoneforvaltning. Kommunane som inngår i kystsonen er anten permanent eller mellombels plasserte i planretningslina si sone 3, kor det m.a. er peikt på at utbygging i strandsona bør lokalisert til område som allereie er bebygde – og at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal tilleggast vekt. Hovudregelen retningslina byggjer på liknar meir på ein variant av dei strengare sonene 1 og 2. Dette inntrykket vert stadfesta av retningsline 2.30 kor ein nær sagt ordrett byggjer på sone 1 (planretningslina pkt 5.2 kulepunkt 2) der nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak skal skje så langt unna sjøen som mogleg og lenger vekk enn eksisterande tiltak. Sone 3 legg derimot ingen likelydande føringar omkring lokalisering.

Me finn det uheldig at retningsline 3.1.2 ikkje gjev grunnlag for vidareutvikling av eksisterande næringsverksemd innanfor arealsone landskap.

Retningsline 3.3.2 legg «i hovudsak» opp til at akvakulturområde skal avsetjast som einbruksområde i kommuneplanane. Alsaker Fjordbruk meiner det ikkje fins grunnlag for å skilje mellom havbruk og landbruk i høve til einskaplege og fleirskaplege arealføremål. Matprodusentar i primærnæringa har lange tradisjonar for å forvalta fleirbruksområde. Landbruksnæringa har sin fleirbrukskategori LNF (landbruk, natur, friluft), medan havbruksnæringa har FFNFA (fiske, ferdsel, natur, friluft, akvakultur) eller liknande nemningar.

Dei siste åra har ein langs kysten sett ei rekke døme på at for einskaplege arealføremål fort kan hindre føremålstenelege justeringar av eksisterande anlegg, sjølv om bakgrunnen for justeringane kan vera eit ynskje om betra miljøstatus, fiskevelferd, e.l. Dersom ein skal legge til grunn at anlegget som hovudregel bør ligge i einbruksområde, vil dette krevje sær store arealflater for å sikre naudsynt fleksibilitet i høve til stadig endra krav og behov. Somme kommunar har erkjent

dette, og legg til rette for større fleksibilitet i kring av einbruksområda. Til dømes kan mindre justeringar og utvidingar av anlegg gå inn i fleirbruksområde. Det bør vera opp til det kommunale skjønnnet å vurdere kva som er mest teneleg i eigne sjøområde, og me er uroa for at hovudregelen retningslina legg opp til i praksis vil syne seg å ikkje gje havbruksnæringa tilstrekkeleg fleksibilitet då arealbeslaget ved tenelege einbruksføremål kan verte oppfatta som stort – og auke areal- og brukskonflikter innanfor eit område.

Retningsline 3.3.3 føreset at sjøområda vert sett i samanheng med arealbruk på land. Denne heilskapstanken støttar Alsaker Fjordbruk, men me merkar oss at retningslina vidare berre har fokus på kvar akvakultur ikkje skal lokaliserast i høve til interesser og arealbruk på landsida. Havbruksnæringa har i aukande grad behov for større landbasar, og det er eit klårt siktemål at desse vert lokalisert slik at seglingstid vert redusert. Me er usikre på om retningslina fangar opp omsyna til basefunksjonar på land. Til sist i retningslina stussar me på at ein regional plan legg føringar for *lokalt* friluftsliv. Lokale omsyn bør utelukkande ligge til kommunane å vurdere.

Retningsline 3.3.4 føreset at nye akvakulturanlegg ikkje bør lokaliserast «*tett opp til anadrome vassdrag*». Det er uklårt for oss kva fylkeskommunen meiner med «tett opp til». Denne retningslina vil legge band på store areal så lenge samtlege anadrome vassdrag – utan unntak – vert gjevne ei udefinert «forvaltningsgrense». Innanfor planområdet er det éitt nasjonalt laksevassdrag. Me er sikre på at det beste for alle interessegrupper er at ein forhold seg til eksisterande og viktige kartleggingar, og ikkje lanserar nye vassdrag og grenseomgrep. Slik retningslina no står fryktar me at resultatet vert konfliktfylte og lite føreseielege prosessar.

Retningsline 3.3.5 føreset at vurderingar knytt til vertikalnivå og oppdrettsart vert gjort som del av planlegginga. Så lenge ny rettleiar for planlegging i sjø ikkje føreligg frå KRD meiner me det er tidleg å ha sterke meiningar om planlegging i vertikalnivået. Somme kommunar har løyst tema som fortøying/oppankring på ein god måte gjennom føresegnene, og me trur framleis det er det mest oversiktlege. Når det kjem til oppdrettsart meiner me bestemt det ikkje er ei kommunal planleggingsoppgåve å fastsette artar til dei ulike arealføremåla. Plan- og bygningslova gjev etter det me kan sjå heller ikkje heimel til å differensiera underføremålet akvakultur på ein slik måte. Her bør ein ha større tiltru til relevant sektormynd og den einskilde oppdrettar.

\*\*\*

Alsaker Fjordbruk er ikkje framande for at overordna planar skal sikre særskilt viktige verneomsyn, og deretter opne opp «restareal» for andre føremål, men då må ein samstundes erkjenne at ein ikkje kan verne alt. Ein må samstundes ta høgde for at det i ytterkantane av dei viktige verneområda kan føregå aktivitet, og at eksisterande verksemd innanfor dei kartlagde områda kan vidareutviklast. Ein må òg vera sikker på at desse restareala faktisk er eigna for matproduksjon, og at ein i medhald av anna sektorlovverk faktisk kan etablere produksjon der. Av plankartet og Mattilsynet sine krav om innbyrdes avstand mellom lokalitetar, ser me få moglegheiter for nye lokalitetar i planområdet. Der moglegheiter ved fyrste augekast er å finne, vert ein avskorne grunna verneinteresser eller verneplanar. Når planarbeidet vert kokt ned til kor mange prosent av sjøarealet som er avsett til akvakultur, har ein ikkje skjønna kor samansett og komplekst dette er.

Me ser ikkje at planen møter dei nasjonale ambisjonane for vekst i havbruksnæringa.

Me trur fleire av retningslinene vil vanskeleggjera vårt langvarige arbeid med å etablere ein ny og framtidretta lokalitetsstruktur. Ei rekke av retningslinene er for konkluderande og gjev for lite rom til skjønnutøving i dei lokale utgreiingsprosessane. Retningslinene bør gje større rom for interesseavveging mellom behovet for global matproduksjon, lokal sysselsetting og verdiskaping, og omsyna til biologisk mangfald og friluftsliv.

Havbruk er ein viktig del av omstillingsarbeidet Hordaland og vestlandskysten står overfor i åra som kjem, både når det gjeld diversifisering av arbeidsstyrkja, utdanningsval og verdiskaping. Me trur endringane som er skisserte ovanfor vil gjera kystsoneplanen til eit betre arbeidsverktøy i åra som kjem, og bidra til å auke matproduksjonen i Hordaland.

Høyringsforslaget rommar totalt 59 retningsliner, som er 50 retningsliner meir enn Rogaland sin *Regionalplan for sjøareal havbruk* som var til høyring fram til nyttår. Det planarbeidet fokuserte på Rogaland sine moglegheiter som matfylke, den blå åkeren og at havbruksnæringa er ein viktig del av det grøne skiftet.

Me klarar ikkje finne dei same visjonane i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

Med venleg helsing  
**Alsaker Fjordbruk AS**



Kristian Rasberg  
Samfunnskontakt  
kristian.rasberg@fjordbruk.no

Vedlegg 1: Samlaneset, Jondal kommune.



Hordaland Fylkeskommune,

Postboks 7900

5020 Bergen.

Sendt som epost til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

**Høyringsuttale til « Avgrensa høyring av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger» merka 2014/11042.**

Fagrådet for Etnevassdraget er samansett av representantar frå fiskerettshavarane, brukarane/fiskarane og det offentlege. Utvalet har som oppgåve å gi faglege råd og uttalar i saker som gjeld forvaltninga av fiskeresursane i vassdraget, og til tilhøve som påverkar dette.

Me viser til høyringsuttale frå Etne Elveigarlag av 30.9.-15 , og gir vår støtte til denne.

Vidare ynskjer Fagrådet å gi ein tilleggsuttale for mellom anna å gi oppdaterte tal og resultat frå fiskefella i Etneelva.

Til den siste høyringsutgåva har me fyljande merknader.

**3.2 Marint naturgrunnlag.**

På side 13 om villfisk , 2. avsnitt,vert det hevda at vandringsrutene til dei anadrome artane ikkje er kartlagde. Undersøkingar utført av Havforskningsinstituttet viser at utvandrande laksesmolt frå Etneelva er å finna i ei klar vandringsrute frå tidleg i mai. Tilbakevandrande villaks er i fleire år registrert i fiskefella allereie i april, og varer heilt fram til oktober.

På side 14 er det vist til fangsttal frå fiskefella i Etneelva og mellom anna oppgitt uttak av 130 oppdrettslaks. For å gi eit rett bilde av uttaket av rømd oppdrettslaks i elva må ein også ta med fangstane av oppdrettslaks nedanfor fella i fiskesesongen. Vidare må ein også ta med det organiserte utfisket av oppdrettslaks nedanfor fella etter fiskesesongen og etter at fella er teken på land.

Rette tal for 2016 er :

Fiskefella	132 oppdrettslaks
Fangstrapportar frå sesongfiske nedanfor fella	60 oppdrettslaks
Organisert utfiske etter sesongen	46 oppdrettslaks
Sum	238 oppdrettslaks

**4.2 Akvakulturanalyse for laks og regnbogaure.**

På side 28 i avsnittet om analysen og sjukdommar er det viktig å presisera at dette ikkje begrensar seg til berre lakselus og rømd oppdrettslaks.

Havforskningsinstituttet sine undersøkingar av rømd oppdrettslaks i fiskefella i Etneelva viser ein urovekkande høg (ca. 80%) mengde fisk som er smitta , der heile fem ulike sjukdommar er påvist. Bekrefting på dette kan ein få ved å venda seg til instituttet.

#### **4.5 Omsyn i arealplanlegging for akvakultur.**

I siste avsnittet på side 30 vert det hevda at vandringsrutene for anadrome artar ikkje er kjende. Berre dei siste åra er det på dette området gjort undersøkingar som er til stor hjelp , og som teiknar eit klårare bilde av vandringsrutene.

#### **4.7 Konsekvensar av planframlegget.**

Me er uenig i at nye og større område til akvakultur og utviding av eksisterande anlegg er positivt med tanke på villaksen og sjøauren sitt eksistensgrunnlag.

Me er enig i at nye areal i utløpet av Hardangerfjorden kan ha negativ verknad på anadrom villfisk og på vandringsrutene.

Dette er eit klart regionalt ansvar og må ikkje overlatast til snevre lokale særinteresser.

Me vil på det sterkaste protestera mot ei utvikling der det no vert lagt til rette for nye akvakulturområde og utviding av eksisterande anlegg i vandringsruta til Etnelaksen og fleire andre villaksstammer i Hardangefjordsystemet.

Etne 11. mai 2017.

Fagrådet for Etnevasstraget

Vidar Børretzen

leiar

og Fiskarlagets Servicekontor AS avd. Vest

Bergen, 29.03.17

Vår ref.301//17/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 2014/11042-111

Hordaland Fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen

e-mail

## **REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER – AVGRENSA HØYRING**

Viser til dykkar brev av 14.02.17 vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest visar til vår uttale av 23.09.2015, vår ref. 1038/15/BSI/5.7.1.3, til saka.

### **Kap. 1 – Innleiing**

Fiskarane er i utgangspunktet positivt innstilt til anna næring og aktivitet. Samtidig er det ein føresetnad at dette ikkje må kunne øydeleggje viktige gyte- og oppvekstområde, for kvalitet og atferd hos ville marine arter, eller for sjølve fisket. Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona.

På dette grunnlaget meiner Fiskarlaget Vest at fiskerinæringa burde fått likeverdig behandling som plantema som akvakultur, sjøtransport og anna maritim næring, jf. fastsette føremål med planarbeidet. Fiskarlaget Vest stiller spørsmål ved kvifor fiskerinæringa har blitt nedprioritert i dette planarbeidet.

## Kap. 2 – Hovudmål og kap. 3.1 – Delmål Berekraftig kystsoneforvaltning

Fiskarlaget Vest er positiv til hovudmålet om at marine og maritime næringar skal kunne utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige innafor rammene av ei berekraftig utvikling. Fiskarlaget Vest er òg positiv til delmålet om at dei ulike interessene i kystsona skal sikrast god sameksistens, og at naturressursane skal ivaretakast som grunnlag for både bruks- og verneinteresser.

Fiskarlaget Vest meiner planforslaget òg her burde tatt nødvendig omsyn til fiskerinæringa. Fiskeri og akvakultur har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Havbruksnæringa har behov for nye/større lokalitetar, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde i forhold til andre interesser. Fiskerinæringa er i tillegg heilt avhengig av eit rent hav, mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Dette skil fiskerinæringa frå dei fleste andre næringar som utnytter hav- og sjøareal. Etter Fiskarlaget Vest si oppfatning tar denne planen ikkje nødvendig omsyn til fiskeri- og havbruksnæringa sine fundamentalt ulike utfordringar i forhold til arealbruk.

## Kap. 3.2 – Marint naturgrunnlag

Her gjev planforslaget ein mangelfull omtale av oppdrettsnæringa sin påverknad på naturgrunnlaget, særleg på ulike marine artar. Til dømes seier planen ikkje noko som helst om miljøeffektar av ulike legemiddel/kjemikaliar mot lakselus.

Utvikling av resistent lakselus har dei siste åra ført til at ulike legemiddel/kjemikaliar mot lakselus har blitt tatt i bruk i stadig større omfang, og på andre vis, enn tidlegare.

Middel som blir brukt i stort omfang til lusebehandling i Hordaland er mellom anna Diflubenzuron, Emamectin benzoat, Deltamethrin, Azamethiphos, hydrogenperoksid og såkalla «badebehandling med anna virkestoff». Desse kjemikaliane blir både brukt kvar for seg, og i ulike kombinasjonar, jf. [www.barentswatch.no/fiskehelse/](http://www.barentswatch.no/fiskehelse/). Det er no vist at fleire av desse lusemidlane kan vere svært skadelege for reke og andre marine krepsdyr, særleg dersom dei blir brukt i kombinasjon.

Den nye veileiaren for «*Forsvarlig forskrivning og bruk av legemidler*», som ligg til grunn for Mattilsynet og Fiskeridirektoratet sitt pågåande tilsynskampanje, omtalar denne problematikken. Her blir det mellom anna slått fast: «*Ny miljøkunnskap viser at bruk av to eller fleire legemidler i kombinasjon må skje med mye større varsomhet enn det som skjer i praksis. Forskning har vist at reker er betydelig mer følsomme for kombinasjon av legemidler enn når medikamentene blir gitt separat. Andre arter (non-target organismer) kan påvirkes i flere kilometers avstand, også så lenge som 24 timer etter utslipp*». Forsking offentliggjort av Havforskningsinstituttet i januar i år viste at slik bruk av legemiddel kan ta livet av reker ved så lave konsentrasjonar at midla ikkje er mogeleg å påvise ved hjelp av dagens analysemetodar. I tillegg viser nye forskingsresultat frå mellom anna Akvaplan-niva at mindre krepsdyr (raudåte) er enda meir sårbar enn reke og hummar.

Fiskarlaget Vest er særers overraska over at dei store problema i samband med bruk av lusemiddel verken blir omtalt eller vurdert i planen. Fiskarlaget Vest meiner forslaget til regional kystzoneplan også burde lagt kjent og relevant kunnskap om dette til grunn for å avklare interessekonfliktar i kystsonen. Mellom anna burde Havforskningsinstituttets «*Risikovurdering i norsk fiskeoppdrett 2016*» og Akvaplan-nivas «*Kunnskapsstatus om lusemidler og miljøpåverknig*» blitt lagt til grunn for arbeidet.

Fiskarlaget Vest meiner vidare at ein i forslag til plan burde ha forsøkt å definere kva som er akseptabel negativ påverknad frå oppdrettsnæringa på anna næring og marint miljø, ikkje berre i samband med vill laksefisk.

### **Kap. 3.3 – Fiskeri**

I planforslaget står det: «Når fisken står i lås er det eit avgrensa areal som vert brukt, men levering av fisk er arealkrevjande.»

Fiskarlaget Vest meiner at det etter komma bør endrast til «..., men klargjering av lås og ved levering er det behov for større sjøareal.»

Elles er omtala av fiskeria innafor planområdet god.

### **Kap. 3.8 – Konsekvensar av planframlegget**

Kap. 3.8 inneheld ein tabell, som skal beskrive konsekvensar for «berekraftig kystzoneplanlegging». Denne tabellen er svært overordna og fleire punkt er direkte misvisande. Det står t.d. under «positive konsekvensar» at interessekonfliktar er avklara med bakgrunn i dagens kunnskap. Som vist til under kap. 3.2, så stemmer ikkje dette, særleg ikkje når det gjeld miljøeffektar av akvakultur. Under «konklusjon» står det at planen har medverka til god sameksistens mellom dei ulike interessene i kystsona, samt bruk av føre-var-prinsippet. Etter vårt syn stemmer heller ikkje dette med omsyn til fiskeri.

Det som stemmer er at planen legg opp til å sette av fleire/større område til akvakultur, som mest sannsynleg vil legge beslag på brukte og registrerte fiskeområde som er i aktiv bruk. Dette føre til påverknad på villfisk og marine krepsdyr. Etter Fiskarlaget Vest si oppfatning er ikkje dette akseptabelt.

### **Kap. 4 – Akvakultur**

Forslaget til plan viser store ambisjonar om fortsatt vekst og utviklingsmoglegheiter i akvakulturnæringa. Fiskarlaget Vest minner om at både Storting og regjering har slått fast at «miljømessig bærekraft» skal vere fundamentet for vidare vekst. Dette må òg omfatte omsynet til marine artar, marint miljø elles, og fiskeria.

Fiskarlaget Vest minner om at òg fiskerinæringa bidrar stort til aktivitet, verdiskaping og busetting langs kysten. For kvar krone som omsetjast i fiskeria skapast ein omsetnad på kr 3,50 i næringslivet elles. Samtidig bidrar næringa til gode og lønsame arbeidsplasser, både på havet og på land. Den fiskeribaserte verdikjeda hadde i 2014 heile 25.170 årsverk i Noreg. I tillegg kjem fiskerinæringa sine leveransar av avskjer og biprodukt/restråstoff som blir brukt til fiskefôr o.a.<sup>1</sup>.

I Noreg har me svært gode naturgjevne forhold for fiskeri, samtidig som me har ei god forvaltning av dei marine ressursane. Vidare har Noreg dyktige og ansvarlege fiskarar, eit godt samarbeid mellom næring, forvaltning, utstyrsleverandørar og forskingsinstitusjonar som er verdsleiane på fleire område. Fiskeri kan med andre ord fortsatt utviklast vidare som ein av våre viktigaste framtidsnæringar. Den aller viktigste forutsetninga for dette er at me i fellesskap sørgjer for ei fortsatt sterk og lønsam fiskerinæring, gjennom gode og stabile rammevilkår.

Fiskarlaget Vest er einig i at eksisterande oppdrettsanlegg blir sett av til «*Arealsona akvakultur*», forutan der dei kjem inn i område registrert for fiske. Ein må *ikkje* setje av område til «*Arealsona akvakultur og vassdrag generelt: kombinert føremål akvakultur*» der det er fiskeområde eller andre interesser og/eller naturverdiar av betydning.

Ny forvaltningspraksis (m.a. klareringsprosessen for oppdrettslokaliteten «Salatskjæra» i Frøya kommune) medfører at kommunane *ikkje* lenger har råderett i forhold til å avvege mellom arealformåla innfor slike fleirbruksområde (der akvakulturføremålet inngår). Det gjeld òg dersom kommunen ønskjer å prioritera t.d. omsynet til fiskeria, og uavhengig av kva slags retningsliner/bestemmelsar kommunen elles har til planformålet. Fiskarlaget ønskjer derfor at kystkommunane ikkje lenger planegg slike fleirbruksområde.

## Kap. 7 Retningsliner

§ 1.2 foreslår at planen skal ha eit tidsperspektiv på 12 år, og at behov for planrevisjon skal bli vurdert kvart 4. år. Fiskarlaget Vest minner om at planutkastet ikkje er oppdatert på sentrale område, t.d. miljøverknader av akvakultur. Fiskarlaget Vest ber derfor om at planen blir oppdatert *før* den blir vedtatt.

§ 2.1 slår fast at der det er mangelfull kunnskap skal føre-var-prinsippet nyttast. Fiskarlaget Vest er positiv til dette, men ber om at dette også må gjelde for miljøverknader av akvakultur, m.a. bruk og utslepp av ulike legemiddel/kjemikaliar mot lakselus. I tillegg må ein drive forskning for å tette kunnskapsmangelen.

§§ 2.9 og 2.10 slår fast at kommunane skal ta omsyn til kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk, og at trålfelt og prioriterte kaste- og låssetjingsplassar skal sikrast i kommuneplan. Det er positivt. I tillegg må òg kartlagde og viktige fiskeområde for andre fiskereiskap sikrast i kommuneplanane. Fiskarlaget Vest minner òg om at Fiskeridirektoratet har eit ansvar for å sikre

<sup>1</sup> Betydningen av fiskeflåten - Analyse av fiskeflåtens bidrag til samfunnsøkonomisk verdiskaping. SINTEF-rapport A27818 – 2016.

regionalt/nasjonalt viktige gyte- og oppvekstområde og fiskeområde, medan kommunane har ansvar for å sikra lokale fiskeriinteresser. Det er òg viktig at område som blir nytta av framandfiskarar blir ivaretatt.

§ 3.3.1 Fiskarlaget Vest forutset at det i arealanalyse som ligg til grunn for planlegging av nye område for «*Arealsoner Akvakultur og Sjø og vassdrag inklusiv akvakultur*» er tatt omsyn til kartlagde fiskeområde, inkl. aktiv og passiv reiskap. Viser til, som tidlegare uttalt, at me ikkje har vurdert dei einiskilde karta.

Som vist til under kap. 4 – Akvakultur, så har ny forvaltningspraksis ført til at ein *ikkje* lenger bør setje av fleirbruksområde inkludert akvakultur der det er fiskeområde eller andre interesser og/eller naturverdiar av betydning.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest



Britt Sæle Instebo

Kopi: Lokallaga i Hordaland  
Fiskeridirektoratet region Vest  
Fylkesmannen i Hordaland

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 BERGEN

hfk@hfk.no

Bekkjarvik 29.03.2017

## **Høyringsvar Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger Dykkar ref. 2014/11042**

Visar til tidlegare høyring i perioden mai 2015 – oktober 2015, der Lerøy Sjøtroll kom med innspel til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger datert 30.09.2015, samt avgrensa høyring februar – mars 2017. Lerøy Sjøtroll setjar oss sterkt imot ein slik plan, og me ber om at denne planen ikkje vil vert vedtatt.

Når me har lagt lokalitetsstrukturen til LS har me måtta ta omsyn til gjeldande kystsoneplan for dei einsskilte kommunane og at me har ein jamn fordeling av lokalitetar i dei ulike brakkleggingssonene i det aktuelle området. Å endra på lokalitetsstrukturen er enormt kostnadskrevjande og tek lang tid å få endra. Det er også viktig at rammevilkåra vert føreseieleg og at ein har nødvendig fleksibilitet til å møte nye framtidige utfordringar/endringar av havbruksnæringa.

Rammevilkåra frå myndigheitene styrer utviklinga i Havbruksnæringa, og dei har eit mål at Norge skal verta verdas største havnasjon, og at det dermed skal leggjast best mogleg til rette for vekst i næringa innanfor ei ramme av økonomisk, sosial og miljømessig bærekraft. Kystsoneplanen for Sunnhordland og Hardanger har ikkje tatt med seg dei nye rammevilkåra som myndigheitene er i ferd med å innføra i denne regionen, og dette reduserer fleksibiliteten og føreseielegheita for Havbruksnæringa til å tilpassa seg dei nye rammevilkåra og derfor må Lerøy Sjøtroll be om at planen vert utsatt/avvist.

Dei nye rammevilkåra som påverkar drifta for Havbruksnæringa i regionen er:

- Nærings- og Fiskeridepartementet har innført Produksjonsområder (PO) i Norge med verknad frå 01.10.2017 – her legg ein opp til å dela Norge i 13 ulike produksjonsområder, der selskapa må plassera dei ulike løyva inn i eit PO. Her vert lus på villfisk ein indikator på om ein får vekst eller reduksjon av løyva innanfor dei ulike PO ved å gje raudt (reduksjon), gult (uendra) eller grønt lys(vekst). Dette tiltaket veit ein ikkje verknaden av ennå og er ikkje tatt omsyn til i Kystsoneplanen.
- Mattilsynet har vil fjerna soneforskrifta som gjeld i Sunnhordland og Hardanger. Dette er ei forskrift som vart svært dyr for Havbruksnæringa i området og den delar inn områda i soner med ulik tidspunkt for brakklegging av anlegga. I framtida vil



Mattilsynet at selskapa skal samarbeida om å brakklegga lokalitetar i eit område samtidig, og dette skal søkjast om gjennom Driftsplansøknadane. Det vil også verta kravd min. 5 km. Buffersoner mellom dei ulike brakkleggingsområda og dette er dermed ikkje tatt høgde for i forslag til Kystsoneplanen

- Fylkesmannen vil innføra Marine verneområde – Korsfjorden – ytre Hardangerfjorden – Lurefjorden. Det føreslåtte området i Korsfjorden vil påverka 5 store lokalitetar som Lerøy Sjøtroll disponerer i området. Her skal Fylkesmannen i ettertid utarbeide forvaltingsplan – Der det er eksisterande verneområde som går ut eller ned til sjøen, føreslår Fylkesmannen å trekkja grensa slik at tidevassona vert inkludert, elles vert det marebakken på 2 meters djupne. Indre Korsfjorden frå Eldjarnet går grensa mot djupnekote 100m. – Ein vil verna sjøbotn – strandsone – vassøyla – vassoverflata. Dette vert lite føreseieleg og på sikt ser ein ikkje muligheit til å utvikla lokalitetane i dette området og det vil leggja press på andre områder i regionen og dette er heller ikkje tatt omsyn til i regional Kystsoneplan.
- Kommunaldepartementet er i ferd med å utarbeida veileder for planarbeid i sjø, og det bør derfor vera viktig å venta med å vedta ein slik kystsoneplan, slik at ein kan nytta ein slik veileder i planarbeidet.
- Summen av alle endringane i rammevilkår for Havbruksnæringa gjev store utfordringar, og verken myndigheter eller næringa veit korleis desse endringane vil påverka kvarandre og vedlagt ligg eit kart der me prøver å illustrera kva utfordringa Havbruksnæringa i dette området står ovanfor.

Viss Fylkeskommunen ikkje stanser den føreslåtte planen, vil me be om at det vert gjort ein god del endringar:

- Områda kalla «grøn struktur landskapsområde» er alt for stor og omfattande der det i dag allereie er næringsliv og busetting. Dette vil hindra utviklinga både på land og sjø i desse lokalmiljøa og næringslivet her. Lerøy Sjøtroll vil nemna tre viktige områder som Fylkeskommunen må redusera omfanget av og det er Område 1 Marsteinen – Skorpo (Austevoll kommune), Område 2 Møgster – Skoltafjorden – Fugløya (Austevoll kommune) og Område 3 Fitjarøyane (Fitjar og Bømlo kommune). I desse nemnde områda har Lerøy Sjøtroll fleire lokalitetar som kan verta sterkt påverka i rammevilkåra og i område 3 ligg også Brandasund Fiskeforedling ideelt til langt ut mot havet men med innføring av landskapsområde vert det vanskeleg/umuleg å tilpassa denne bedrifta til framtidige krav, og som i dag har om lag 100 arbeidsplassar.
- I retningslinjene til planen må punkt 1.3 som gjeld motsegnrett takast ut av planen.
- Punkt 2.16 må endrast slik at kommunen har muligheit til å tildela sjøareal til havbruksføremål når dei finn det tenleg, utan at det føreligg teknologiske nyvinningar eller at området skal øyremerkast til nye artar.
- Punkt 3.5 må endrast slik at fortøyingar kan leggjast i areala som er karakterisert som sjø- og vassdrag generelt. Dette for at framtidig utviding av AK område gjennom kommuneplanvedtak kan gjerast i desse områda. Slik forslaget ligg nå vert det vanskeleg å få færre og større lokalitetar, grunna slike avgrensingar.



Slik høyringsplanen er utforma i dag, kan ikkje LS gå for ein slik felles Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. LS meiner denne planen ikkje tek omsyn til dei muligheiter som ligg i framtidig havbruk. Dermed vert forskjellen i rammevilkåra samanlikna med resten av næringa i Norge enda større enn i dag.

Vedlegg:  
-kartvedlegg til høyringssvar LS

Med venleg helsing  
for Lerøy Sjøtroll

Nils Arve Eidsheim  
Samfunnskontakt Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Bergen 12.05.2017

## **Høringsuttale til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Ref: 2014/11042**

Vi viser til høringsforslag for Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger som er utlagt til 2. gangshøring med utsett frist til 12. mai 2017, og vårt brev med 1.gangs høringsuttale datert 30.09.2015. Salmon Group syner og til 1. og 2. gangs høringsuttaler frå Sjømat Norge som vi støtter.

Salmon Group er eit nettverk for lokaleigde oppdrettsselskap, og representerer ein rekke verksemdar i regionen Sunnhordland og Ytre Hardanger, som er ein levande kystregion, med eit mangfald av bedrifter innanfor kystnæringane havbruk og fiskeri.

Verdiskaping, sysselsetjing og busetnad er basert på at desse bedriftene får leve og utvikle seg, og at nye får kome til. Vi vil og særleg støtte høringsuttalene frå kommunane Austevoll, Fitjar og Tysnes, som bringer fram viktige moment i så måte. Dei tre kommunane representerer viktige oppdrettskommunar i regionen.

Vi har i tidlegare brev gitt uttrykk for at føreslegne marine verneområde og avgrensingar i regional kystsoneplan vil kunne medføre at næringa i regionen vil kome negativt ut i arbeidet med å utvikle seg vidare. Det vil vere lite samfunnsøkonomisk berekraftig med tanke på utvikling av regionen og i strid med føremålet med planarbeidet, som er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.

Det føreliggande utkast til Regional kystsoneplan har gjennomgått fleire revisjonar og vi er glad for at det i planforslaget er lagt ut fleire områder for akvakultur. Planforslaget er likevel enno ikkje godt nok til at vi kan tilrå at planen vert vedteken slik han ligg føre. Etter vår meining er det også feil tidspunkt å vedta ein slik plan på.

Ut i frå dette, vil vi be om at endeleg vedtak for planen vert utsett med fylgjande grunngjeving:

- Styresmaktene har vedteke å innføre ny sonestruktur for mulig vekst som vil ha innverknad på heile næringa i planområdet, og det er uheldig å utarbeide kystsoneplan som ikkje er basert på erfaring frå denne soneinndelinga. I tillegg er utstrekning av marine verneområder uavklart og Mattilsynet sine avstandskrav under utgreiing.
- Kommunaldepartementet er i ferd med å utarbeida rettleiar for planarbeid i sjø, og det kan vera føremålstenleg å basera planarbeidet på det som vil vera resultatet av dette arbeidet.

Dersom endeleg vedtak ikkje vert utsett, vil vi be om at det for havbruksnæringa sin del vert føreteken endring og omsyn når det gjeld fylgjande punkt i retningslinjene for planen:

- Verneområda er for store og omfattande, dei vil hindre utvikling både på land og sjø for næringsliv og befolkning.
- Planen bør og må brukast som kunnskapsgrunnlag, men ikkje vedtakast som bindande/ førande for kommunal planlegging.
- Verneområda som er føreslegne i planen må sjåast i samanheng med Marin Verneplan og innrettast slik at verna areal totalt sett vert mindre i omfang. Det er og uklart korleis ny sonestruktur påverkar reelt tilgjengeleg areal, og kystsonen må også vurderast opp mot konsekvensar av dette etter at dei konkrete verknader av ny sonestruktur er kjent og implementert.
- I retningslinjene til planen må punkt 1.3 som gjeld motsegnstakast ut av planen.
- Punkt 2.16 må endrast slik at kommunen har moglegheit til å tildela sjøareal til havbruksføremål når dei finn det tenleg utan at det føreligg teknologiske nyvinningar eller at området skal øyremerkast til nye artar.
- Punkt 3.5 må endrast slik at fortøyingar kan leggjast i areala som er karakterisert som sjø- og vassdrag generelt og slik at framtidig utviding av AK område gjennom kommuneplanvedtak kan gjerast i desse områda.

Vi har fylgjande framlegg til konkrete endringar av verneområder:

- Utstrekninga av arealsone i Fitjarøyane må reduserast.
- I Brandasund vil føreliggjande forslag avgrense utviding av foredlingsanlegget der, og vi ber om at det vert lagt inn areal som gjev moglegheit for utviding av dette anlegget på land.
- I nordre og vestre delar av Austevoll er altfor store delar av sjøarealet foreslått som verneområde. Dette må reduserast monaleg.
- Vi er samd i at sårbare område skal ivaretakast, men vernetanken i dokumentet er framleis framtrudande og bør balanserast meir mot omsynet til og behovet for næringsutvikling.

## **Konklusjon**

Innhaldet i plandokumentet samsvarar framleis ikkje med planen si målsetjing på vesentlege punkt. Det er med omsyn til uavklarte forhold omkring marine verneområder og ny sonestruktur, ikkje rett tidspunkt å vedta endeleg plan på.

Vi ber primært om utsetjinga av endeleg vedtak av planen, subsidiært om endring av ovannemnde punkt før vedtak.

Salmon Group vil oppmode Hordaland Fylkeskommune om å ta ein offensiv rolle i utviklinga av havbruksnæringa i regionen. Ein bør sikre areal både for vekst i lakseoppdrett og andre artar. Kystsonen vil bli viktig dyrkingsareal for fleire artar ein dei vi nyttar han til i dag, og vår evne til å utvikle kystnæringane vil vere avgjerande for busetnaden langs kysten.

Med helsing  
Salmon Group AS

Anne Kristine Øen  
Administrerende direktør



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Bergen, 29.03.2017

## **Høyringsuttale til Regional kystsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Ref: 2014/ 11042**

Vi viser til høyringsforslag for Regional kystsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger som er utlagt til 2. gangshøyring med høyringsfrist 29. mars 2017, vårt brev med 1.gangs høyringsuttale datert 30.09.2015, kommentarbrev datert 30.09.2016 og fleire møter om planen.

Havbruksnæringa er stor og stadig viktigare for landet og regionen, og det er eit mål frå styresmaktene si side at det skal tilretteleggjast best mogeleg for vekst i næringa innanfor ei ramme av økonomisk, sosial og miljømessig bærekraft. Vi har i tidlegare brev gitt uttrykk for at forvaltning av havbruksnæringa bør kjenneteiknast av føreseieleg regulering og nødvendig fleksibilitet.

Det føreliggjande utkast til Regional kystsonesplan har gjennomgått fleire revisjonar og er no meir i tråd med forventningar frå havbruksnæringa, og vi er glad for at det i planforslaget er lagt ut fleire områder for akvakultur. Planforslaget er likevel enno ikkje godt nok til at vi kan tilrå at planen vert vedteken slik han ligg føre.

Etter vår meining er det også feil tidspunkt å vedta ein slik plan på

Utfrå dette vil vi be om at endeleg vedtak for planen vert utsett med fylgjande grunngeving:

- Styresmaktene har vedteke å innføre ny sonestruktur for mulig vekst som vil ha innverknad på heile næringa i planområdet, og det er uheldig å utarbeide kystsonesplan som ikkje er basert på erfaring frå denne soneinndelinga. I tillegg er utstrekning av marine verneområder uavklart og Mattilsynet sine avstandskrav under utgreiing.
- Kommunaldepartementet er i ferd med å utarbeida veileder for planarbeid i sjø, og det kan vera føremålstenleg å basera planarbeidet på det som vil vera resultatet av dette arbeidet

Dersom endeleg vedtak ikkje vert utsett, vil vi be om at det for havbruksnæringa sin del vert føreteken endring og omsyn når det gjeld fylgjande punkt i retningslinjene for planen:

- Verneområda er for store og omfattande, dei vil hindre utvikling både på land og sjø for næringsliv og befolkning
- Planen bør og må brukast som kunnskapsgrunnlag, men ikkje vedtakast som bindande/ førande for kommunal planlegging

- Verneområda som er føreslegne i planen må sjåast i samanheng med Marin Verneplan og innrettast slik at verna areal totalt sett vert mindre i omfang. Det er og uklart korleis ny sonestruktur påverkar reelt tilgjengeleg areal, og kystsonenplanen må også vurderast opp mot konsekvensar av dette etter at dei konkrete verknader av ny sonestruktur er kjent og implementert
- I retningslinjene til planen må punkt 1.3 som gjeld motsegnrett takast ut av planen
- Punkt 2.16 må endrast slik at kommunen har mulighet til å tildela sjøareal til havbruksføremål når dei finn det tenleg utan at det føreligg teknologiske nyvinningar eller at området skal øyremerkast til nye artar.
- Punkt 3.5 må endrast slik at fortøyningar kan leggjast i areala som er karakterisert som sjø- og vassdrag generelt og slik at framtidig utviding av AK område gjennom kommuneplanvedtak kan gjerast i desse områda.

Vi har fylgjande forslag til konkrete endringar av verneområder:


- Utstrekninga av arealsone i Fitjarøyane må reduserast
- I Brandasund vil føreliggjande forslag avgrense utviding av foredlingsanlegget der, og vi ber om at det vert lagt inn areal som gjev muligheter for utviding av dette anlegget på land
- I nordre og vestre delar av Austevoll er altfor store delar av sjøarealet foreslått som verneområde. Dette må reduserast monaleg
- Vi er samd i at sårbare område skal ivaretakast, men vernetanken i dokumentet er framleis framtreddande og bør balanserast meir mot omsynet til og behovet for næringsutvikling

### **Konklusjon**

Innhaldet i plandokumentet samsvarar ennå ikkje med planen si målsetjing på vesentlege punkt. Det er heller ikkje rett tidspunkt å vedta endeleg plan på.

Vi ber primært om utsetjinga av endeleg vedtak av planen, subsidiært om endring av ovannemnde punkt før vedtak.

Med helsing  
Sjømat Norge

  
Hans Inge Algrøy  
Regionsjef Havbruk Vest



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

